HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Komite for oppvekst
**Møtestad:** Formannskapssalen Herøy rådhus
**Dato:** 05.06.2013
**Tid:** 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Leiar for skuleavdelinga Sølvi L. Remøy vil ha ei drøfting kring F-sak 248/10 Krinsgrenser og skuleval.

Fosnavåg, 30.05.13

Linn Therese H. Sævik
leiar

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 9/13 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 10/13 | Protokoll frå førre møte |
| PS 11/13 | Tertialrapport per 01.05.2013. |
| PS 12/13 | Årsrapport 2012 |

PS 9/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 10/13 Protokoll frå førre møte

PS 11/13 Referatsaker.

HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2012/381 |
| | | Arkiv: | 210 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Komite for Helse og omsorg | |
| | Komite for næring, kultur og idrett | |
| 12/13 | Komite for oppvekst | 05.06.2013 |
| | Maritim og teknisk komite | |
| | Formannskapet | |
| | Kommunestyret | |

**TERTIALRAPPORT PER 01.05.2013.**

**Tilråding:**

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Revisjonen

## Vedlegg:

- Løpande drift og prosjekt
- Planoversikt

## Saksopplysningar:

**Saksopplysningar:**
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

**Sjukefråvær**
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:
*"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."* Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.
IA- avtalen vart resignert i desember 2010. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen. Ny avtale gjeld til 31.12.2013.

**Vedtaksrapportering**
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

**Tenesterapportering**
Denne rapportering omfattar **avvik** i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

**Prosjektrapportering**
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast. Når det gjeld rapporteringa elles, har eg merka meg følgjande hovudpunkt:

**Vurderingar:**

**Organisasjon**
Sjukefråveret har hatt ei positiv utvikling.

**Vedtak**
Det er arbeidd med oppdatering av vedtaksloggen, men han er likevel ikkje tilfredsstillande oppdatert. Dette vil vere ei prioritert oppgåve ved neste rapportering.

**Teneste**
<u>Anlegg og drift</u>
- Avdelinga har ikkje tilstrekkeleg ressursar til å yte tilfredsstillande tenester på dei ulike områda.
- Kommunen har inngått avtale med Ålesund hamnevesen for å få på plass tiltak for ISPS- godkjenning på Mjølstadneset.
- Avdelinga har ikkje kapasitet til å følgje opp alle bygge- og anleggsprosjekt i budsjettet.

<u>Barnehage</u>

- Kommunen har ikkje tilfredsstillande barnehagedekning i indre delen av kommunen.
- Det er avsett midlar til planlegging av ny barnehage i 2013.

Barn, familie og helse

- Barnevernet opplever at saker rapporterast tidlegare, og tilskriv dette mellom anna eit godt tverrfagleg arbeid blandt barn og unge. Fylkesmannen har tildelt kommunen 60% stilling til styrking av barnevernet.
- Skulehelsetenesta er meir til stades i skulane enn tidlegare og har eit aktivt arbeid særleg med ungdomsgruppa.
- Innan psykisk helsevern er det sett særskilt fokus på unge brukarar, særleg ved etablering av "ungdomsgruppe" på dagsenteret.
- Samhandlingsreformen har tildels skapt ufordringer i forhold til pasienter med større behov for helsehjelp. Stor pågang på opptrening etter sjukehusopphold og lange ventelister for mange pasientgrupper hos fysioterapeutene.
- Det er tilsett lege i den ledige fastlegeheimelen og med det ei von om at legesituasjonen i kommunen skal verte meir stabil. Ø-hjelp døgntilbodet vil også då kunne starte opp.

Eigedom

- Sakshandsamingsansvaret for bustad- og næringstomter vart frå 01.06.2012 overført til Servicetorget.

NAV Herøy

- Ny seksjonsleiar er tilsett med oppstart 24. april 2013. Vedkommande vil ha ansvar for rus, bustadsosial teneste, flyktningtenesta og Husbankens låneordningar, og rapporterar til NAV-leiar.
- NAV Herøy er med som nasjonal pilot i utprøving av ei rettleiingsplattform i NAV. Målet er at dei tilsette skal få eit godt og enkelt verktøy i kvardagen som skal gi betre oppfølging av brukarar.
- Det er inngått samarbeid med Herøy vidaregåande skule om oppfølging av elevar som står i fare for å avslutte skulegang.
- Det er stor aktivitet knytt til det kommunale rusarbeidet, med deltaking i DUGNAD, planlegging av kommunalt russeminar og oppstart av ruspolitisk handlingsplan.

Pleie og omsorg

- Kommunen tek tilbake utskrivingsklare pasientar fortløpande, og arbeidspresset har auka som følge av fleire og meir komplekse pasitentar. Dette har hatt ein vedvarande auke, og nokre av leiarane rapporterer at det er slitasje blant dei tilsette. Vi må setje inn meir folk der det er nødvendig for å ivareta fagleg forsvarleg drift. Vi går gjennom rutiner for å vurdere interne tiltak, og vil vurdere behov for permanent auke i stillingar i samband med budsjettarbeidet.
- Der er mange kreftsjuke som får hjelp i heimen, nokre med avansert behandling. Sjukepleiarane våre har god erfaringskompetanse, men kommunen mangler kreftsjukepleiar.
- Kommunen skal etablere eit døgntilbod på øyblikkelig hjelp i to senger ved Myrvåg omsorgssenter avdeling A, forhåpentligvis frå 1.09.13. Personalet har arbeidd med rutiner, fått opplæring og det er gjennomført utstyrskjøp etter dei krava som ligg i avtalen med Helseføretaket.

Skule

- Talet på minoritetsspråklege elevar med særskild norskopplæring aukar.
- Det er ei dobling i talet på born med spesialpedagogisk hjelp i barnehage.
- Det er stor auke i spesialundervisning i grunnskulen.

Utvikling

- Sakshandsamingstida i bygge- og delesaker har gått ned.

**Prosjekt**

- Ein del eldre prosjekt kan no avsluttast også økonomisk.

**Lokalsamfunn**

- Kommunen er inne i ei positiv utvikling i forhold til utvikling av lokalsamfunnet på dei fleste områda.
- Samfunnsdelen av kommuneplanen vert ein viktig planreiskap for utvikling av lokalsamfunnet.

Fosnavåg, 28.05.2013

Erlend Krumsvik                                        Olaus-Jon Kopperstad

# ORGANISASJON

## Hovudmål

- Medarbeidarane trivest og er motiverte.
- Organisasjonen er effektiv og nyskapande når det gjeld tenesteyting og internadministrasjon.
- Sjukefråver som fylgje av arbeidsmiljøet skal ikkje førekome.
- Nærværsprosent på 92 i 2013
- Avgrense tidlegavgang frå arbeidslivet

| **Avdeling** | **Totalt 1. tertial 2013** | Korttid 1. tertial 2013 | Langtid 1. tertial 2013 |
|---|---|---|---|
| Personal og org. | **15,04** | 3,13 | 11,90 |
| Økonomi | **2,54** | 2,54 | 0 |
| Fellessekr. | **3,69** | 3,69 | 0 |
| Rådm./ ass.rådm. | **0,61** | 0,61 | 0 |
| IKT | **12,38** | 0,91 | 11,46 |
| Servicetorget | **7,61** | 1,45 | 6,17 |
| Utviklingsavd | **0,54** | 0,54 | 0 |
| Barnehage | **14,79** | 3,39 | 11,41 |
| Grunnskule | **7,30** | 2,30 | 5,0 |
| Anl. og drift | **1,52** | 1,52 | 0 |
| Brannvern | **2,05** | 1,96 | 0,09 |
| Helse | **2,84** | 1,04 | 1,80 |
| Pleie og oms. | **11,48** | 2,89 | 8,59 |
| Bu og hab. | **14,97** | 2,83 | 12,14 |
| Barnevern | **13,76** | 3,38 | 10,38 |
| Kultur | **8,25** | 2,99 | 5,26 |
| Eigedom | **7,42** | 3,72 | 3,70 |
| NAV kommune | **21,54** | 1,61 | 19,93 |
| **Totalt fråvær** | **9,47** | **2,56** | **6,91** |

Sjukefråværet for første tertial viser, ein oppgang frå tredje tertial 2012. Dette er helt i tråd med tendensen dei siste åra. Samanlikna med første tertial 2012 ligg vi omtrent på same fråværsprosenten.

| | **1. tertial** | **2.tertial** | **3.tertial** | **Totalt** |
|---|---|---|---|---|
| 2007 | 10,7 | 8,4 | 9,7 | 9,7 |
| 2008 | 10,3 | 7,3 | 8,3 | 8,6 |
| 2009 | - | 8,6 | 9,4 | - * |
| 2010 | 10,6 | 9,0 | 9,5 | 9,7 |
| 2011 | 9,86 | 7,17 | 7,91 | 8,4 |
| 2012 | 9,40 | 6,93 | 8,62 | 8,3 |
| 2013 | 9,47 | | | |

* 1. tertial 2009 og total 2009 er ikkje tilgjengeleg grunna overgang til nytt økonomi- og lønnssystem det året.

# VEDTAKSRAPPORTERING

## Anlegg og drift

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| K-sak 45/07 | | Økonomisk avslutning Holmsild uteområde og steinmur ved Fosnavåg gjestebrygge | Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak om ferdigstilling av nedkøyrsle til Holmsild parkering og andre nødvendige tiltak i samband med uteområdet kring Holmsild. | Anleggs- og driftsavdelinga |

## Barnehage

| **Saksnr.** | **Møtedato** | **Sakstittel** | **Framdrifts plan** | **Tiltak** | **Ansvar** |
|---|---|---|---|---|---|
| K-sak 57/13 | 25.04.13 | Barnehageopptaket 2013. Behov for bemanningsauke i Myrsnipa og Leikanger barnehage. | Barna har fått tildelt plass, og det er sendt ut tilbod om 2 stillingar. | Auka lønskostnader vert hausten 2013 dekt frå bunde fond. | Barnehageavd. |

## Barn- familie og helse

Ikkje noko rapportert.

## Bu og habilitering

Ikkje noko rapportert.

## Eigedom

Rapporten er ikkje fullstendig.

| SAK | MØTEDATO | SAKSTITTEL | FRAMDRIFT | TILTAK | ANSVAR |
|---|---|---|---|---|---|
| K-sak 162/12 | 27.09.2012 | Strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg | Det er avtalt intern oppfølgingsmøte fredag 5. oktober for oppfølging av vedtakspunkta i saka. | Arbeidstilsynet er orientert om Kommunestyrets vedtak. | RMY |
| | | | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| F-sak 161/12 | 08.05.2012 | Retningslinjer for sal av kommunal eigedom | Servicetorget har overteke ansvaret for sal av bustad- og næringstomter. | Dei aller fleste bustadtomtene er no oppmålt og frådelt.<br><br>Eigedomsavdelinga arbeidar med å avslutte sakene som kom inn før 01.06.2012. | RMY |
| F-sak 136/12 | 11.04.2012 | Bygg- og System AS – søknad om erverv av næringstomt på Mjølstadneset | | Tomta er oppmålt og frådelt og blir overskøyta så snart kjøpar har betalt faktura. | RMY |
| F-sak 137/12 | 11.04.2012 | Bass Brothers AS – søknad om erverv av næringstomt i Dragsund | Tomtesøkar har fått reservert tomta i 1 år. | Avventer eventuell søknad om tildeling av tomta. | RMY |
| F-sak 138/12 | 11.04.2012 | Etablering av lagerbygg for driftsseksjonane i Anlegg- og driftsavdelinga og Eigedoms-avdelinga | Saka er avslutta.<br><br>Rubbhallen ved Fristadbygget blir ståande til disposisjon for eventuelle leigetakarar i Fristadbygget. | | RMY |
| K-sak 41/12 | 22.03.2012 | Bergsøy skule – plan for vidare drift – framtidig situasjon | | Saka er oversendt til politisk handsaming | RMY |
| **F-sak** 95/12 | 28.02.2012 | HA Bygg AS – søknad om erverv av industritomt på Mjølstadneset | | Under arbeid<br>Tomta er under frådeling | RMY |

## Fellessekretariatet
Ikkje noko rapportert.

## IKT
Ikkje noko rapportert.

## Kultur

**Kulturavdelinga**

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|---|
| F-sak 14/08 | 05.02.08 | Planlegging av ungdomshus | Er med i vurderinga av det vidare arbeidet i høve utbygginga i kulturhusområdet | Prosjektkomite 3 har avslutta sitt arbeid. Rapport 05.02.09 ligg føre | Kultur |
| K-sak 81/09 | 11.06.09 | Rapport frå politisk komite 3: Framtidig organisering av kulturhuset og kulturarbeidet | Vedtaket er utforma i 12 pkt. | Ei arb.gruppe frå form.skapet saman med adm. skal utarbeide forslag til vidare handsaming. Ikkje avslutta. | Kultur |
| K-sak 68/10 | 25.03.10 | Utbyggingar og framtidig organisering av kulturarbeidet | Ny sak når prisjustert forprosjekt ligg føre. | Adskilt eigarskap, samarbeid drift, avvente event. foretaksorg. | Kultur |
| K-sak 116/10 | 26.08.10 | Utbygging av badeland og rehabilitering av kulturhuset – Informasjon og føringar | Med bakgrunn i søknad, vurdere økonomisk deltaking i budsjett og økonomipl | Administrasjonen skal vurdere/ utgreie fleire alternative løysingar. Rehabilitering ikkje avslutta | Rådm |
| F-sak 134/12 | 11.04.12 | Opplevingskort for Søre Sunnmøre | Herøy skal vere med å etablere opplevingskort i samarbeid med Fylket | Det skal gjerast avtalar med ulike opplevingsinstitusjonar. Ikkje gjort | Kultur |
| F-sak 236/12 | 03.07.12 | Mellombelse bygningsmessige tiltak i kulturhuset | Saka sendt over til styret for kulturhuset | Ikkje avklara | Eigedom |
| F-sak 11/13 | 22.01.13 | Tilskot til kystlaget til sikring av gamle filmar og bilete | Kystlaget har alt starta arbeidet | Tilskot innvilga | Kultur |
| F-sak 60/13 | 12.03.13 | Prosjektmidlar til Ishavsmuseet | Kommunen medfinansierer Ragnar Thorseth-utstillinga ”Levd liv” i Ishavs-museet på Brandal | Tilskot innvilga | Kultur |
| F-sak 68/13 | 09.04.13 | Ferdiggjering av Tennisflate i Aktivitetsparken v Kulturhuset | Kommunen skal vere med å sluttfinansiere arbeidet | Kommunen skal koordinere arbeidet | Kultur |
| F_sak 69/13 | 09.04.13 | Justering av nærmiljøplanen for idrett og aktivitet mv | Tjørvåg Aktivitetspark får kome med i handlingsplanen | TIL ynskjer å søkje om førehandsgod-kjenning av planar | Kultur |
| K-sak 32/13 | 28.02.13 | Justering av ordinær handlingsplan for | Heid Turløyper vert flytta frå nærmiljø-til ordinær ordning. | Spelemidlane skal forskotterast | Kultur |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | idrett og friluftsliv | | | |
| K-sak 57/13 | 25.04.13 | Drøfting av retnings-linene for kulturmidlar | Retningslinene skal vere uendra. | Næring, kultur og idrettskomiteen skal gjere vedtak | Kultur |

## Personal - og organisasjonsavdelinga

| Saksnr. | Møtedato | Sakstittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| K- sak 189/10 | 16.12 | Kompensa-sjon for bruk av eigen bil i teneste – retningsliner. | 2013 | Retningslinene vert evaluert og revidert i administrasjons-utvalet når endringar i SGS 1001 § 4 ligg føre | **Personal- og organisasjonsavdelinga** |

## Pleie og omsorg

Ikkje saker

## Skule

| Sak | Dato | Tittel | Framdriftsplan | Tiltak | Ansvar |
|---|---|---|---|---|---|
| K-sak 25/13 | 28.02. | Tilstandsrapport for Herøyskulen 2012 | - | - | - |

## NAV Herøy

Ikkje noko å rapportere

## Utvikling

**Vassforsyning og vassressursar**

F-sak 76/02: Samanslåing av Stemmedal Vasslag AL og Leikanger Vasslag PL

Som det går fram av F-saksnummeret så har denne saka pågått i svært mange år. I april 2008 vart det litt meir aktivitet omkring saka og det vart halde eit møte mellom kommunen og vasslaga. Vasslaga ville så drøfte saka i sine respektive årsmøte og der etter ta nærare kontakt med kommunen for vidare oppfølgjing, politiske behandlingar, m.v. I desember 2008 kom det så ei tilbakemelding frå vasslaga der dei i eit felles oppsett skisserar ein del vilkår for samanslåing. Kommunen har vidare foreteke ein del interne avklaringar, eit forslag har vore framlagt for vasslaga og saka er også drøfta i formannskapet. Det ligg enno ikkje føre noko konkret og endeleg semje om samanslåinga. I mai 2011 har formannskapet (133/11) og kommunestyret (63/11) handsama spørsmålet om oppgjer av restgjeld til Leikanger vassverk. Av vedtaket går det fram at Leikanger Vassverk skal betale inn kr 427 000.- som endeleg oppgjer for eit rentefritt lån, pålydande kr 1 027 017. Kommunestyret har godkjend at det resterande lånet kr 600 017.- vert avskrive. Leikanger vassverk har innbetalt restbeløpet den 25 mars 2011. Det er halde møter med begge vassverka for å sikre ei vidare framdrift i saka i siste tertial.

Stemmedalen og Leikanger vassverk vart sammenslege den 18.10.12 jfr. Brønnøysundregisteret. Det nye vasslaget er ført opp i registeret som STEMMEDAL VASSLAG SA og har følgjande formål:

Vasslaget skal syte for tilfredsstillande vassforsyning på Tjørvåg, Myrvåg, Dragsund og Leikanger og tilstøytande områder til husbruk og næringsføremål medrekna fiske og brannvatn. Føretaket bygger ut anlegg med hovud- og stikkleidningar med nødvendige brannvatn-uttak fram til avtalte tilknytningspunkt for medlemmane sine private vassleidningar. Private vassleidningar skal byggjast og vedlikehaldas av medlemmane, men vasslaget fastset kvalitetskrav som må oppfyllast for å få knyte seg til vasslaget sitt leidningsnett.

Saka blir teke ut av rapporten ved neste rapportering

## Økonomi

Ikkje noko å rapportere

# TENESTENE

## Hovudmål:

- Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket.
- Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad.
- Brukarane er tilfredse med tenestene.

## Anlegg og drift

Ansvar 5111 Anlegg og drift

**Generelt:**
Alle tenestene innan drifta som Anleggs- og driftsavdelinga er tillagt ansvaret for er tenester som opptek folk flest, næringsliv, lag og organisasjonar. I mange høve vil kvaliteten på desse tenestene vere det desse forbind med god eller dårleg service frå kommunen si side. Sjølv om fleire av tenestene har vorte vesentleg forbetra dei siste åra, er det langt igjen før ein kan seie at servicenivået er på eit akseptabelt godt nivå. Bakgrunnen er i hovudsak at aktiviteten må prioriterast innanfor avgrensa ressursar.

**Idrett (Ansvar 5125) (JRG)**
Tenesta omfattar ulike friområde, Bergsøy stadion, Bergsøy kunstgrasbane, Tjørvåg kunstgrasbane, Leikongsætra turlysløype og Munkvoll stadion på Moldtustranda.

Generelt:
Grasbana på Bergsøy stadion er no oppgradert ved at også den har fått kunstgrasdekke. Løpebaner har rimeleg god kvalitet etter at det vart lagt nytt dekke for nokre få år sidan. Kommunen eig dei ulike anlegga og har det overordna ansvaret for drift og vedlikehald dei ulike anlegga. Daglege drifts- og vedlikehaldsoppgåver kjøper imidlertid kommunen frå dei ulike idrettslaga. Godtgjersle og oppgåvefordeling er regulert i eigen avtale mellom kommunen og dei enkelte idrettslaga. Kommunen har overordna tilsyn og har ansvar for leveransar av gjødsel, frø, sand, gummigranulat etc. Større drifts- og vedlikehaldsoppgåver vert utført i regi av kommunen med evt. dugnad frå idrettslaga.

Avvik:
Kommunen har dei siste åra etablert fleire nye anlegg utan at dette har medført budsjettauke bortsett frå kostnaden med kjøp av tenester frå idrettslaga. Dette har medført at det er minimalt med midlar til det kommunen skal bidra med elles til drift og vedlikehald av tenesta.

Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det frå kommunen si side innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

**Sentrum og grøntanlegg (ansvar 5126) (JRG)**
Sidan midt på 90-talet er det bygt ei rekke park- og grøntanlegg i sentrum av Fosnavåg. For å ivareta dei investeringane som er gjorde og oppretthalde ein akseptabel standard på desse anlegga, har ein behov for anleggsgartnartenester. Desse må ein i dag leige/kjøpe. Behovet for slike tenester vil vere kontinuerleg. Anlegga i sentrum har etter kvart behov for auka vedlikehald og oppgradering. Mellom anna er det trong for utskifting og reparasjon av dreneringsrenner, gatestein og heller. Våren 2012 vart det gjort eit krafttak for å reparere skadar på sentrumsanlegga, samt rydde opp/fjerne daude tre og plantar og plante nye. Dette arbeidet har halde fram utetter året i den grad ein har hatt kapasitet og midlar. Arbeidet held fram i 2013.

Avvik:
Behovet for anleggsgartnartenester er aukande og vil måtte leigast/ kjøpast inn. Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det frå kommunen si side innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

**Hamner (5123) (JRG)**
Tenesta omfattar alle kommunale kaier og hamneareal.

Generelt:
Manglande løyvingar har over tid ført til at ein ikkje har fått utført nødvendig vedlikehald. Inspeksjon av undervasskonstruksjonar/tilstandsoversikt for kaiene manglar. Lovpålagde innretningar som leiderar manglar nokre stader. Skilting av kaiene er ufullstendig. System for straumlevering (kortlesar) har mykje feil. Systemet er forelda og målarar av denne typen er i flg. leverandøren gått ut av produksjon. Ein har no gått til innkjøp av nytt system for straumlevering ved fiskerikaia i Fosnavåg. For å kunne tilby og yte kundeservice på Mjølstadneset, har ein tidlegare hatt ein formell driftsavtale med privat firma som har regulert yting av driftstenester for kommunen på området. Avtalen er no reforhandla og inneheld i tillegg til tidlegare driftstenester også tenester relaterte til ISPS. Ein ser føre seg at ein ved oppretting av eige hamnevesen vil måtte ta ein full gjennomgang og kontroll/ oppjustering av kaier og hamneareal. Vidare ser ein føre seg ein gjennomgang av kva service som skal tilbydast i form av straumleveransar, vassforsyning og avfallshandtering m.m. Grunna stort arbeidspress vil dette tidlegast kunne skje i løpet av 2013.

ISPS:
I samsvar med tidlegare vedtak i Maritimt Utval/Hamnestyret at av dei kommunale kaiene skal berre Mjølstadneset hamneterminal tilretteleggast for anløp av ISPS skip. Mjølstadneset havneterminal har i medhald av dette motteke endeleg ISPS-godkjenning for ein periode på fem år gjeldande til 14.09.2017.

Hamneavgifter:
Hamnestyret/Maritimt utval har gjort vedtak om at prosessen med innføring av hamneavgifter skal startast opp og dette har vorte annonsert. Ny havne- og farvannslov tok til å gjelde frå 01.01.2010. Lovgrunnlaget for innkreving av avgifter er her blitt endra noko i høve til det ein hadde i den gamle lova. Prosessen med dette arbeidet har imidlertid vorte forseinka m.a. pga. av at ein har vorte nøydd til å prioritere ISPS godkjenning av hamner etter krav frå Kystverket.

Avvik:
Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det frå kommunen si side innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald.

1. Lovpålagde innretningar mangelfulle.
2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført.
3. Utarbeiding av tilstandsrapportar for oppsetting av vedlikehaldsplan.
4. Kortlesarar for straumuttak ute av funksjon. Manuelt system fungerer ikkje tilfredsstillande.
5. Manglar vedteken hamneadministrasjon.
6. Innkrevjing av hamneavgifter ikkje vedteke.

**Vegvedlikehald (5122) (JRG)**
Tenesta omfattar sommar- og vintervedlikehald.

Generelt:
Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Vegane som framleis har grusdekke, er holete og har lite grus. I periodar med store nedbørsmengder er det vanskeleg å få til eit tilfredsstillande vedlikehald av grusvegane. Med det krafttaket som er gjort siste åra er **resterande veglengde for grusvegar omlag 12 km. Det bør gjerast ei kost/nytte vurdering av evt. vidare asfaltering av resterande grusvegar. Ut frå ei fagleg vurdering er størtste utfordringa på vegvedlikehaldssida**

**grøfting/drenering og reasfaltering av vegar med fast dekke som har raskt tiltakande spordanning og krakelering.** Noko som igjen medfører vanskar for vintervedlikehaldet. Det er derfor eit aukande behov for midlar til reasfaltering. Veggrøfter manglar i stor utstrekning. Traktor med mulegheit for tilkopling av tilleggsutstyr som kantklippar og feiemaskin, har medført at ein har fått betre regularitet og kvalitet på desse tenestene. Ny lastebil og hjullastar medverkar også til/muleggjer eit meir effektivt vegvedlikehald.

Vintervedlikehald:
Vegbudsjettet har over fleire år vist seg å vere for lite. Usikkerheita ein har m.o.t. vinterkostnader gjer at ein har vore nøydd til å ha ei nøktern vurdering ved prioritering av vedlikehaldsasfaltering, kantslått, grusing, grøfting samt anna generelt vegvedlikehald. Konsekvensen har vore at desse tenestene har vore begrensa til det ein har vurdert til å vere eit minimums behov.

Avvik:
Av økonomiske og kapasitetsmessige årsaker vert det frå kommunen si side innan denne tenesta berre utført eit minimum av drift og vedlikehald. Ut frå dagens situasjon er det nødvendig med prioritering av behova. Ein ser det som naturleg å gjere slik rangering:

1. Grøfting/drenering
2. Reasfaltering inkl. naudsynte forsterkingar
3. Faste dekker på grusvegar

Tidsperspektiv for oppretting/utbetring:
For mange område er behovet umiddelbart grunna fleire års mangelfullt vedlikehald. Om ein på noko sikt skal kunne få heva kvaliteten på det kommunale vegnettet i den utstrekning det er behov for, vil det vere trong for auka tilføring av midlar.

## Avlaup (kloakk) (5131) (FA)

Tenesta omfattar arbeid og tenester i samband med avlaupsreinsing/ slambehandling, leidningsnett og pumpestasjonar på kommunalt avlaup/kloakkanlegg.

Generelt:
Ein har i dag 26 pumpestasjonar i drift på det kommunale avlaupsnettet. Nokre av desse er gamle, noko som no etter kvart gjev seg utslag i auka drifts- og vedlikehaldskostnader. I tillegg til silanlegget på Kleiva, så vart det starta på grunnarbeidet for silanlegget i Grønhaugen den 2.april 2013. Sjølv om mykje er gjort, så er det framleis eit stort behov for rehabilitering/utskiftingar av det kommunale avlaupsnettet. I tillegg til utbygging av avlaupsnettet etter kloakkrammeplanen skjer ei viss oppgradering av leidningsnettet også ved bruk av driftsmidlar. Dei kommunale slamavskiljarane verte tømde etter faste intervall som sikrar mot utslepp/ forureining.

Tekniske/utstyrsmessige føresetnader for å betre tenesta:
Driftsovervaking/driftskontroll er etablert på silanlegget på Kleivaneset og 5 pumpestasjonar pr. 30.04.2013. Utbygging av driftskontroll på dei restarande 21 pumpestasjonane målset ein seg å få gjort i løpet av 2013/2014. Etter den sentrale avlaupsforskrifta er det lagt opp til eit system for prøvetaking / dokumentering av gjeldande reinsekrav for alle utslepp. Gjennomføring av prøvetaking / dokumentasjon vil medføre auka kostnader og behov for opplæring av personell. For å kunne sikre framtidig driftskontroll og ivareta nye krav til dokumentasjon, er det behov for auka personellressursar både på ingeniørsida og i uteseksjonen.

Rehabilitering av leidningsnett 2013:
Separering av den nedre delen av fellesleidninga som kjem ned Pettervågen gjenstår. Separere deler av ei fellesleidning i Rådhusgata.

## Slamavskiljarar (private tankar) (5132/354) (FA)

Tenesta omfattar slamtøming av private slamavskiljarar (tankar). Ordninga vart oppstarta i 1999. Sjølve tøminga har sidan starten vorte utført i regi av SSR for kommunen ved hjelp av innleigd slamentreprenør. Tenesta fungerer rimeleg bra pr. i dag. Tømerunda 2012/2013 er på det nærmaste fullført. Ny tømerunde vert då i slutten av 2014 for heile kommunen.

Avvik:
Oppstart av tømerunde 2012/2013 kom litt seint i gong, men er no på det nærmaste ferdig. Grunnen til at tømerunda vart forseinka er at SSR har hatt utfordringar med val av ny slamentreprenør. Kontrakt med ny slamentreprenør (Miljøservice AS frå Stryn) vart skriven i desember 2012 og slamtøminga i Herøy kommune starta då omgåande.

**Veg- og gatelys (5121) (FA)**
Tenesta omfattar veg- og gatelys langs alle kommunale vegar, fylkesvegar, kommunale parkeringsplassar for allmenn bruk samt ein del parkbelysning. Totalt om lag 2700 lys.

Generelt:
Straumkostnaden har auka vesentleg dei siste åra. For ein del strekningar på fylkesvegane får kommunen tilskot frå fylket til driftinga etter særskilde reglar. Dette tilskotet dekkjer imidlertid berre omlag halvparten av kostnaden med desse lysa. Problemstillinga er teken opp med Samferdselsavdelinga i fylket. Ein mottek i periodar søknader om oppsetjing av nye veglys. Nokre av desse søknadane har ein fått gjennomført ved bruk av restmidlar etter PCB- utfasinga. Desse midlane er no oppbrukte. Det vart politisk avsett kr. 900.000,- til nye gatelys i Dragsund (ca 500 meters lengde) i 2013. Då der ikkje er løyvingar til andre veglystiltak i 2013, så må nye søknadar settast på vent, inntil det evt. vert løyvd midlar til nye veglysanlegg. Det er Tussa som utfører all utbygging, drift- og vedlikehald av veglys.

Dei siste åra har det vore gjort ei vesentleg oppgradering av veglysa i kommunen. Ein hadde forventa at dette ville føre til reduserte straumkostnader pga. mindre straumforbruk, men straumprisen har på same tid svinga såpass mykje at den økonomiske innsparinga har vorte minimal.

Avvik / manglar:
Det er behov for skogrydding rundt/inntil enkelte veglys.

Løysing av avvik / mangel:
Skogrydding er eit kontinuerleg arbeid som må prioriterast i den daglege drifta og vedlikehaldet av veglysa. Dersom det skal kunne utførast påkravde utbetringar i nettet, så må det løyvast meir midlar.

## ANSVAR 5061, 5062 – BRANNVERN OG FEIING

Brannvern og feiing vart frå 2011 lagt til Anleggs- og driftsavdelinga sitt ansvarsområde.

**Førebygging av brann og ulykke (5061) (TL)**
Generelt:
Kommunen har om lag 65 brannobjekt med lovpålagt årleg brannsyn. Pr. d.d. har ein ei 100% vakant stilling til å gjennomføre tilsyna. Stillingsheimelen vart auka med 50% frå 01.01.2012 (frå 50% st. og opp til 100% st.) og ein vurderer dette til å vere tilstrekkeleg til å gjennomføre lovpålagde tilsyn samt naudsynt sakshandsaming i samband med feietenesta.

Av førebyggande arbeid elles har ein i brannvernregi prøvd å gjennomføre årlege sløkkeøvingar/brannopplæring for 6. klassene i kommunen. Vidare har ein også gjennomført opplæring og øving i brannsløkking for pleie- og omsorgspersonell (institusjonane) og personell i Eigedomsavdelinga. Av førebyggande arbeid skulle det vore gjort mykje meir, men ressursane strekk ikkje til.

Dei to siste åra har Herøy brannvern vore med på open brannstasjon som er ein nasjonal hending i samband med brannveka kvar haust. Herøy brannvern var med på open brannstasjon i 2010, 2011 og 2012 og det har vore eit svært vellukka arrangement. Ein planlegg også å vere med på open stasjon i 2013.

Redningsselskapet arrangerte forebyggande seilas på indre almenning (brannvernet var med i 2011 og i 2012) som er ein arena for å gi 6. klassingar (120 elevar + lærarar) opplæring om brann, politi, førstehjelp og redningsskøyta. Her stilte Herøy brannvern med brannbil og brannslokkingsapparat slik at elevar og lærarar fikk praktisk og teoretisk brannopplæring. Redningsselskapet hadde også sommerskule/leir på Kjeldsund i 2012 og Herøy brannvern var med der for å gi deltakarane praktisk opplæring i brannslokking og dei fikk også prøve litt søk i bygning.

Hausten 2011 vart det starta forebyggande forum på ytre søre. Det er ein samarbeid mellom kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Ørsta, Volda og Vanylven på brannsida. Her vil ein standardisere dokument og måten å gjennomføre branntilsyn på slik at praksisen vert lik i heile regionen. Ein har også faglig utveksling av kunnskap mellom kommunane. Forumet har hatt fleire samlingar og var sist i Herøy 15.05.13. Hareid og Ulstein skal på felles branntilsyn 23. mai 2013. Herøy og Ørsta har vore på felles tilsyn om farleg stoff tidlegare.

Avvik/manglar:
Lovpålagt krav om årleg tilsyn i særskilde brannobjekt er ikkje oppfylt pr. i dag.

Løysing av avvik/mangel:
Når stillingsheimelen er auka med 50% til 100% stilling til m.a. dette arbeidet reknar ein med å kunne oppfylle lovkravet innan rimeleg kort tid, men pågrunn av at personen som var utførande på branntilsyn gikk over i ny st. som avd. leiar beredskap 01.02.13 (den st. sto også vakant) vil ein ikkje få utført nok lovpålagde branntilsyn før ny person er tilsett på brannforebyggande avdeling.

**<u>Brann- og ulukkesberedskap (5061) (TL)</u>**
Generelt:
Tenesta omfattar brann- og ulukkesberedskap i vid forstand. Brannvernet har hovudbrannstasjon i Fosnavåg med brannbil og 20 deltids brannmannskap tilknytt. Bistasjon med tankbil er plassert i Myrvåg og er oppsett med tankbil og omlag 10 brannmannskap. Sjølv om det er enkelte manglar i den totale oppbygginga av brannvernet etter gjeldande brannordning vurderer ein brann- og ulukkesberedskapen å vere rimeleg god. Herøy brannvern har fått hjartestartar i beredskapen og kursing vart gjennomført 07.05.13. Den seinare tida har redning kom sterkare inn i brannberedskapen og ein har gjennomført fleire oppdrag saman med helse (ambulanse). Dette vert det ikkje mindre av framover og no vil Herøy brannvern også kunne gjennomføre oppdrag på hjartestans (hjarte/lungeredning) aleine. Revidering av gjeldande brannordning er igangsett. I samband med revidering av brannordninga er det også gjennomført ROS-analyse.

Avvik/manglar:
Det er til Økonomiavdelinga tidleg i 2012 meldt frå om underbudsjettering av brannkapitlet og bede om at dette vert justert i samband med budsjettjustering i løpet av året. Dette er ikkje gjort og det må såleis påreknast eit overforbruk i overkant av 1mill. kroner i 2012. Grunna manglande løyvingar er ikkje brann- og ulukkesberedskapen bygd opp slik den er vedteken i gjeldande brannordning. Dei fleste er i 2,05% stilling. I 2012/2013 har Herøy brannvern hatt 3 brannmenn på grunnkurs og 6 brannmenn på Beredskapskurs 1 (utrykkingsleiarkurs). Ein vil sluttføre Beredskapskurs 3 i juni 2013 og ein nytilsett sjåfør har gjennomført 160-kurs og brevkurs. Av større utstyrsmessige behov er utskifting av tankbil ved Myrvåg stasjon (i budsjett 2013), og brannbil ved hovudstasjon Fosnavåg (i øk.plan 2014). Innan komande 3-5 års periode vil ein få utskifting av befal og brannmannskap pga. naturleg avgang og ein må såleis ha fokus på opplæring/rekruttering. Avd.leiar beredskap har slutta i stillinga 2012 og det var først tilsett ny avd. leiar beredskap i februar 2013. Herøy brannvern har lyst ut inntil 3 stillingar som sjåførar ved Fosnavåg brannstasjon, men ein har

pr. dato ikkje tilsett nokon i desse stillingane. Det var fleire søkarar til dei ledige sjåfør stillingane.

Løysing av avvik/mangel:
Ein fikk i 3. tertial 2012 med 3 av mannskapa på grunnkurs for brannmannskap som vart starta opp lokalt. 2 mann frå Myrvåg stasjon har i 2012 gjennomført lovpålagt 160-kurs (utrykningsbilsjåfør) slik at ein no har nok sjåførar til tankbilberedskapen i Myrvåg. Dette medfører store opplæringskostnader som har bidrege til overforbruket nemnd ovanfor. Når det gjeld rekruttering, og då spesielt 2 befal som ein må pårekne vert pensjonert i løpet av ein 3-5 års periode, må ein i hovudsak satse på opplæring internt. Krava til utdanning av befal er rimeleg omfattande og det er på landsbasis stor mangel på utdanna personell.

Det må tilførast meir midlar for å oppfylle brannordninga og til opplæring av mannskap og befal dei næraste åra.

**Feiing (5062) (TL)**
Generelt:
Tenesta omfattar feiing og tilsyn med eldstader og fyringsanlegg i private bustadar. I kommunen er det om lag 2800 piper. Ved utgangen av 2011 var det 887 abonnentar som ikkje har lagt forskriftsmessig til rette for feiing. Feietenesta vert kjøpt frå Ulstein kommune som har tilsett feiar. Det har dei siste åra vore svært få klager på feietenesta. Ein vurderer det slik at tenesta fungerer svært godt.

Løysing av avvik/mangel:
Dei som enno ikkje har lagt til rette for feiing, vil få nytt skriftleg pålegg i 2013 om å ordne forholdet. Dei som innan ein nærare angitt frist ikkje rapporterer tilbake at dei har gjennomført pålegget vil måtte få fyringsforbod. Dei som ikkje har lagt til rette for feiing får ikkje tilbod om feiing. Talet på piper som ikkje har tilrettelagt for feiing går ned kvart år, men det er framleis over 800 abonnentar som ikkje har lagt forskriftsmessig til rette for feiing.

## Barnehage

Barnehagane melder at det er meldt 2 avvik i Kvalitetslosen løpet av 1. tertial. Desse avvika er lukka av styrar.

| Barnehage | Tal avviksmeldingar | Status | Kva hending |
|---|---|---|---|
| Moltu | 0 | | |
| Bergslia | 0 | | |
| Myrsnipa | 1 | Lukka av styrar<br>Tiltak gjennomførte | Personskade personale |
| Leikanger | 1 | Lukka av styrar | Personskade barn |

Kommunen har fått melding frå eigarane av Trekløver barnehage om at dei legg ned drifta frå 31.07.2013. Alle barn med plass i denne barnehagen, har ved barnehageopptaket 2013 fått tildelt plass i andre barnehagar. Foreldra ved barnehagen arbeider for å få ny godkjenning for å kunne drive barnehagen vidare.

Etter ekstrainntak av barn ved Leikanger og Myrsnipa barnehage, har alle som søkte om barnehageplass innan søknadsfristen for hovudopptaket no fått tildelt ein plass. Det betyr at Herøy kommune også i år har full barnehagedekning.

Det står i skrivande stund 16 barn på venteliste. Dette er barn som ikkje har rett til til plass eller det er søknader som har kome inn etter søknadsfristen. Fleire av dei ynskjer ikkje plass før etter januar 2014.
Grønmyr barnehage Myklebust har framleis nokre ledige plassar.
Ulstein kommune melder at det er 8 barn frå Herøy som har barnehageplass i Ulstein.

**Organisasjon**
Alle tilsette i alle barnehagane hadde felles kursdag om mobbing (vennskap og inkludering) i barnehagen 6. mars 2013.

Alle barnehagane har HMS plan der nye tiltak vert sett i verk i samsvar med planen.
Det er i 1 tertial 2013 halde førstehjelpskurs.

**Fysisk miljø i barnehagane**
Det er ikkje gjennomført ekstern sikkerheitskontroll i 2013
Målet for barnehageavdelinga er at dette arbeidet skal få høg prioritet slik at uteleikeplassane til ei kvar tid er trygge for barna.

Barnehageavdelinga ser fram til at eigedomsavdelinga sin vedlikehaldsplan for 2013 vert gjennomført. Særleg viktig er det at det vert gjort noko med ventilasjonstilhøva. Dette arbeidet er i skrivande stund ikkje påbegynt.

## Oversikt delegert vedtak 1. tertial 2013:
**Vedtak om ekstraressurs til barn med særlege behov:**
Grønmyr barnehage Myklebust: 22,5t/v frå 16.04 til 1.10.2013, 7,5t/dag frå 19.04 til 28.06.2013

**Vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet:**
Grønmyr barnehage Myklebust: 260% stilling, 3 personar frå 17.01 til 31.07.2013

**Grunnbemanning/stillingsheimlar i barnehageavdelinga : 27,9 årsverk (+ 1,09 årsverk ekstra personale til barn med spesielle behov)**

| Stad | Stillingsheimlar/grunnbe-manning | Tal personar |
|---|---|---|
| Barnehageadministrasjonen | 0,8 årsverk | Barnehageleiar, 1 person |
| Myrsnipa barnehage | 11 årsverk | Styrar: 1 person<br>Ped.leiarar: 5 personar (2 med dispensasjon frå utd.kravet)<br>Fagarbeidarar: 5 personar<br>Assistentar: 5 personar |
| Bergslia barnehage | 6,6 årsverk | Styrar: 1person<br>Ped.leiarar: 2 pers.1 med dispensasjon<br>Fagarbeidarar: 1 person<br>Assistentar: 5 personar |
| Moltu barnehage | 5 årsverk | Styrar: 1 person<br>Ped.leiarar:2 (1 med disp.)<br>Fagarbeidarar: 1 person<br>Assistentar: 2 personar |
| Leikanger barnehage | 4,5 årsverk | Styrar: 1person<br>Ped.leiarar: 2 personar<br>Fagarbeidarar: 0 |

| | | |
|---|---|---|
| | | Assistentar: 3 personar |
| Ekstra ressurs | 1,09 årsverk (varierar frå år til år) | Assistentar: 4 personar |

## Barn familie og helse

Også i første tertial i år har legesituasjonen vore utfordrande. Det har vore mange Innleigde vikarar har vore utfordrande for tilsette på dei kommunale legesentra.. Dette har tildels vore korttidsvikariater. Situasjonen har ikkje på nokon måte vore optimal for pasientane utan at det har kome alvorlege klager på drifta.

Kommuneoverlegen har kome tilbake frå permisjon og er nå i full drift i denne viktige rolla.

Når det gjeld helsestasjonen og skulehelsetenesta har det og i 1. tertial vore mange oppgåver. Skulehelsetenesta har arbeida godt og samtidig kunne prioritere opp noko meir å vere i skulane. I fht skulehelsetenesta har ein fortsatt utfordringar når det gjeld journalføring og naudsynt datatilgang.

Det tverrfaglege arbeidet med bla barnevern, PPT og skule/barnehage er no i gang ved alle skuler og barnehager i kommunen. Det har og vore prioritert tverrfagleg deltaking i fleire forelderemøter..

Innan psykisk helsevern har det og vore utfordringar i 1. tertial. Dei “nye” paisentane som kjem er unge og har til dels store hjelpebehov. Det har og vore ei utfordring å få gode behandlingslinjer samen med spesialisthelsetjenesten i konkrete tilfelle. På Solheim dagsenter er det set i gang ei “ungdomsgruppe” og dette ser lovande ut.

Barnevernet har i denne perioden motteke 20 meldingar
11 barn under omsorg
82 barn på hjelpetiltak
12 tilsynsbarn,barn om er plassert i Herøy frå andre kommune

Barnevernet har også ansvar for adopsjonssaker.

Arbeidsmengda i barnevern er stor, og vi har mange tunge saker, som er svært tidkrevjande og kostnadkrevjande med omfattande tiltak. Rus, psykiatri og forsømte familiar i generasjonar, pregar mange av sakene.

Det er svært viktig at kommunen har sterkt fokus på forpliktande samhandling rundt barn i risiko på tvers av fag, einingar og nivå i offentleg sektor, at dette vert ei prioritert satsing i kommunen. Det er også viktig at Herøy kommune har sterk fokus på tidleg intervensjon. Vi har derfor også valgt å prioritere arbeidet som er igangsatt for å heve det tverrfaglege arbeidet for vern av barn (Mission Possible).

Det har ikkje vore meldt avvik i Kvalitetslosen i 1. tertial. Årsaka til dette er nok i større grad ei noko manglande aktiv bruk av Kvalitetslosen enn at det ikkje har vore avvik som kunne ha vore meldt.

## Bu og habilitering

<u>Avvik:</u>
Det er meldt 4 avvik i Kvalitetslosen 1tertial 2013.
Avvik i hovudsak i forhold til medisinrutiner, brukarrelaterte hendingar og personale.
Avdelingsleiarane har vurdert og lukka avvika med tiltak og gjennomgang av rutinar.

Vedtak frå 01.01.13– 30.04.13

| | |
|---|---|
| Imøtekomne saker i perioden: | 89 saker |
| Avslag: | 2 avslag |
| Klager: | 2 klager |

Stor utfordring i å rekruttere kvalifiserte korttidsvikarar og miljøterapeut til utlyste stillingar.

Herøy Produksjon har starta å lage tennbriketter, noko som har fleire deloppgåver og gir arbeid til mange.

Det er på planleggingsstadiet å ta imot film/foto, og ha det over på data, Herøy Produksjon på nett, for å gjere lokalsamfunnet kjent med kva varer/teneste dei har å tilby.

## Eigedomsavdelinga

(Rapporten er ikkje oppdatert per 01.05.13).
Eigedomsavdelinga rapporterer under tenesterapporteringa om byggteknisk drift, byggteknisk vedlikehald og reinhald.

Forvaltaransvaret
Eigedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens formålsbygg og utleigebustadar med tilhøyrande uteområde. Avdelinga har i tillegg ansvaret for mindre investeringsprosjekt i kommunale bygg.

Eigedomsavdelinga fekk i møte med Rådmannen, Anlegg- og driftsavdelinga og Kulturavdelinga den 26.09.2012 utvida sitt ansvarsområde til å omfatte også leikeplassar og ballbingar på kommunal grunn generelt, uavhengig av om dei er etablert i tilknyting til eit kommunalt bygg eller ikkje. Tidlegare har avdelinga kun hatt ansvaret for anlegg i tilknyting til kommunale bygg.

Bygningsportefølgje
Pr. dato for rapportering, legg avdelinga til grunn at bygningsmassen utgjer totalt 54 000 m2. bruttoareal, fordelt på ca. 44 000 m2 BTA formålsbygg og ca. 10 000 m2 BTA utleigebustadar (ca. 144 utleigeobjekt.)

Eigedomsavdelinga prioriterer digitalisering av teikningsgrunnlag for dei einskilde bygga og vil i løpet av 2013 ha ei vesentleg betre oversikt over eigedomsmassen. Ein ventar at sum BTA vil stige etter at digitaliseringsarbeidet er gjennomført.

Organisasjon
Eigedomsavdelinga har pr. rapporteringsdato 34 årsverk fordelt på 54 tilsette.

Avvik
Det er ikkje registrert avvik i Kvalitetslosen siste halvår.

**Byggteknisk drift (ansvar 6021 og 6022) TSS**
Med byggteknisk drift meiner Eigedomsavdelinga dei oppgåver som er naudsynte for at ei bygning skal fungere som forutsatt i det daglege.

Organisasjon
Eigedomsavdelinga har totalt 6 vaktmeistarar i 5,4 årsverk til å drifte bygningsmassen.

Drift av bygningsmassa vert koordinert av ei fagleiar drift-stilling i 100 %. Fagleiar drift har det faglege ansvaret for internkontroll, energioppfølging og dagleg oppfølging av driftspersonalet. Tor Sindre Steinsvik har takka ja til stillinga og tiltrer 31.01.2013. Han har pr. rapporteringsdato kontorplass på Eggesbønes - Sjukeheimsvegen 10.

Eigedomsavdelinga organiserer pr rapporteringsdato driftsansvaret etter prinsippet om alle mann - alle bygg - alle fag. Avdelinga har til vurdering alternative organisasjonsformer, dels

for å kunne utnytte personalressursen betre, dels for å sikre at internkontrollen blir betre dokumentert og gjennomført.

<u>Driftsplan</u>
Eigedomsavdelinga har til vurdering utkast til driftsplan som sikrer regelmessig tilsyn med bygningsporteføljga.

<u>Driftsavtalar</u>
Eigedomsavdelinga har ikkje tilstrekkeleg med eigne tilsette til å løyse alle dei byggtekniske driftsoppgåvene sjølv. Deler av dei byggtekniske oppgåvene løysast difor gjennom innkjøp av eksterne driftstenester:

*Snørydding*
Eigedomsavdelinga har driftsavtalar med Anlegg- og driftsavdelinga og eksternt personell om snørydding ved kommunale bygg.

*Plenklipping*
Eigedomsavdelinga har driftsavtalar med ekstern tenesteleverandør om plenklipping ved kommunale bygg.

*Gartnertenester og tre-vedlikehald*
Eigedomsavdelinga kjøper inn tenester frå eksterne ved behov.

<u>Serviceavtalar</u>
Eigedomsavdelinga har ikkje tilstrekkeleg med eigne tilsette eller tilstrekkeleg kompetanse til å løyse alle dei byggtekniske driftsoppgåvene sjølv. Deler av dei byggtekniske oppgåvene løysast difor gjennom innkjøp av ekstern servicekompetanse. Dette er til dels også lovpålagt som del av internkontrollansvaret.

Som generelt prinsipp, inngår avdelinga serviceavtalar med leverandøren av systemet i garantiperioden. Deretter blir servicebehovet implementert i den generelle avtalen for fagområdet, dersom slik generell avtale er inngått:

*Varme- og ventilasjonsanlegg*
Eigedomsavdelinga har serviceavtale med ekstern tenesteleverandør om årskontroll av varme- og ventilasjonsanlegg

*Brannalarmanlegg*
Anbodskonkurranse for serviceavtale om årskontroll av brannalarmanlegg (herunder også nød- og ledelys) er under førebuing med utlysing våren 2013.

*Sprinkleranlegg*
Anbodskonkurranse for serviceavtale om årskontroll av sprinkleranlegg er under førebuing med utlysing våren 2013.

*Brannsløkkingsutstyr*
Eigedomsavdelinga har serviceavtale med ekstern tenestelevandør om årskontroll av brannsløkkingsutstyr (brannsløkkingsapparat og brannslangar).

*Heis*
Anbodskonkurranse for serviceavtale om årskontroll av heisanlegg er under førebuing med utlysing våren 2013.

*Elektriske anlegg*
Anbodskonkurranse for serviceavtale om årskontroll av elektriske anlegg er under førebuing med utlysing våren 2013.

*Leikeplassar*

Eigedomsavdelinga har inngått serviceavtale med ekstern tenesteleverandør om årskontroll av leikeplassutstyr.

Generelt om bygningsmessige avvik
Bygningsmessige avvik vert innmeldt og fulgt opp via Eigedomsavdelinga sitt FDV-system FamacWeb. Avvik blir meldt både av brukarane og av avdelinga sjølv.

Innmeldte avvik blir anten forkasta, overført til umiddelbart oppfølging eller overført til eventuell prioritering i framtidig vedlikehaldsplan.
Avviksrapport pr. rapporteringsdato:

| År | Innmeldt | Ubehandla | Under behandling | Lukka | Forkasta |
|---|---|---|---|---|---|
| 2013 | 93 | 18 | 23 | 39 | 13 |
| 2012 | 492 | 27 | 88 | 336 | 41 |

Statistikken er ikkje fullt ut veiledande då ikkje alle avvik pt. blir innmeldt i Famac. Dette gjeld særleg avvik avdekka av eige personell, avvik avdekka gjennom vernerunder samt avvik avdekka gjennom eksterne tilsyn. Avdelinga arbeider fortløpande med å utbetre dette forholda slik at avvikstatistikken blir meir korekt.

*Avvik meldt av eige personell:*
Eigedomsavdelinga melder også sjølv bygningsmessige avvik, dels via eige driftspersonell dels gjennom tilstandskartlegging i samband med vedlikehaldsplanlegging.

*Avvik frå vernerunder:*
Eigedomsavdelinga skal tilstandskartlegge bygningsmassen som ledd i utarbeidelsen av framtidige vedlikehaldsplanar. Avdelinga vil nytte IK-Bygg til dette arbeidet og har til vurdering om dette verktøyet også kan nyttast i dei årlege vernerundene.

IK-Bygg er 100 % web-basert system for kartlegging av bygningsmassen, utarbeida i eit samarbeid mellom Direktoratet for Byggkvalitet (tidligere BE) ved KoBE-programmet, Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB), KLP Skadeforsikring, Norsk Brannvernforening, Arbeidstilsynet, Helsedirektoratet og NKF bygg og eiendom (tidligere FOBE). Systemet kan nyttast som "digital vernerunde" og er integrert mot Eigedomsavdelinga sitt FDV-system slik at innmeldte avvik automatisk overførast til FamacWeb for vidare oppfølging. Avdelinga vonar at ein slik arbeidsmetodikk kan bidra til betre oppfølging av registrerte avvik i vernerundene samt gi betre informasjon både til brukarane, eigedomsavdelinga sjølv og Kommunestyret.

*Avvik frå eksterne tilsynsorgan:*
Avvik frå eksterne tilsynsorgan vil frå og med 2013 fortløpande bli registrert i Famac og såleis bli del av statistikken for bygningsmessige avvik.

Bygningstekniske avvik av særleg interesse:
Eigedomsavdelinga vil under dette punkt særleg rapportere om bygningsmessige avvik av prinsipell eller stor økonomisk verdi.

**Byggteknisk vedlikehald (ansvar 6031) PKM**
Eigedomsavdelinga rapporterer under dette punkt for status for planlagte vedlikehaldstiltak.

Vedlikehaldsplan 2013:

| ID | Bygning | Tiltak | Status |
|---|---|---|---|
| 2874.52480 | Bergslia barnehage | Oppgradering av ventilasjonsanlegg | Under planlegging |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 2874.43495 | Bergslia barnehage | Oppmontering av nytt gjerde | Under planlegging |
| 2874.53349 | Bergslia barnehage | Oppgradering av uteområde | Under planlegging |
| 2875.36945 | Leikanger barnehage | Etablere overbygg til rømingsvei | Under planlegging |
| 2877.53060 | Myrsnipa barnehage | Utskifting av eitt vindu og deler av bordkledning | Under planlegging |
| 2877.52699 | Myrsnipa barnehage | Utbetring av uteområde mot Myrvåg skule | Under planlegging |
| 2877.44568 | Myrsnipa barnehage | Oppdeling av uteområde | Under planlegging |
| 2876.50680 | Moltu barnehage | Utbetring av ventilasjonsanlegg | Under planlegging |
| 2876.41103 | Moltu barnehage | Sikring av uteområde mot veg | Under planlegging |
| 2878.37135 | Blåhaugen skule | Utbetring av lekasjepunkt - vindu | Under planlegging |
| 2878.37133 | Blåhaugen skule | Utbetring av lekasjepunkt - tak | Under planlegging |
| 2878.53776 | Blåhaugen skule | Maling av fasade | Under planlegging |
| 2883.37139 | Leikanger skule | Utskifting av vindu | Under planlegging |
| 2883.53089 | Leikanger skule | Utbetring av taknedløp | Under planlegging |
| 2883.53064 | Leikanger skule | Ombygging av klasserom | Under planlegging |
| 2883.53093 | Leikanger skule | Utbetring av lekasjepunkt - tak | Under planlegging |
| 2883.37141 | Leikanger skule | Utbetring av det elekriske anlegget | Under planlegging |
| 2885.52893 | Moltu barneskule | Utbetring av lekasjepunkt - tak | Under planlegging |
| 2887.53105 | Nerlandsøy skule | Utbetring av lekasjepunkt - vindu | Under planlegging |
| 2887.37146 | Nerlandsøy skule | Maling av fasade | Under planlegging |
| 2887.37145 | Nerlandsøy skule | Sikring av uteområde mot veg | Under planlegging |
| 2889.52863 | Stokksund skule | Etablering av nye leikeapparat | Under planlegging |
| 2890.53413 | Ytre Herøy ungdomsskule | Brannsikring av utvendig skur | Under planlegging |
| 2930.37151 | Herøy kulturhus | Utbetring av lekasjepunkt - tak | Under planlegging |
| 2872.36939 | Herøy rådhus | Utbetring av fasade | Under planlegging |
| 2872.36941 | Herøy rådhus | Oppgradering av uteområde | Under planlegging |
| 2891.48849 | Herøy sjukeheim | Utbetring av vaskerom - grøn avdeling | Under planlegging |
| 2891.44054 | Herøy sjukeheim | Fjerning av varerampe | Under planlegging |
| 2892.41105 | Myrvåg sjukeheim | Utbetring av lekasjepunkt - tak | Under planlegging |
| 2917.37152 | Kverntun | Utskfiting av vindu | Under planlegging |
| 2905.54559 | Myklebusttunet | Utskifting av golvbelegg - leilegheit | Under planlegging |
| 2922.42149 | Nestunet | Utskifting av verandadører | Under planlegging |
| 2922.54508 | Nestunet | Utskfiting av golvbelegg - fellesareal | Under planlegging |
| 2922.43826 | Nestunet | Utbetring etter vasslekasje | Under planlegging |
| 2913.53159 | Rabbegjerdet 3 | Maling av fasade | Under planlegging |
| 2931.53163 | Solbergvegen 2-4 | Maling av fasade | Under planlegging |
| 2918.53164 | Solbergvegen 6-8 | Maling av fasade | Under planlegging |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 2897.38615 | Storebakken 3 | Utskifting av loftsluker | Under planlegging |

**Reinhald (ansvar 6051) AFK**
Eigedomsavdelinga har ansvaret for reinhaldet ved formålsbygga og einskilde utleigebustadar.

Organisasjon
Eigedomsavdelinga har totalt 44 reinhaldarar i 24,79 årsverk til å reinhalde bygningsmassen.

Reinhaldet vert koordinert av ei fagleiar reinhald-stilling i 100 %.

Eigedomsavdelinga organiserer pr rapporteringsdato reinhaldsansvaret som stillingsheimlar pr. bygg. Avdelinga vurderer fortløpande om ein kan organisere seg annaleis for å auke trivselen, redusere sjukefråværet og styrke fleksibiliteten blant dei tilsette.

Reinhaldsplan
Eigedomsavdelinga nytter FamacWeb til å utarbeide reinhaldsplanar for bygningsmassen. Avdelinga har som målsetjing å revidere reinhaldsplanane for samtlege formålsbygg, for deretter å gå i dialog med dei einskilde avdelingane om kva standard reinhaldet skal ligge på vidare framover.

Kompetanse
Eigedomsavdelinga har berre tre reinhaldarar med fagbrev, to av dei har passert 67 år. Avdelinga arbeidar for å legge til rette for kompetanseheving gjennom fagbrev då dette er viktig både for trivsel og kvalitet på reinhaldet.

Reinhaldsmateriell
Eigedomsavdelinga har god oversikt over reinhaldsmateriellet som reinhaldarane disponerer. Ein del av reinhaldsmateriellet er av eldre dato og blir fortløpande fornya etter eige budsjett.

Avvik
Klager på reinhaldet blir handtert forløpande av reinhaldsleiar.

## Fellessekretariatet
Fellessekretariatet er à jour med arbeidsoppgåvene sine.

## IKT

| Pri | ID | Beskrivelse | Status |
|---|---|---|---|
| Rådm | 13014 | Politiske lesebrett | Utlevering ferdig, litt kursing står att (kom ikkje i mål i sist kommunestyremøte) |
| Rådm | 13003 | Ny portal | Lansering forventa 1.9 |
| IKT-utval | 12003 | Webplan | Originalt for WebPlan-prosjekt ferdig, PLANDIG distribusjon ferdig, Rapporteringsmodul under utvikling |
| Q1 | 13022 | PDA/MDA Gerica | Ny konfigurering av telefonar pågår – siste steg før systemet er i drift |
| Q1 | 13008 | Maskinpark | Kjøpt inn maskiner til legar, bestilt 20 laptop'ar for overgangstid. Vidare innkjøp når ny avtale er på plass. |
| Mars | 13005 | Infrastruktur trådlauslenkjer | Mottekne antenner fungerer ikkje som tenkt. Leverandør og produsent arbeider med å få dette korrigert. |
| Q2 | 13007 | Terminalklientar PO | Endringar i planane for å unngå nytt innkjøp ved flytting til SSIKT. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Q2 | 13010 | Sikker utskrift | System valgt, ventar SSIKT-installasjon, nye skrivarar/kopimaskiner vert utstyrt, konvertering av eksisterande park under planlegging |
| Q2 | 13009 | Val | Maskiner kome på lager, installasjon, testing og kursing innan 12.6.2013 |
| Q2 | 13011 | Infrastruktur Eindedalen | Datasal ferdig, resterande bygning ventar på finansiering. |
| Q3 | 13012 | Fiber HHOS-MOS | Modular på lager, ventar på eit passeleg tidspunkt å gjennomføre omkoplinga |
| | 13013 | Nybygg Eggesbønes | Hald auge med utviklinga |
| H/U | 13006 | Fiber Herøy-Ulstein | Ventar på at Ulstein skal kople seg på fysisk, ventar på distanse for å kunne skaffe riktige modular. |
| DS | 12001 | PO Kostplanlegging | Ventar på avklaring med SSIKT om direkte flytting av PO til SSIKT for dette |
| DS | 13001 | SSIKT Maskinvare | Ventar på faktura |
| DS | 13002 | PO eLink | Ventar på faktura |
| DS | 13015 | eFaktura mottak og sending | Ventar på faktura |
| DS | 13016 | Nytt budsjettsystem | Ferdig |
| Vent | 12002 | Integrasjon Myrvåg Lege | IKT-utvalet har vedteke at dette kan vente |
| upri | 13017 | Infrastruktur Nerlandsøy skule | Uprioritert |

## Kultur

I forhold til det lovverk, dei målsettingar og planar ein har å forhalde seg til i kulturavdelinga, har ein ikkje avvik å rapportere i forhold til teneste pr. 30.04.2013.

Det er i gong prosess på tilsetting av ny kulturleiar då nåverande kulturleiar ynskjer å trekke seg litt attende i ei retrettstilling.

## Personal - og organisasjonsavdelinga

Generelt:
Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling og innkrevjing av refusjon sjukepengar. Den har stab og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å styrke og samordne kontakta mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Ingen meldte avvik i Kvalitetslosen. Ingen meldte varslingar.

**Handsama saker i perioden**
Tilsettingssaker i første tertial: 32 stillingar utlyst, alle var utlyst eksternt.

**Arbeidsgjevarpolitisk arbeid:**
Arbeidd med anbod på timeregistrering.
Arbeid med jobbrotasjonsprosjektet.
Oppstart prosjekt Likestilte kommunar, med fokus på arbeidsgjevarpolitikk / lønspolitikk

**Samhandling med arbeidstakarorganisasjonane**
Det er gjennomført 5 forhandlings - og drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane og 3 kontaktmøter (samarbeidsmøter med arbeidstakarorganisasjonane).

**Helse miljø og sikkerhetsarbeid**
1 møte i IA utvalet
1 møter i AMU.
Samling for verneomboda

# Pleie og omsorg

**Organisasjon**
Generelt:
Det er høgt tempo, men generelt god stemning i avdelinga. Her er mange dyktige tilsette med stor erfaringskompetanse. Avdelinga har mange seniorar og i løpet av den komande femårs-perioden står vi framfor ei stor utskifting av personalgruppa. Dette vert ei utfordring for organisasjonen sidan så mange vil gå ut omlag samstundes. Ein må også rekne med at det vert auka behov for tilrettelegging. Dette vert både ei praktisk og økonomisk utfordring.

Vi har erfart at samhandlingsreforma krev god administrativ planlegging og koordinering, at pasientflyten er kjappare og pasientane sine behov er meir samansette enn før. Dette gir ekstra press på heimesjukepleien og korttidsplassane i institusjon. Vi får auka driftsutgifter og mindre inntekter på vederlag..

Stor deltidsandel gir leiarane i pleie- og omsorg eit omfattande arbeid med personaloppfølging. Manglande tilgang på kompetente vikarar er eit aukande stressmoment.

Kompetanseutviklinga skjer etter ein målretta plan basert på ei kartlegging av pasientgruppa og kjendt utfordringsbilde. Fagdagane er sentrale. I tillegg satser vi på støtte til vidareutdanning for relevante fagområde som t.d. demens og rehabilitering. Dette får vi økonomisk støtte til gjennom sentral satsing på omsorgsplan 2015.

Avdelinga har mange studentar og lærlingar og dette vert sett på som positivt. Vi har godt samarbeid med skuleverket.

Driftsteknikar er pressa sidan ansvarsområdet har auka med nye omsorgsbustader og stadig meir hjelpemiddel. Ansvarsområdet kan ikkje aukast uten nye ressursar.

Kompetanseutvikling:
Kompetansebygginga er styrt ut frå behova i avdelinga. Fagdagane har hatt tema folkehelse, kvardagsrehabilitering, pasienttryggleik, prosjekt jobbrotasjon, E-link, omsorg ved livets slutt, arbeidstid (BAT) m.m. I tillegg har mange tilsette vore med på interkommunal opplæring i palliasjon og ernæring. I tema ernæring kan det vere ein kuriositet å nemne at Herøy stilte med føredragshaldarar og gode eksempel frå praksisfeltet.

Avvik/manglar:
- Der er store utstyrsbehov. Avdelinga fekk 400 000 på investeringsbudsjettet. Av dette er det meste alt disponert. Kjøkkenet har erstatta utstyr for 150 000. Det er gjort innkjøp av to bekkenspylarar og to pasientsenger, og møblar til felles opphaldsrom på Ospenesvegen.
- Manglande lagerplass i Myrvåg.
- Driftsproblem knytt til lite hensiktsmessige bygg i ytre.
- Gul avdeling er godkjent for vidare drift til 2013.
- Kjøkkensjefen har meldt om store utstyrsbehov. Trass i at det halve av pleie- og omsorg sine utstyrsmidlar på investeringsbudsettet gjekk til dette, var det likevel ikkje nok.
- Kjøkkensjefen melder om sårbar drift ved sjukefråvær. Det er ynskjeleg å slå saman til eit kjøkken, men lokala tillet ikkje det.

Tiltak for å lukke avvik eller manglar:
- Mykje av problema er knytt til lokalitetane, og dette kan ikkje løysast på kort sikt

- Prioriterer utstyrsmidlane til utstyr som er heilt defekt, samt nødvendige hjelpemiddel for personalet
- Problem med manglande lagerplass er meldt til eigedomsavdelinga
- Eigedomsavdeling har ansvar for sak til kommunestyret angåande drift av gul avdeling.

**Kvalitetslosen / avviksrapportering:**
Antal rapporterte avvik i 1 tertial er 75, og månaden med flest avvik hadde 26. Eit avvik for dag må verte ei målsetting for 2013. Avdelinga fokuserer på at avvik er noko vi melder for å betre kvaliteten ved å lære av våre feil. Avvik skal lukkast på lavast mulig nivå, og mellomleiarane har lukka dei fleste avvika. Dei fleste avvika er knytt til tenesteproduksjon, og derav flest på medikamenthandtering. Ingen har fått merkbare skader av dette.

**Teneste:**
Mellomleiarane rapporterer at pasientar og pårørande stort sett er fornøgde med tenestene.

Institusjonsteneste:

Beleggsprosent, samla for begge omsorgssentra:

| Tertial | 1 | 2 | 3 |
|---|---|---|---|
| 2011 | 97,8 | 96,8 | 99,6 |
| 2012 | 95.56 | 96,8 | 97,7 |
| 2013 | 96,66 | | |

Skal ein lykkast med samhandlingsreforma må ein ha ledig kapasitet til å kunne ta unna behov fortløpande. der er ikkje betalt noko til Helseføretaket for utskrivingsklare pasientar. Ledig personalkapasitet vert justert mot vikarbehov.

3 tertial 2012: Av 61 saker om korttidsopphald/avlastning i institusjon vart det gitt 1 avslag
1 tertial 2013: Av 96 saker om korttidsopphald i institusjon vart det gitt 2 avslag
3 tertial 2012: Av 16 saker om langtidsopphald i institusjon vart det gitt 1 avslag
1 tertial 2013: Av 17saker om langtidsopphald i institusjon vart det gitt 0 avslag
1 tertial 2013: Av 23 søknadar på omsorgsbustad vart det gitt 5 avslag

Heimeteneste:
Det har generelt vore eit auka press på heimetenestene siste åra. Det er ei utfordring å rekruttere heimehjelper og støttekontakter. Som eit rekrutteringstiltak har ein lagt til rette for at heimehjelpene får arbeide i team om dei ynskjer det.

Heimetenestene har tatt over deler av middagsombringinga sidan frivilligsentralen ikkje greier å skaffe nok frivillige. Det går ekstra midlar til dette sjølv om vi så langt råd prøver å kombinere det med andre oppdrag. Vi vil gjere dette om i fast stilling i løpet av året.

## Servicetorget

- Servicetorget tok over sal av kommunale bustadtomter i juni 2012. Det er solgt 13 bustadtomter, 5 sidan sist rapportering
- Servicetorget tok over sal av næringstomter i juni 2012. Det har ikkje vore reservasjon av næringstomter denne perioden.
- Servicetorget har vore delaktig i rydding av ein del gamle saker knytt til tidlegare solgte eigedomar
- Framleis stor omsetting av eigedomar i kommunen og dermed stor etterspurnad eigedomspakkar.
- Oppretta arbeidsgruppe knytt til revidering av informasjonsplanen.

- Transportteneste - inn og utmelding gjort innanfor fristen.
- Ny portal - gjennomført opplæring og arbeidet med design og innlegging av informasjon har starta
- 10 på topp - sesong 2013 klargjort
- faktura kommunale avgifter sendt ut og registrering av utført feiing og tilsyn registrert
- tilflyttardagen vart gjennomfort av det var ca. 35 deltakarar

# Skule

**Organisasjon**

Sjukefråværet i skuleavdelinga

Skuleavdelinga har eit samla sjukefråvêr på 7,25% i 1.tertial. Det er i hovudsak tre avdelingar med få tilsette, som dreg opp prosenten. Det meste av fråværet er medisinsk relatert, med årsaker og tiltak som ligg utanfor arbeidsgjevar sitt handlingsrom. Avdelingane jobbar elles godt med forebyggande arbeid, og følgjer opp sjukmelde i tråd med IA-avtalen.

Rekruttering lærarar

Det var god innsøking til ledige lærarstillingar for neste skuleår. Ved utlysing var det særleg søkt etter lærarar med minimum nivå grunnfag i basisfaga norsk, engelsk og matematikk, samt språkfag som spansk. Det er lite tilsetjing i faste stillingar. Det er høg stabilitet i personalgruppa. Tilsetjingane gjeld i hovudsak vikarar for tilsette i permisjon.
Vi har pr.dato tilsett godt kvalifiserte lærarar til alle stillingar.
Så langt merkar vi ikkje rekrutteringskrisa det vert snakka om nasjonalt. Vi merkar heller ikkje det store generasjonsskiftet, men ser at det fordeler seg fint med nokre ut og nokre inn kvart år. Kun to av våre tilsette vert pensjonistar frå sommaren av.

Rekruttering rådgivarar i PPT.

Vi har tilsett to nye rådgivarar til PPT, ein i fast stilling og ein i vikariat. Det var bra med søkjarar, og vi har fått inn den kompetansen vi søkte etter.
Fylkeskommunen kjøper fortsatt 0,75% stilling frå PPT Herøy, for arbeid i Herøy vidaregåande skule.

**Teneste**

**Grunnskule**

Oppvekstkomitè, Formannsskap og Kommunestyre handsama i februar ei eiga sak som omhandla tilstanden og resultat frå nasjonale målingar i Herøyskulen. Tendensen viser positiv utvikling, men at ein fortsatt har utfordringar ein tar tak i og arbeider systematisk med. For meir informasjon, viser vi til saka.

Siste tertial har det særleg vore arbeidd med dei to store satsingane i Herøyskulen:

1. «Vurdering for læring», ei satsing med nasjonale støttemidlar. Deltakande skular er Einedalen, Stokksund, Bergsøy og Ytre Herøy ungdomsskule. Vi har tilsett ein ressursperson i 20% som «drar» denne satsinga saman med rektorane. Utdanningsdirektoratet dekkjer lønnsmidlane til stillinga. Dette er ei kompetanseutvikling for alle lærarane ved dei nemnde skulane. Kvar skule har sine delmål og satsingsområde, fastsett etter kartlegging og analyse.
2. «Meir læring for fleire», ei satsing med skjønnsmidlar frå fylkesmannen. Deltakande skular er Leikanger, Moltu og Nerlandsøy. PPT og skulefagleg rådgiver er med i styringsgruppa. Satsinga går særleg på klasseleiing og struktur, relasjonar lærar-elev og varierte undervisningsmetodar. Målet er å styrke den ordinære klasseromsundervisninga for at fleire skal kunne lære der, og gjennom dette kunne redusere spesialundervisninga. Dette handlar igjen om effektiv bruk av ressursane i skulen.

Område som har vore kommentert tidlegare, men der ein ikkje ser den ønska utvikling:
- Investering i / utvikling av elevane sitt leikemiljø. Dette gjeld i hovudsak Stokksund skule og Bergsøy skule. I tillegg har YHU meldt behov for å få utvikle eit meir stimulerande

uteområde enn asfalt. Foreldre, elevar og tilsette melder behova inn mot kommunen, og ein merkar at dei begynner å bli utålmodige.

Spesialpedagogiske tiltak
Årshjulet for samarbeid skule/PPT tilseier at 1.tertial kvart år er tida for sakkunnige vurderingar og tilrådingar. PPT utarbeider desse og sender dei over til skulekontoret for sakshandshandsaming og enkeltvedtak. Med bakgrunn i prosessar relatert til satsingsområda våre, synest vi å sjå ein liten reduksjon i tilrådingar dette året. Det betyr ikkje innsparte ressursar, men at meir av ressursane vert nytta i klasserommet og i fleksible grupper. Meir fakta om utviklinga i neste tertialrapport.

På slutten av tertialet begynner vi å få melding om nye minoritetsspråklege elevar. Desse vil ha rett til særskild norskopplæring, og vi arbeider med å betre organiseringa for også her å kunne nytte ressursane på ein så effektiv måte som råd, utan å gå på akkord med kvaliteten.

Grunnskuleopplæring for vaksne
Herøy kommune kjøper også dette semesteret plassar på Hareid ressurssenter, slik at vaksne med rett til grunnskuleopplæring, får gjennomføre dette. Vi har 6 elevar der no.
Nye søknader om opplæring til hausten ligg til handsaming. Det kan vere utfordrande å få avklart om retten er til stades. Opplæringslova seier at ein har rett til slik opplæring dersom ein ikkje har gjennomført grunnskule eller tilsvarande i heimlandet. Kva som kjem inn under tilsvarande, krev både skjønn og kompetanse.

Vi har oppretta eit samarbeid med Ulstein vidaregåande skule, som driv vidaregåande opplæring for vaksne, slik at vi i fellesskap avklarar grenselinjene for når kompetansen er til stades for å starte direkte der.

Herøy kulturskule
Lokalitetane til kulturskulen er fortsatt ikkje optimale, sjølv om det er gjort nokre midlertidige utbetringar. Ein ventar på ei avklaring av framtida til Herøy kulturhus, slik at meir permanente tiltak kan setjast i verk.

**Delegasjonsvedtak:**

**Opplæringslova §8.1**
Enkeltvedtak om byte til annan skule enn nærskulen.
Klage på vedtak, saka vart send vidare til fylkesmannen. Kommunen sitt vedtak vart oppretthalde.

**Opplæringslova §5.1 og 5.7.**
Skuleavdelinga handsamar i desse dagar søknader om spesialpedagogiske tenester etter Opplæringslova §5-1 og §5-7. Dette gjeld spesialpedagogisk hjelp for barn før skulepliktig alder, barn i grunnskulen i Herøy, samt i andre kommunar der vi har barn i fosterheimar. Det vert denne våren gjort 72 enkeltvedtak for barn i Herøy.

## NAV Herøy

Utvikling økonomisk sosialhjelp, samanlikna med same periode i 2011

| | 3. tertial 2012 alle | 3. tertial 2011 alle | 3. tertial 2012 18-25 | 3. tertial 2011 18-25 |
|---|---|---|---|---|
| Totalt antall personar som mottok stønad | 105 | 89 | 32 | 30 |
| Økonomisk sosialhjelp som viktigaste kilde til livsopphald | 22 | 25 | 10 | 14 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Langtidsmottakarar (26 veker) | 6 | 7 | 3 | 4 |
| Gjennomsnittleg stønad i beløp | 19 580 | 15 290 | 15068 | 13 445 |
| Gjennomsnittleg stønadslengd dagar | 67 | 61 | 60 | 58 |
| Gjennomsnittleg sakshandsamingstid (dagar) | 22 | 14 | 27 | 17 |
| Utbetalt økonomisk sosialhjelp i kroner hittil i år (ordinær søknad) | 2012:<br>3 951 793 | 2011:<br>2 919 044 | | |
| Utbetalt økonomisk sosialhjelp hittil i år (flyktning) | 2012:<br>1 328 968 | 2011:<br>622 774 | | |

Utvikling andre saker:

| | **September** | **Oktober** | **November** | **Desember** |
|---|---|---|---|---|
| Busetting flyktningar | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kvalifiserings-programmet (antall) | 8 | 8 | 9 | 9 |
| Arbeidsløyse (prosent) | 2,3 | 2,0 | 2,0 | 2,7 |
| Arbeidsløyse 20-24 år (antall) | 26 | 19 | 25 | 27 |
| Bedriftskontakter | 22 | 16 | 5 | 7 |

# Utvikling

**Byggesaker**

Frå og med 2004 starta utviklingsavdelinga med føring av ein relativ komplett statistikk for bygge-, dele og dispensasjonssaker både når det galdt innkomne og behandla saker.

**SAKSOVERSIKT 2012**

| | Innk.sak. | Beh.sak. | | | | | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | | Disp.sak | Delesak | Byggesak | Klagesak | Andre *) | |
| **1.tert.** | **145** | **21** | **16** | **42** | **3** | **51** | **133** |
| **2.tert.** | **209** | **23** | **29** | **99** | **3** | **45** | **199** |
| **3.tert.** | **146** | **20** | **27** | **90** | **2** | **58** | **197** |
| **Sum 12** | **500** | **64** | **72** | **231** | **8** | **154** | **529** |

**SAKSOVERSIKT 2013**

| | Innk.sak. | Beh.sak. | | | | | SUM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | | | | | | | |
| **1.tert.** | **164** | **12** | **16** | **78** | **3** | **17** | **126** |
| **2.tert.** | | | | | | | |
| **3.tert.** | | | | | | | |
| **Sum 13** | | | | | | | |

*) Konsesjonssaker, seksjoneringar, bruksendringar, høyringsuttalar, forhandskonferanse m.v.
**Pbl §20-1, Pbl §20-2, Rammeløyve, Ferdigattest, Mellombels bruksløyve, igangsetjingsløyve, dispensasjon_byggesak

Statistikken viser at ein i 1. tertsial 2013 har kome inn 38 fleire saker enn som det er handsama.

**Behandlingstider**

Den førte statistikken for 3. tertial viser elles at (3 tertial -12 i parentes):

- 56% ( 3 tertial - 56 % )av delesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- 74% (3 tertial - 60 %) av byggesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- gjennomsnittleg behandlingstid for dispensasjonssakene har vore på 18 veker

## Oppmåling

Oversikten nedanfor viser oppmålingsforretningar frå 2002 og fram til i dag.

| | **1. tertial** | **2. tertial** | **3. tertial** | Heile året |
|---|---|---|---|---|
| **Forretningar 2002** | **24** | **36** | **30** | **90** |
| **Forretningar 2003** | **32** | **28** | **18** | **78** |
| **Forretningar 2004** | **19** | **19** | **17** | **55** |
| **Forretningar 2005** | **33** | **22** | **36** | **91** |
| **Forretningar 2006** | **34** | **42** | **56** | **132** |
| **Forretningar 2007** | **44** | **31** | **35** | **110** |
| **Forretningar 2008** | **33** | **61** | **31** | **125** |
| **Forretningar 2009** | **54** | **29** | **27** | **110** |
| **Forretningar 2010** | **25** | **29** | **27** | **81** |
| **Forretningar 2011** | **25** | **25** | **48** | **98** |
| **Forretningar 2012** | **28** | **52** | **35** | **115** |
| **Forretningar 2013** | **36** | | | **36** |

Pr 30.04.2013 er der 24 saker (11 saker ved utgangen av året 2012), levert til oppmåling, som ikkje er fullført. Gjenomsnittleg behandlingstid i 1. tertsial er 13 veker (13 veker i 3 tertsial 2012).

# Økonomi

Arbeidsgruppa for felles økonomi- og lønskontor for kommunane Hareid, Herøy, Ulstein, Volda og Ørsta vart ferdig med sin rapport til oppsett frist 1. oktober.

Avdelinga tok frå 01.01.2012 over rekneskapsføringa for Herøy kyrkjelege fellesråd og dei 3 sokna i kommunen. Det har vore ein arbeidskrevjande oppstart, men no er vi i rute med dette arbeidet.

Avdelinga tok også over arbeidet med rekneskapsføringa til Myrvåg Legesenter etter omlegginga av senteret frå og med 1. mars. Også dette arbeidet har kome godt i gong etter oppstarten.

Det er teikna kontrakt med Den Danske Bank, Evry og Nets om elektronisk fakturabehandling. Dette arbeidet vert starta opp i 2013 i samarbeid med Ulstein kommune og Vanylven kommune.

# PROSJEKTRAPPORTERING

## Anlegg og drift

**ANLEGGSPROSJEKT:**

**Prosjektnummer/-namn: 51922/Veg 7, Bergslia**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Tore Langvatn
Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 39/07.
Løyving/storleik på løyving: kr 2.800.000,-

Status pr. dato
Anleggsstatus: Anleggsarbeida ferdig. Det manglar ein støttemur/innsynskjerm i enden av vegen, på snuplassen.
Framdrift for prosjektet: Anleggsprosjektet er ferdig.

Forbruk pr. dato:
Totalt budsjett: kr 2.800.000,-
Forbruk til no kr -2.539.644,-
Rest budsjett kr 260.356,-

Avvik
Reklamasjon på private eigedomar må ferdigstillast og skøyte på eigedomsoverdraging må skrivast/underskrivast.

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: Første halvår 2013.
Forventa totalkostnad: 2.800.000,-
Behov for ekstraløyving: Ingen
Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Sak om økonomisk avslutning må leggast fram for godkjenning.

**Prosjektnummer/namn: 51007/Tjørvåg kunstgrasbane**
Prosjektleiar/ansvarleg: Tore Langvatn
Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 27/10
Løyving/storleik på løyving: Finansieringsplan på 4 mill

Status pr. dato
Anleggsstatus: Ferdig. Offisiell opning av Tjørvåg kunstgrasbane var laurdag 28. mai 2011.

| | | |
|---|---|---|
| Total løyving: | kr | 4.000.000,- |
| Totalt forbruk: | kr | -4.000.000,- |
| Rest løyving: | kr | 0,- |

Avvik: Ingen

Kommentarar

Ferdigstilt: 28. mai 2011. Økonomisk avslutning på saka er oppstarta, men det har ikkje kome inn alle tippemidlar til prosjektet. Før det er avklara kan ein ikkje sende saka til politisk handsaming.
Forventa totalkostnad: Som i finansieringsplanen.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

**Prosjektnummer/namn: 51937/Leine bustadfelt, skuletomta**
Prosjektleiar/ansvarleg: Ida Marie Herre
Grunnlagsdokumentasjon
Planarbeidet starta opp i 2009, men pga manglande løyving stansa arbeidet opp. I F-sak 139/12 den 11.04.2012 vart det imidlertid vedteke at 4,1 mill. kroner skulle nyttast til opparbeiding av Leine bustadfelt, skuletomta.

Løyving/storleik på løyving: Løyving på 4,1 mill. kroner vedteke i F-sak 139/12.

Status pr. dato
Anleggsstatus: Under utføring.

| | |
|---|---|
| Total løyving | kr. 4.100.000,- |
| Forbruk 2009 | kr. 45.001,- |
| Forbruk 2010 | kr. 85.926,- |
| Forbruk 2011 | kr. 0,- |
| Forbruk 2012 | kr. 19.412,- |
| Forbruk 2013 | kr. 39 109,- |
| Rest løyving | kr. 3.910.552,- |

Anleggsarbeid oppstarta: 10. april 2013
Forventa ferdigstilling: 28. august 2013
Forventa totalkostnad: 4 mill. inkl. riving av skulen.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Riving av gamle Leine skule er flytta over på eigedomsavdelinga og deira prosjekt med riving av gamle skuler i kommunen. Kostnaden med riving av skulen blir belasta prosjektet Leine bustadfelt, skuletomta.

Avvik: Ingen

**Prosjektnummer/namn: 51320/Avløpsanlegg Berge**
Prosjektleiar/ansvarleg: Ida Marie Herre
Grunnlagsdokumentasjon
Prosjektering starta opp i 2012. Arkeologisk registrering utført i april 2013.

Status pr. dato
Anleggsstatus: Under prosjektering.

| | |
|---|---|
| Forbruk 2013 | kr. 11762,- |

Anleggsarbeid oppstarta: Hausten 2013
Forventa ferdigstilling: Hausten 2013
Forventa totalkostnad/finansiering: Vil ligge føre etter gjennomført konkurranse. Finansiering ved bruk av tidlegare løyvde midlar til gjennomføring av kloakkrammeplan.

Behov for ekstraløyving: -
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Grunnavtalar.

Avvik: Ingen

**Prosjektnummer/namn: 51927/Leidningsanlegg Kvalsund**
Prosjektleiar/ansvarleg: Fred Arnesen

Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: Delprosjekt kloakkrammeplanutbygginga. Omfattar etablering av slamavskiljar ved sjøen sør for bedehuset samt legging av vel 1000 m med avlaupsleidningar frå slamavskiljar til krysset mot Teige.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
Anlegget vart sett i drift i andre halvår 2010. Det står att økonomisk avsluttning før ein kan sluttføre prosjektet.

Forbruk:

| | | |
|---|---|---|
| 2009 | kr. | 100.161,- |
| 2010 | kr. | 4.843.076,- |
| 2011 | kr. | 324.467,- |
| 2012 | kr. | 20.261,- |
| SUM | kr. | 5.287.965,- |

Avvik: Ingen

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: I løpet av fyrste halvår 2013
Forventa totalkostnad: om lag 5,3 mill.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Prosjektnummer/namn**: 51005/Avløpsanlegg Eggesbønes**
Prosjektleiar/ansvarleg: Fred Arnesen / Tore Langvatn

Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: Delprosjekt kloakkrammeplanutbygginga. F-sak 148/10.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
Leidningsanlegget er sett i drift. Økonomisk avsluttning gjenstår. Avløpsanlegget vart sett i gang som eit hasteprosjekt sommaren 2010 med bakgrunn i påvist utslepp av ureinsa kloakk som kunne vere helseskadeleg og som kunne føre til store problem for næringsmidelproduksjon i området. I vedtaket i F-sak 148/10 var det vedk. finansiering vedteke at: Sitat: Tiltaka vert finansiert ved omdisponering av tidlegare løyvde midlar til gjennomføring av "Kloakkrammeplanen". Arbeida har vorte utført etter avtalte einingsprisar.

Forbruk:

| | | |
|---|---|---|
| 2010 | kr. | 4.408.503,- |
| 2011 | kr. | 1.472.279,- |
| 2012 | kr. | 69.269.- |
| SUM | kr. | 5.950.753,- |

Avvik:
Kommentarar

Forventa ferdigstilling: I løpet av fyrste halvår 2013.
Forventa totalkostnad: om lag 5,9 mill.

**Prosjektnummer/namn: 51923/Leidningsanlegg Moltu**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon
Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Omfattar separering av kloakk og overvatn på Moltu, samt bygging av avskjerande leidningar og etablering av slamavskiljar med utsleppsleidning.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
Separatsystem frå Moltubakkane til sjøen er etablert i samarbeid med Herøy vasslag BA og Tussa AS i 2008/2009. Slamavskiljar og avskjerande leidningar for å kople saman dei tre eksisterande avlaupsleidningane som går til sjøen er ferdig planlagde. Prosjektet stoppa så opp pga. kapasitetsmangel/prioritering av andre prosjekt. I F-sak 215/11 vart det vedteke at Moltu I skal prioriterast på førsteplass og Moltu II på tredjeplass i utbyggingsrekkjefølgje.

Framdrift for prosjektet:
Det har vore og er ei utfordring å få på plass grunnavtalar. Særskilt i høve plassering av slamavskiljar. For å kome vidare med prosjektet vert det no vurdert ny plassering av slamavskiljar der grunneigar er positivt innstilt. Det kan verte naudsynt å nytte seg av moglegheitene for oreigning dersom ein no ikkje kjem fram til ei tilfredsstillande løysing. Tiltaket er særs viktig for å reinske opp i både kommunale og private utslepp frå den tettast befolka delen av Moltu. Ny plassering av slamavskiljar inneber omprosjektering av delar av anlegget.

Prosjektregnskap

| | |
|---|---|
| Forbruk 2008 | kr 629.936,- |
| Forbruk 2009 | kr 142.587,- |
| Forbruk 2010 | kr 0,- |
| Forbruk 2011 | kr 102.212- |
| Forbruk 2012 | kr 46.160,- |
| Sum forbruk | kr 920.895,- |

Avvik:
- Uføresett store utfordringar med grunnavtalar.

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: I løpet av 2013.
Forventa totalkostnad: om lag 4 mill.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Kommunen må forhandle om grunn der delar av dei tekniske anlegga skal plasserast og delar av prosjektet er under omprosjektering.

**Prosjektnummer/-namn: 51925/Silanlegg Grønhaug**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Lene Huldal

Grunnlagsdokumentasjon

Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Gjeld bygging av silanlegg i Grønhaug i Herøy kommune. Alt avløpsvatn frå sørsida av Bergsøya frå Herøy kyrkje til Berge bedehus og Bergshaugen, skal samlast og førast til silanlegget i Grønhaugen.

Løyving/storleik på løyving:
Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
Det er skrive kontrakt med grunnentreprenør. Det er kome inn tilbod på dei to andre entreprisene, bygg og maskin og tildeling er gjort.

Det er gjort avtale med grunneigar mtp. framlegging av leidningar. Det er også gjort avtale med Statens direktorat for naturforvaltning om og få setje opp og drifte eit silanlegg, samt legge utsleppsleidning og oppgradere/legge om veg. Avtalen med Direktoratet for Naturforvaltning kunne ikkje tinglysast utan at tomt vert skilt ut, ein ser no på om det kan vere ein god nok avtale utan tinglysing. For og kompensere for tiltak i friområdet så skal kommunen bygge hc-wc, parkering og betre tilkomst til badeplassen.

| | |
|---|---|
| Forbruk t.o.m. 2009 | kr 605.912 |
| Forbruk 2010 | kr 28.242 |
| Forbruk 2011 | kr 20.000 |
| Forbruk 2012 | kr 739.568 |
| Forbruk 2013 | kr 52 011 |
| Totalt | kr 1.445.733 |

Avvik:
Prosjektet har vore utsett pga. økonomi/rammeplanløyvingar og kapasitet ved Anleggs- og driftsavdelinga.

Kommentarar:
Oppstart: Grunnarbeid vart oppstarta 2. april 2013.
Forventa ferdigstilling: 2013
Forventa totalkostnad: Omlag 16 mill. Ein vil vite meir nøyaktig når ein har på plass kontrakter med alle enterpriser..
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast:

**Prosjektnummer/namn: 51004/Kunstgras på Bergsøy stadion**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon:
Grasbana på Bergsøy stadion har vore prega av dårlig drenering og dermed avgrensa bruk. I samband med vurdering av rehabilitering vart det vedteke at det skulle leggast kunstgras på grasbana.

I K-sak 149/10 vart det godkjent følgjande finansieringsplan:

| | |
|---|---|
| Spelemidlar | kr 2.500.000 |
| RDA-midlar | kr 1.000.000 |
| Dugnad | kr 50.000 |

| | |
|---|---|
| Bergsøy IL | kr 5.226.000 |
| Refusjon mva. til prosjektet | kr 2.194.000 |
| Totalt | kr 10.970.000 |

Status pr. dagsdato:
Kunstgrasdekket er ferdig og teke i bruk. Lysanlegg er ferdig innstallert og teke i bruk. Det gjenstår noko kostnadar med tilstelling og prosjektoppfølgingskostnadar.

Prosjektregnskap

| | |
|---|---|
| Forventa totalkostnad (eks mva) | kr 8.776.000 |
| Forbruk 2010 | kr 240.586 |
| Forbruk 2011 | kr 78.500 |
| Forbruk 2012 | kr 7.187.114 |
| Rest | kr 1.269.800 |

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: 2012
Forventa totalkostnad: 10.970.000 kr
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast**:** Ingen pr. d.d.

**Prosjektnummer/namn:51200 Kunstgrasbane Leikong**
Prosjektleiar/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon:
Prosjektet omfattar bygging av 7-ar kunstgrasbane på eksisterande grusbane ved Leikanger skule. I K-sak 186/11 vart det gjort vedtak om kommunal utbygging av prosjektet og det vart sendt inn søknad om spelemidlar. Prosjektet er delt i tre entreprisar, grunn-, kunstgras- og lysentreprise. Opparbeiding starta hausten 2012.

| | |
|---|---|
| Forventa totalkostnad (eks. mva) | kr 2.686.300 |
| Forbruk 2011 | kr 10.000 |
| Forbruk 2012 | kr 719.398 |
| Rest | kr 1.956.902 |

Kommentarar
Forventa ferdigstilling: 2012/2013. Pga. verforhold vart det naudsynt og utsetje ferdigstilling av grunnarbeid og legging av kunstgras til våren 2013. Vert starta opp att i slutten av mai 2013.
Forventa totalkostnad: 2.686.300 kr eks. mva
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d: Grunnarbeidet ligg an til å overskride med 50.000kr. Dette grunna vanskeligare grunnforhold enn forutsatt. Sidan grunnarbeida ikkje er ferdige og

dei to andre entreprisene (kunstgras og lys) ikkje er oppstarta, veit ein endå ikkje om dette kan sparast inn andre stadar.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast**:**

**Utbyggingsavtalar**
Nedanfor er ein tabell som syner dei ulike utbyggingsavtalane som kommunen har lyst ut oppstart på. Tabellen syner status på dei ulike avtalane.

| Nr | Part | Område | Utlyst oppstart | Starta forhandling | Off. ettersyn | Vedteken avtale | Anlegg overtatt av HK |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Kvalsund og Teige Byggefelt AS | Kvalsund og Teige byggefelt | x | x | Juni 2009 | 22.10.2009 | |
| 2 | Nordic Resort Holding AS | Torvik resort | x | | | | |
| 3 | Havutsikta AS | Havutsikta - Koparstad | x | x | | | |
| 4 | Herøy byggsenter + Direktehandel AS | Myrvåg | x | | | | |
| 5 | Myklebuståsen utbygging AS | Myklebuståsen | x | x | | | |
| 6 | Tømrer Prosjekt AS | Hjelmeset 4 | x | | | | |
| 7 | Fosnavåg Vekst AS | Uteområde/ infrastruktur ved nyehotellet | x | x | | | |
| 8 | Vågsholmen Utvikling | Vågshomen | x | x | | | |

**Prosjektnummer/namn: 3305/Ny bru til Herøy gard**
Prosjektleiar/ansvarleg: John Normann Pettersen
<u>Grunnlagsdokumentasjon</u>
Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2005 – 2008. Løyving/storleik på løyving: kr 350.000. Prosjektet stoppa opp m.a. pga. motsegn frå Riksantikvaren. Ny løyving i budsjett 2012: 3 mill. kroner.

<u>Status pr. dato</u>
Møte med Statens Vegvesen vart avholdt den 4.2.13, der ein blandt anna drøfta tidlegare avtalar vedr brua. Avtalen med vegvesenet inneberer at dei utfører renovering av fagverkskonstruksjonen som er lagra på Mjølstadneset, monterer nytt slite/køyredekkedekke og monterer konstruksjonen på brukar/landfeste. For Herøy kommune sitt vedkomande består arbeidet omlegging av vegtrase og oppføring av landkar. Det vart i møtet også avtala synfaring i Herøy den 15.2.13. Etter synfaring på Herøy gard og besiktigelse av brukonstruksjonen på Mjølstadneset så vart det avtala av vegvesenet skulle framlegge

vurdering/uttale. I brev frå vegvesenet av 26.4.13 distanserar dei seg noko i forhold til tidlegare avtalar, og ein vurderer det slik at dette vil medføre meirkostnadar for kommunen. Slik ein no vurderar situasjonen så kan ein ikkje unnlate å vurdere andre alternative løysingar. Dette vil evt. også måtte avklarast gjennom ei politisk sak.

Økonomi:

| | |
|---|---|
| Løyving 2012 | 3 mill |
| Forbruk 2005-2012 | 30.000,- |
| Restløyving | 2.970.000,- |

Kommentarar
Avvik: Uklårt.
Forventa ferdigstilling: Uklårt.
Forventa totalkostnad: Omlag 3 mill kroner (kostnadsanslag)
Behov for ekstraløyving: Blir evt synleggjort ved tilbodsinnhenting.

**Prosjektnummer/namn: 51901/Infrastruktur Myklebustvatnet vest.**
Prosjektleiar/ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon
Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2008 – 2011.

Løyving/storleik på løyving:
I F-sak 285/08 vart det med bakgrunn i ein totalkostnad på 3.808.445 kroner vedteke ei løyving på 2.550.000 kroner pluss at kostnaden med kommunalt avløp på 1.258.445 kroner skal takast av tidlegare løyvingar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

Status pr. dato
Anlegget blir ikkje overteke av Herøy kommune før naudsynt dokumentasjon på utførelsen er oversendt av utførande entreprenør. Detter føreligg ikkje pr dato, og er purra på gjentekne gongar. Tussa har heller ikkje levert sine lysanlegg, og det er elles noko utfordrande å få leverandøren i tale vedr levering og montering.

Økonomi:

| | |
|---|---|
| Løyving | kr. 2.550.000,- |
| Forbruk 2005-2011: | kr. 2.460.000,- |
| Restløyving: | kr. 90.000,- |

Økonomisk avslutning blir utført når anlegget er overteke.

Avvik: Det er frå entreprenør varsla avvik/endring, men desse er avviste på grunnlag av manglande spesifikasjon/dokumentasjon. Gangveg og forstøtningsmur mot Auto Marine er tiltak som er utført i tillegg til kontraktsarbeidet.

Kommentarar
- Avvik: Det er utført noko tilleggsarbeider.
- Forventa ferdigstilling: Ferdigstilling etter levering og montering av gatelys.
- Forventa totalkostnad: kr 2.550.000 kr (3.808.445 kr inkludert avløp)
- Behov for ekstraløyving: Som følgje av ekstra tiltak gangveg/ forstøtningsmur mot Auto Marine, samt tilstelling mot tilstøytande eigedomar.

Prosjektnr./namn: **51003/Parkeringsareal bak rådhuset**
Prosjektleiar-/ansvarleg: Jon Rune Våge

Grunnlagsdokumentasjon
Vedteken reguleringsplan for Rådhusområdet. Arbeida omfattar i første omgang planering av parkeringsareal/areal for parkerings-/kontorbygg.

Løyving/storleik på løyving:
Løyving på 1 mill. kroner vart gjort i budsjett 2011 under Næringstiltak. Løyving vidareført til 2012 då prosjektet ikkje vart oppstarta i 2011. Rest løyving på omlag 0,5 mill. kroner vart overført til 2013.

Status pr. dato
Arealet er planert og oppgrusa. Undersprenging er også gjort slik at det er klart for fundamentgrøfter for innregulert parkerings-/kontorbygg.

Løyving /Forbruk:

| | |
|---|---|
| Løyving 2011(overført til 2012) | kr. 1.000.000,- |
| Forbruk 2012 | kr. 506.171,- |
| Forbruk 2013 | ? |
| **Rest løyving pr. 01.01.2013** | **kr. 493.829,-** |

Alle beløp inkl. mva.

Det er ikkje ført opp forbruk i 2013 då det er avdekt feilfakturering. Fakturaer i 2012 må også gåast gjennom i detalj. Avklaring med entreprenør er ikkje på plass.

Avvik: Feilfakturering må avklarast.

Kommentarar
Korleis prosjektet vil gå ut økonomisk er ikkje klart på rapporteringstidspunktet.

**BYGGEPROSJEKT:**

**Anleggs- og driftsavdelinga har pr. 01.05.2013 ei ledig prosjektleiarstilling. Ny prosjektleiar er tilsett og vil starte i stillinga 01.06.2013. Lengre tids vakanse i stillinga har ført til forseinking i framdrifta på ulike byggeprosjekt.**

**Prosjektnummer/namn: 50911/Tilbygg Helsesenter.**
Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon:
Kommunestyret handsama sak vedr prosjektrammer i K-sak 155/10. Nye kostnadsrammer knytt til prosjektet er pålydande kr. 10,8 mill, og omfattar både tilbygg og ombygging.

Status pr. dato:
Bygget er under oppføring. Oppstart med grunnarbeider den 4.1.13 og da med kontraktsfesta ferdigstilling og overlevering den 4.11.13. Pr. rapportdato er det det nærmast tett bygg, og ei har starta prosess med innkjøp av laust inventar mm.

Framdrift er iht planen pr rapportdato.
TIlbod/Prosjektkostnad:
Basert på tilbodet frå Prosjektbygg AS, blir nye kostnadsrammer som følgjer:

| | |
|---|---|
| Tilbodssum inkl mva: | 19.849.130,- |
| Inventar og utstyr: | 00.750.000,- |
| Prosjektoppfølging: | 00.400.000,- |
| Reservepost: | 00.600.000,- |
| **Til saman:** | **21.600.000,-** |

Tillegsløyvingar vart gjeve i K-sak 160/12.

Forbruk pr dato:

| | |
|---|---|
| Prosjektløyvingar: | 21,6 mill |
| Forbruk: | 4,5 mill |
| Rest: | 17,1 mill |

Kommentarar
- Avvik: Det er signalisert behov for full utnytting av ledig areal i 2 etg. Dette er omprosjektert til fleire cellekontor.
- Forventa totalkostnad: 21,6 mill.
- Behov for ekstraløyving:
- Forventa ferdigstilling: November 2013

**Prosjektnummer/namn: 51903/Omsorgsbustadar på Myklebust.** (Tidlegare bustader psykiatri Eggesbønes).

Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon
Prosjektet vart vedteke oppstarta og med nye kostnadsrammer i K-sak 55/08. Opsjon for bygging av hus D (2 bueiningar) vart handsama i K-sak 69/08, og med vedtak om bygging og finansiering. Godkjent kostnadsramme for prosjektet samla er: 24,7 mill.

Status pr. dato
Ein har varsla krav om full inndekning av regresskrav på kr 260.000,- Tilbodet frå forsikringsselskapet var på kr 200.000,-

Økonomi pr. dato:
Økonomisk avslutning vil bli utført så snart forsikringssaka etter vasskade på nabobustad er avklara.

**Prosjektnr. -namn: Base funksjonshemma barn i barneskulen**
Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Startløyving (K-sak 179/10) | kr. 200.000 |
| Løyving i 2012 budsjettet | kr. 2.500.000 |

| | |
|---|---|
| Total løyving pr. 01.01.2012 | kr. 2.700.000 *) |

*)I øk.plan 2013 er det føresett ei løyving på 2.5 mill. kroner til fullfinansiering.

Generelt:
Behovet for denne basen vil vere frå skulestart 2013, og ein har såleis starta arbeidet med avklaringar som behov, planløysing og kostnader/finansiering. Dette for at politisk godkjenning/finansiering og påfylgjande byggearbeid skal vere tilpassa denne overordna fristen.

Ein hadde i utgangpunktet tenkt at denne basen skulle tilknytast Einedalen skule, men det har undervegs kome ønske frå skuleavdelinga om at ein og ser på muligheitene på at basen vert tilknytt Bergsøy skule/Blåhaugen. I samband med vidareføring av arbeidet er det planlagt men ikkje gjennomført synfaring for å sjå på etablerte løysingar. Det har forøvrig også vore eit møte om denne saka i plan og byggenemnda.

Status pr. dato:
Etter politisk vedtak starta ein prosjektering/planlegging med tilbygg til Einedalen skule som utgangspunkt. I vedtaket låg det elles til grunn føringar knytt til romfunksjonar og areal. I etterkant av vedtaket har ein hatt ein del utfordringar og missnøye knytt til særleg arealrammene for tiltaket.

Entreprenør Vebjørn Strømsnes AS er tildelt oppdraget, og ein forventar ferdigstilling til skulestart i august 2013 (kontraktsfesta).
Prosjektkostnadar:

| | |
|---|---|
| Bygningsmessige arbeder: | 1.537.500,- |
| Grunn/maskinarbeider: | 0.250.000,- |
| Tekniske fag: | 0.457.500,- |
| Sum: | 2.245.000,- |

Restløyving på kr 255.000,- går til inndekking av lønskostnadar, inventar og uforutsett.

Kommentarar:
Avvik: Arealmessige avvik ift vedtak. Innanfor økonomiske rammer for tiltaket.

**Prosjektnr. -namn: 51102/Bustader for unge funksjonshemma.**
Prosjektleiar/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon
Saka gjeld oppføring av 4 bustader på regulert område på Myklebust som tidlegare var nytta til Bergsøy barnehage.

Økonomi:

| | |
|---|---|
| Budsjett 2013: | 9.200.000,- |
| Forbruk pr dato: | 395.000,- |
| Restløyving: | 8.805.000,- |

Status pr. dato:

Arkitekt Magne Bergseth har utarbeidd forslag til planløysingar og situasjonsplan på bakgrunn av funksjonsskildringar og behovsanalyser. Forslaget syner 4 bueiningar på rekkje, samt fellesarear/personaldel sentralt plassert. Planlegginga er utført med utgangspunkt i regulert tomt på Myklebust.
Etter gjennomgang samans med fageiningar, verneombod og foreldrerepresentantar så vart det beslutta å utføre enkelte endringar/revisjonar. Revidert plan er ikkje motteken pr rapportdato.

Kommentar:
- Økonomi: Det lyt påreknast ekstraløyvingar for tiltaket. Prosjektrammer vil bli framlagt for plan. og byggjemenda for handsaming.

**Prosjektnummer/-namn: 51906 Einedalen skule (Skule i Nærøymarka tidl. prosj. 3359)**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Roger Myklebust

**Økonomi/løyvingar:**
Herøy kommunestyre vedtok i møte den 26.06. 2008 under K-sak 81/08 utbygging og kostnader for prosjektet.

| | | |
|---|---|---|
| **Prosjektkostnad/budsjett:** | **107.500.000** | |
| **Spelemiddel ballbinge** | **200.000** | |
| **Tils:** | **107.700.000** | |
| **Forbruk: Prosjektkostnad i K-sak 81/08 (inkl. mva)** | | **107.700.000** |
| **Forbruk prosjektstart – rekneskap 2007:** | | **4.192.465** |
| **Rekneskap 2008:** | | **43.127.942** |
| **Rekneskap 2009:** | | **57.169.423** |
| **Rekneskap 2010:** | | **2.266.232** |
| **Rekneskap 2011** | | **54.342** |
| **Tils:** | | **106.810.404** |
| **Framføring fiber – egenandel(Jfr. K-sak 81/08)** | | **943.750** |
| **Tils** | | **107.754.154** |
| **Ikkje utf.** | | |

| | | |
|---|---|---|
| **sluttarb stip. 053.846 Serviceavtaler i garantitid 142.000** | | **195.846** |
| **Tilsaman** | | **107.950.000** |
| **<u>Budsjett:</u>** | | **<u>107.700.000</u>** |
| **<u>Meirforbruk</u>** | | **<u>250.000</u>** |

<u>Oppgradering kryss fylkesveg iht. skiltplan:</u>
(ikkje med i kostnadsoppstillinga ovanfor)

| | |
|---|---|
| **Gjennomføring skiltplan:**<br>**Gangveg, skilting med mer iht. rev. skiltplan** | **327.660** |
| **Etablering av rasteplass:**<br>**Sykkestativ m/tak og montering**<br>**Rastebord og avfallsbeholder**<br>**Reserve** | **094.594**<br>**019.562**<br>**008.094** |
| **Tils (eks. mva)** | **450.000** |

Det er i dette oppsettet tatt med entreprenørkostnader for anleggsarbeida, medan utstyrsdelen som kan bli gjenstand for diskusjon omkring type og omfang er prisa utan monteringskostnader.

Statens Vegvesen har tidlegare gitt utrykk for at dei vil medverke til ei løysing her når kommunen har klargjort planar og kostnader. Dette er gjort og kostnader er basert på innhenta tilbod.

Etter dette så er det kome brev frå Statens Vegvesen dagsett 25.08.11 der skiltplanen vert formelt godkjent. Av godkjenninga framgår det for øvrig at Herøy kommune er ansvarleg for gjennomføringa av planen.

**Status:**
Skulebygget er overtatt iht. kontrakt og økonomisk avslutta mot totalentreprenør. Leveranse av møblar og utstyr er og avslutta praktisk og økonomisk. Vidare så er FDV dokumentasjon utlevert og opplæring gjennomført. I tillegg er det er gjennomført prøvedrift og foretatt 1 års befaring saman med Eigedomsavd, og det har vore ei avsluttande kontrollbefaring i september 2011. Nokre mindre og primært sesongavhengige arbeid er elles planlagt no i sommar.

<u>Spelemidlar:</u>
Ballbinge er tildelt spelemidlar på kr. 200.000 og søknad om utbetaling av spelemidlar er innsendt.

<u>Økonomi:</u>
Sluttarbeida syner at prosjektet har eit behov for tilleggsfinansiering på 240.000,- noko som i det vesentlege kan tilskrivast arbeidet med skiltplan, tilstelling uteareal/gangvegsystem, litt meir møblar pga. auka elevtal og tilhøyrande prosjektoppfylgjing.

Når det gjeld utforming og utrustning av riksvegkrysset m/ekstra gangveg og etablering av sykkelparkerings- og rasteplass iht. utarbeidd skiltplan så vil dette utfrå godkjenning av 25.08.11frå Statens Vegvesen vere ei sak som er Herøy kommune sitt ansvar. Slik gjennomføring kan anten gjerast ved ekstra løyving i samband med formell avslutning av prosjektet, eller at saka vert overført til trafikksikringstiltak og får si løysing her.

**Avslutning:**
Avslutninga av har vore handsama i plan og byggenemnd, men ikkje i formannskap og kommunestyret.
Det er lagt opp til ei avsluttande handsaming av prosjektet i løpet av 2012 med påfylgjande overføring til eigedomsavd, og prosjektet vil utgå ved neste rapportering.

Prosjektnr. -namn: **Utbygging Herøy Produksjon/samlokalisering dagtilbod.**
Prosjektleiar/-ansvarleg: Roger Myklebust

Grunnlagsdokumentasjon
Løyving/storleik på løyving:
K-sak 179/10: 2.500.000

Generelt:
Denne saka gjeld utviding av Herøy Produksjon og samlokalisering av dagtilbod på på eit regulert område på Myklebust. Dette er forøvrig i same område som det er planlagt 4 nye bustader for unge funksjonshemma.

Framdrift:
Dette arbeidet starta hausten 2011, og det har i det høvet vore synfaring til Molde i samband med arbeidet med behovskartlegging. Det har forøvrig også vore eit møte om denne saka i plan og byggenemnda. Ein får kome nærare attende til framdrifta når denne saka er meir avklara.

## Barnehage

Ikkje noko rapportert

## Barn- familie- og helse

Geriatrikompetanseprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Møre og Romsdal, Helse Midt, Sande og Herøy kommuner. Frå kommunen er det og deltaking frå Pleie og Omsorg. Eit av delprosjekta i geriatrikompetanseprosjektet er samhandlingsprosjektet mellom Alderspsykiatrisk avdeling ved Helse Møre og Romsdal HF og kommunen. Prosjektet medfører at Alderspsykiatrisk avdeling har desentraliserte virkedagar i Herøy der eit tverrfaglig fagteam har pasientkonsultasjonar i kommunen.

Styringsingsgruppa gjennomføre "Felles fagdag" for helsepersonell i Herøy, Sande og med. avd. Volda sjukehus 31.01 – 01.02.2013.For at flest mogleg kunne delta vart det same programmet gjennomført begge dagane.
Hovedtema: var "Pasientsikkerheit".Tilsaman var det 90 deltakarar fordelt med like mange begge dagar.Fagdagen er og følgt opp i etterkant mellom anna med samstemming av medisinlister og deltaking i pasientsikkerheitkampanjen. .

## Bu og habilitering

**Arbeidsgruppe arbeidstid/deltid**
Pleie- og omsorg, bu- og habilitering, personalavdelinga og HTV har ei felles arbeidsgruppe der det viktigaste oppdraget er å få etablert ein vikarbank. Dei har oppdatert kartlegginga over uønska deltid, innhenta informasjon om landskjende prosjekt, og sett på kommunen sine eigne erfaringar så langt. Det har ikkje lykkast å få prosjektmidlar til dette, og arbeidet må gjerast langs med. Framdrifta er prega av det.

Felles prosjekt mellom Pleie og omsorg og Bu og habilitering, prosjekt jobbrotasjon frå Våren 2013 tom. 2014.

## Eigedom

(ikkje oppdatert per 01.05.13)
Eigedomsavdelinga rapporterer under dette punkt for status for planlagde investeringsprosjekt.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| 2890.48648 | Ytre Herøy ungdomsskule<br>Nytt ventilasjonsanlegg | K-sak | kr. 3 800 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Kravspesifikasjon er under utarbeidelse av ekstern konsulent og skal til Plan- og byggenemnda for godkjenning før konkurranseutlysing.

Framdriftsplan
Det er planlagt anbodskonkurranse i månadsskiftet februar/mars, kontrahering av utførande innan april/mai og gjennomføring av prosjektet i løpet av sommarferien.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| 2885.52404 | Moltu barneskule<br>Nytt ventilasjonsanlegg | K-sak | kr. 1 800 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Kravspesifikasjon er under utarbeidelse av ekstern konsulent og skal til Plan- og byggenemnda for godkjenning før konkurranseutlysing.

Framdriftsplan
Det er planlagt anbodskonkurranse i månadsskiftet februar/mars, kontrahering av utførande innan april/mai og gjennomføring av prosjektet i løpet av sommarferien.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| | Herøy rådhus<br>Etablering av sentral driftskontroll | K-sak | kr. 1 000 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Kravspesifikasjon er under utarbeidelse av ekstern konsulent og skal til Plan- og byggenemnda for godkjenning før konkurranseutlysing.

Framdriftsplan
Ikkje fastsatt pt.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| | Herøy sjukeheim - blå avdeling<br>Etablering av reservekraftforsyning | K-sak | kr. 830 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.


| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| | Herøy sjukeheim - blå avdeling<br>Etablering av reservekraftforsyning | K-sak | kr. 830 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.


| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| | Herøy sjukeheim - raud og grøn avdeling<br>Etablering av reservekraftforsyning | K-sak | kr. 830 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.

| Prosjektnummer | Prosjektnavn | Grunnlagsdokument | Budsjett |
|---|---|---|---|
| | Myrvåg sjukeheim<br>Etablering av reservekraftforsyning | K-sak | kr. 830 000,- |

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.

## Fellessekretariatet
Ikkje noko rapportert.

## IKT
IKT- planen ligg til grunn for prosjektgjennomføringa.

## Kultur
Kulturkontoret har samarbeidsavtalar med grendelag og idrettslag i bygging av aktivitetsanlegg.
Ballbinge ved Nerlandsøy skule vart opna i haust. Nerlandsøy Grendelag har vore samarbeidspart.
Det er sett i gong bygging av sandhandballbane i Aktivitetsparken ved kulturhuset. Samarbeidspart er Bergsøy Handball.

Kulturkontoret koordinerer og godkjenner søknader om spelemidlar til idrettsanlegg, aktivitet og friluftsliv. Det er sendt søknad om spelemidlar til fylgjande prosjekt:
- Bergsøy stadion, kunstgras
- Gurskøy IL, kunstgras
- Sunnmørsbadet Fosnavåg, 25 ms symjebasseng m/ stup, og rehabilitering av varmebadet
- Heid Turløype, 1. byggesteg
- Heid Turløype, 2. byggesteg
- Nerlandsøy Ballbinge som er forskottert.

## Personal - og organisasjonsavdelinga
Er med i to samarbeidsporjsekt mot pleie og omsorg og bu og habilitering, sjå kommentarar der.

## Pleie og omsorg
Gjennom ulike interkommunale samhandlingsfora, og som oppfølging av samhandlingsavtalen med Helseføretaket, er avdelinga med på mange mindre samarbeidtiltak som det ikkje er rapportert om her.

Prosjekt "kompetanseløftet" på rehabilitering av hjerneslag mellom kommunane på søre Sunnmøre og helse Sunnmøre hf, Mork rehabiliteringssenter
Interkommunalt prosjekt der pleie- og omsorg og helseavdelinga er med

Prosjekt geriatri/kompetanse.
Eiga prosjektskisse - samarbeidsprosjekt med helseavdelinga, som er prosjektansvarleg

Arbeidsgruppe arbeidstid/deltid
Pleie- og omsorg, bu- og habilitering, personalavdelinga og HTV har ei felles arbeidsgruppe der det viktigaste oppdraget er å få etablert ein vikarbank. Arbeidet må gjerast langs med. Framdrifta er prega av det.
Prosjekt velferdsteknologi
Vi er med i eit interkommunalt prosjekt der vi saman med Ålesund og nokre kommuner til har fått prosjektmidlar frå fylkesmannen for å prøve ut spel- og sporingsteknologi. GPS har vore testa på personale i vinter og skal no prøvast på pasientar. Vi har fått installert spelteknologi på Herøy omsorgssenter, og skal i prosjektet kartlegge pasientane sin

nytte/erfaring av dette. Dette er eit forskningsprosjekt som nyleg vart godkjent av regional komitè for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk i Midt Norge

Prosjekt jobbrotasjon
Eit internt samarbeidsprosjekt frå haust 2013- 2014. Det vert laga eit eige orienteringsnotat på det.

## Servicetorget

Ikkje noko rapportert

## Skule

Tildelte Skjønnsmidlar 2012
Skuleavdelinga fekk i september melding om tildeling av kr.100.000 i skjønnsmidlar for 2012, for å sjå nærare på forholdet mellom ordinær undervisning og spesialundervisninga. Målet er at den ordinære undervisninga skal styrkast, og spesialundervisninga bli redusert. Ved dette vil fleire elevar få nytte av dei ressursane som skulane får tildelt. Prosjektet har fått namnet «Meir læring for fleire». Prosjektet er organisert med ei arbeidsgruppe samansett av repr. frå skule og frå PPT, og der nokre av skulane skal vere pilotskular for utprøving av metodar.

Deltaking i nasjonal satsing Vurdering for læring
Utdanningsdirektoratet har siste åra gjennomført ei stor satsing på fagområdet Vurdering for læring. Møre og Romsdal fekk denne hausten kome med i programmet, som pulje 4. Kommunane i fylket fekk høve til å søkje om deltaking, utifrå gitte kriterie. Herøy var heldig og fekk vere med. Satsinga er ein kombinasjon av kompetansebygging og skuleutvikling. Kommunen må utnemne ein ressursperson for satsinga i minst 20% stilling, og får tildelt kr.220.000 som m.a. skal dekke dette. Vi er heilt i startfasen, og vil kome tilbake med meir informasjon i seinare rapporteringa.

## NAV Herøy

Ikkje noko å rapportere

# Utvikling

**Planarbeid**
Status for dei ulike planoppgåvene går fram av eige vedlegg, men ein del oppsummerande kommentarar er teke med i det som følgjer nedanfor:

**Til planstatusoversikten**

Ved rapportering av planstatus **pr. 31.12.12 stod det 34 planoppgåver på lista**.

3 planoppgåver er registrert avslutta i siste rapporteringsperiode (Reguleringsplan Indre Leine, Reguleringsplan for Nærøya, fortau veg og kryss, Reguleringsplan for innfartsveg Fosnavåg ).

Følgjande planoppgåver ligg hos Fylkesmannen som klagesak og er ikkje registrert som avslutta:

- Detaljreguleringsplan for Myklebuståsen II
- Detaljreguleringsplan for gnr 37 bnr 380 m.fl
- Detaljreguleringsplan Frøystad 2

Følgjande klagesak og er registrert som avslutta:

- Hjelmeset 4

Det har i løpet av 1 tertial 2013 har det kome til 4 nye planoppgåver:

- Detaljreguleringsplan Eggesbøjorda området FKO
- Reguleringsendring Frøystad skule, gnr. 20, bnr. 27 m fl
- Ny basestasjon brannvernet
- FV18 Leine –Remøyholm, reguleringsendring

**Ein har såleis 37 planoppgåver.**

**Kartverk/arbeid med kartverk**

Generelt
Generelt har ein fokus på generell utvikling av kartsystemet, intern brukarstøtte på programvare og å betre funksjonaliteten.

Oppmålingsavdelinga følgjer og opp seksjoneringssaker som kjem til kommunen. I tillegg bistår ein eigedomsavdelinga i diverse saker vedk. grunnkjøp/sal/etablering av nye tomter.

Adresseprosjekt
Store delar av Bergsøya fekk tildelt nye gateadresser I 2009. Prosjektet vil gå vidare til alle eigedomar i Herøy har fått gateadresser og er eit prioritert arbeid ved avdelinga.

Webplan
Utviklingsavdelinga har etablert Webplan 1.1, eit planarkiv som inneheld alle gjeldande reguleringsplanar og alle reguleringsplanar som er under oppstart/arbeid. Her kan ein følgje alle fasene i eit planarbeid. I Webplan finn du m.a reguleringsføresegner, saksframlegg, vedtak, planomtaler, plankart, reguleringsendringar osv. Webplan har og kobling begge vegar mot kartløysinga www.sunnmorskart.no.

Webplan finn ein på denne lenka her- http://webplan.heroy.kommune.no/

Ny kartlegging
I samarbeid med Ulstein og Hareid vil Herøy kommunen gjennomføre ei nykartlegging i 2013 med leveranse i januar 2014. Kommunen vart flyfotografert 19 mai 2013.

Andre prosjekt

- Scanning av gamle kartplater i vårt arkiv - gjennomført
- Etablering av ortofoto frå gamle flybilde- GEOVEKST prosjekt som vert gjennomført i 2013
- Innføring av nytt høgdesystem – under arbeid
- Kvalitetslosen, eit auka fokus på å legge inn aktuelle rutiner.

# Økonomi

Ikkje noko å rapportere.

# Bulystprosjektet

Bulystprosjektet er eit 3-årig prosjekt finansiert med tilskot frå KRD og Møre og Romsdal fylkeskommune (LUK- midlar). Det er tilsett prosjektleiar i 100 % stilling. Prosjektleiaren tok til i november 2012.

Det er oppretta styringsgruppe for prosjektet. Ordføraren i Herøy er leiar for styringsgruppa.

Herøy kommune og nabokommunane på Sunnmøre har store utfordringar når det gjeld å rekruttere og behalde arbeidskraft/å inkludere innvandrarar og andre tilflyttarar. Kommunen ynskjer med dette prosjektet å utvikle tiltak for at arbeidsinnvandrarane og andre tilflyttarar skal etablere seg og verte buande i kommunen.

Prosjektplanen er forankra i kommunen, i regionen, i fylkeskommunen og i leiinga i Marine Harvest. Det vil vere ei sentral oppgåve for prosjektet å knyte kontakt med leiinga i bedrifta, den enkelte tilsette og familien, det offentlege tenesteapparatet, frivillige lag og organisasjonar.

I oppstarten av prosjektet har prosjektleiar brukt mykje tid på å vere i bedrifta Marine Harvest nettopp fordi ein ser verdien av å bli fort kjent, samt det er viktig å kjenne godt til denne bedrifta som skal vere ein så viktig samarbeidspartnar. Det er også viktig å bruke tid i bedrifta fordi den er ein del av prosjektet. Vi er avhengige av at dei er med oss, då må dei involverast og vi må ha relasjonane i orden. Det vart også tidleg i prosjektet nedsett ei ressursgruppe av arbeidsinnvandrarar frå ulike land som har vore her i fleire år. Denne gruppa skal bruke tid på å vere saman for å bli kjent og trygge på kvarandre, og det fører til mange ærlege og gode innspel til prosjektleiar.

Prosjektet har som hovudmål å bidra til å gjere distriktskommunane meir attraktive for busetjing ved hjelp av auka kompetanse på praktiske tiltak for auka integrering og inkludering i lokalsamfunna. Vidare er det formulert tre delmål:

- Prosjektet skal bidra til at området har eit omdøme for å gjere eit godt arbeid for å inkludere og integrere innvandrarar og andre tilflyttarar.
- Prosjektet skal bidra til at offentlege instansar utviklar nye og betre løysingar for tenestene sine og styrkar vertskapsrolla si i samarbeid med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien og frivillige lag og organisasjonar.
- Prosjektet skal utvikle rutinar og verktøy for å sette i verk konkrete planmessige tiltak, m.m. utvikling av handlingsplanar.

I prosessplanen er det peika på at tiltak som busetjing, språkopplæring, kulturforståing, skaffe arbeid til partnaren, deltaking i kultur og fritidsaktivitetar er utfordringar for innvandrarane. I prosjektet er det lagt til grunn at utfordringane skal analyserast i fylgjande arbeidsgrupper der det også skal utviklast tiltak og handlingsplanar:

- Arbeidsgruppe språkopplæring. (Felles for Herøy og Ulstein)
- Arbeidsgruppe bustad (Felles for Herøy og Ulstein)
- Arbeidsgruppe kultur/fritidsaktivitetar (Kvar si gruppe i Herøy og Ulstein)
- Arbeidsgruppe nye løysingar for offentlege tenestefunksjonar (jf. her delmål) (Felles for Herøy og Ulstein)

# Pilotprosjektet  Likestilte kommunar

Herøy kommune er utpeika er utpeika som pilotkommune av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet det 3- årige prosjektet Likestilte kommunar. Kommunen får 100.000 kr i årleg tilskot i perioden.

Det er oppretta styringsgruppe for prosjektet med Olaug Andreassen som leiar. Tine Storøy er nestleiar.

KUN (senter for kunnskap og likestilling) fylgjer opp kommunen i prosjektet.

Kommunen har fokus på fire område i prosjektet:

- Likestilling i samfunnsdelen av kommuneplanen
- Likestilling i møte med borna i barnehagen
- Likestilling i møte med helsestasjonen
- Rullering av lønspolitisk handlingsplan

Det har vore 3 samlingar i prosjektet så langt i år, seinast i veke 22. Prosjektplanane med mål, milepælsplan og ansvarsfordeling skal ligge føre innan 15. juni d.å.

# LOKALSAMFUNN

## Overordna mål

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling
- Herøy kommune skal ha godt omdøme.

Kommunestyret har i samband med lokalsamfunnsanalysen i 2008 slutta seg til slike satsingstiltak for Herøyløftet:

**Sentrumsnære tomter og leilegheiter**

- Styrke kapasiteten når det gjeld regulering og byggesaksbehandeling.
- Stimulere private utbyggarar til å satse på utbygging av leilegheiter og bustader

**Status:**
Det vert ei sentral utfordring framover å legge til rette for utbygging og fjerne flaskehalsar for dei som ynskjer å satse på utbygging av tomter og leilegheiter.

**Rekruttering/omdømebygging**
Utarbeide rekrutteringsstrategi og omdømestrategi i samarbeid med næringslivet som m.a. må innhalde fylgjande tiltak:

- Marknadsføre regionen som arbeidsmarknad (Eiksundsambandet)
- Kvinner med høgare utdanning også til maritime næringar…
- Sommarjobbar i kommune og næringsliv for ungdom under utdanning (relasjonsbygging)
- Stipendordningar
- Karriereseminar/utflyttardagar i juleferien
- Hotell i Fosnavåg, Torvik Resort og Runde Miljøsenter som kan gje nye arbeidsplassar
- Rekrutteringskonferanse i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune
- Auke kunnskapen om usynlege jobbmuligheiter i kommunen
- Bruk av Facebook
- Utvikle database over utflytta herøyværingar
- Tilflyttardag ein gong pr år med ”velkomstpakke”

**Status:**
Dette er tiltak som eventuelt må innarbeidast i samfunnsdelen av kommuneplanen.

**Sosiale møteplassar**

- Utvikling av kulturhusområdet med fritidsbad, bowling, bibliotek, vil vere viktig som ungdomstilbod, fritidstilbod, idrettstilbod og sosial møteplass.
- Hotell i Fosnavåg vil også kunne fungere som sosial møteplass
- Legge til rette for møteplassar for ungdom i samband med feriar (juleferie, påskeferie, sommarferie, som t.d maritime sommardagar, Herøyspelet m.m.
- Etablere ”Kvinnenettverk”

**Status:**
Det vert arbeidd aktivt for å utvikle planane for Kulturhusområdet. Enkelte av tiltaka må vurderast i samfunnsdelen av kommuneplanen.

**Sentrumsutvikling (utvikling av ”urbanitet”)**

- Sentrumsplan
- Utbygging av intrastruktur

**Status:** Det er fleire planar under utarbeid for utvikling av sentrumsområdet.

**Styrke identitet og tilhøyrsle.**

- Utarbeide eit opplegg for å utvikle sterkare identitet og tilhøyrsle til kommunen mellom born og unge som m.a. bør innhalde fylgjande tiltak.
- Utvikle eit undervisningsopplegg for bruk i skule og barnehage i samarbeid mellom skule, barnehage og bibliotek.
- Samle og fortelje historier frå notid og fortid om ”kven vi er” i samarbeid med sogelaget.
- Dokumentere historia vår (også kvinnene si historie) gjennom utstilling av foto og gjenstandar i t.d. det nye hotellet.

**Status:**
Dette er tiltak som må vurderast i samfunnsdelen av kommuneplanen..

**Kompetansearbeidsplassar**
For at kommunen skal kunne tiltrekke seg folk med høgare utdanning, må kommunen ha kompetansearbeidsplassar.

**Status:**
Dette må vurderast i samfunnsdelen av kommuneplanen.

## Anlegg og drift
Ikkje noko rapportert.

## Barnehage
Barnehagane har som mål å bidra til godt omdømme m.a ved å profilere sitt indre liv på internetsida og i lokalavisa. Alle barnehagane er bevisste på å ha fokus på “Herøyidentitet” når dei er ute og ferdast i lokalmiljøet. Målet er at barna skal vere glad i heimplassen sin og kjenne stoltheit over den.

## Barn- familie og helse
Ikkje noko rapportert.

## Bu og habilitering
Ta i bruk moderne kommunikasjonshjeplemiddel for å profillere kva vi driv med.

## Eigedom
Ikkje noko rapportert.

## Fellessekretariatet
Ikkje noko rapportert.

## IKT
Ikkje noko rapportert.

## Kultur
Ikkje noko rapportert.

## Personal - og organisasjonsavdelinga
Ikkje noko å rapportere.

## Pleie og omsorg
Sjukeheimane ynskjer å vere ein naturleg del av lokalsamfunnet, og det at flest mulig av kommunen sine innbyggarar besøker sjukeheimen er med på å bidra til det. Dette skjer i det daglege først og fremst gjennom kontakta med stadig nye pårørande. Så gjennom alle dei frivillige som besøker oss, ofte gjennom faste aktivitetar som velforeningane, sanitetsforeninga eller diakoniutvalet med fleire. Kvar veke er der andakt med besøk av prest og organist. Barnehagen er fast innom på besøk og vi har invitert skulane med på eit meir systematisk samarbeid

Kulturgruppa arbeider godt og systematisk. Der har vore innslag i lokale media..

## Servicetorget
Kommunen er på facebook (1186 tilhengarar som er ei auke på 77 personar dvs 6,9 % sidan sist rapportering). Ein har invitert publikum om å sende inn bilder frå kommunen som ein legg som forsidebilde jevnleg.

Internettsida vert oppdatert raskt når ein har ting å publisere - administrasjonen må nok tenke endå meir på at web-sida skal vere ein kanal for formidling av informasjon.
Aktiv bruk av nettsida og sosiale medier kan gi innsparing på annonsering. I tillegg vil ein framstå som moderne og tilpassa brukarane.

## Skule
Ingen nye prosjekt/aktivitetar er gjennomført i siste tertial.
Nemnast kan likevel alle flotte arrangement rundt om på skular, grendahus, kulturhus og kyrkjer før jul, der elevar får vise talent som aldri vert målt i kartleggingar og nasjonale testar. Eit godt samarbeid mellom tilsette, foreldre og andre ressurspersonar er grunnlaget for tilrettelegging av arrangementa. Her har vi ein stor verdi å ta vare på.

## NAV Herøy
Arbeidsløysa i Herøy kommune har over lang tid vore veldig låg, og ved utgangen av mai var 1,9 % av arbeidsstyrken heilt ledige. Til saman utgjer dette 54 menn og 30 kvinner. I tillegg kjem dei som er sjukmelde og som har nedsett arbeidsevne. I arbeidet med å få fleire ut i arbeid er arbeidsgjevarane i Herøy kommune viktige samarbeidspartar, og NAV Herøy har vore på – og planlegg- fleire bedriftsbesøk dette året.

## Utvikling
Ikkje noko rapportert.

## Økonomi
Ikkje noko spesielt å rapportere. Delar av avdelinga sin aktivitet er særs utadretta med mange henvindingar frå personar og verksemder. Har inntrykk av at dette stort sett går greitt.

DETALJ OG OMRÅDEPLANER (kommunale og private)

GENERELL OVERSIKT
**(Siste politiske prioritering den 9/4-2013 sak 66/13)**

**Liste Ajourført- 22.05.2013**

**KOMMUNALE PLANER:**

A- **avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak**

**Kommuneplaner, delplaner og temaplaner**

| Lnr. | Planident | Saksnr | Plannamn | Ansv. | Pol.pri. | Status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. | 201245 | 11/469, 12/4 | Kommunedelplan avløp 2006-10 | OM | 1 | |
| 2. | 201250 | 10/368, 10/630, 12/7 | Kommuneplan Herøy – Hovedrullering | OM | 1 | |
| 3. | 201269 | 11/388, 12/5 | Kommunedelplan Helse og Omsorg | OM | 1 | |
| 4. | 201270 | 12/546 | Kommunedelplan Trafikktrygging | AZT | 1 | |
| 5. | 201302 | | Kommunedelplan bustadsosial handlingsplan | OM | 1 | |
| 6. | 201303 | | Rusmiddelpolitisk handlingsplan. | OM | 1 | |
| 7. | | | Strategisk næringsplan. | OM | 1 | |

**Område og detaljreguleringsplaner**

| Lnr. | Planident | Saksnr | Plannamn | Ansv. | Pol.pri. | Status |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 8. | 201258 | 07/108 | Reguleringsplan Indre Leine bustadfelt | AZT | 1 | A |
| 9. | 201246 | | Ny innfartsveg Fosnavåg | HR | 1 | A |
| 10. | 201247 | 07/820 | Reguleringsplan Indre Bergsøy | BSS | 1 | |
| 11. | 201248 | | Reguleringsplan Moltustranda, nytt bustadfelt | AZT | 1 | |
| 12. | 201249 | | Reguleringsplan FV20 Huldalskrysset-Igesund | BSS | 2 | |
| 13. | 201261 | | Reguleringsendring Mjølstadneset | - | 2 | |
| 14. | 201263 | | Reguleringsplan for Fosnavåg hamn (indre del) | BSS | 1 | |
| 15. | 201265 | 10/164 | Reguleringsplan for Kvalsund hamn | HR | 1 | |
| 16. | 201266 | 11/717 | Nærøya, fortau, veg og kryss | AZT | 1 | A |
| 17. | 201267 | | FV654 Flusundkrysset- kryss mot Vikane | HR | 1 | |
| 18. | 201271 | | Runde, tilrettelegging av tomter | BSS | 2 | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 19. | 201272 | 11/852 | Reguleringsplan gangsti rundt Myklebustvatnet | | 2 | |
| 20. | | | Regulering av gang og sykkelvegar og trafikksikringstiltak | AZT | 1 | |
| 21. | 201305 | 13/566 | Reguleringsendring Frøystad skule, gnr. 20, bnr. 27 m fl | BSS | | N |
| 22. | 201306 | | Ny basestasjon brannvernet | HR | | N |
| 23. | 201307 | | FV18 Leine –Remøyholm, reguleringsendring | HR | | N |

PRIVATE PLANER:
A- **avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak**

| **Lnr.** | **Planident** | **Saksnr** | **Plannamn** | **Ansv.** | **Status** |
|---|---|---|---|---|---|
| 24. | 201275 | 10/422 | Reguleringsplan 24/2, Røykeritomta | HR | |
| 25. | 201283 | 09/424 | Reguleringsplan utvida bustadfelt Frøystad | AZT | KL |
| 26. | 201278 | 09/611, 12/12 | Reguleringsplan Verket | OM | |
| 27. | 201277 | 10/125 | Reguleringsplan for Myklebuståsen | AZT | KL |
| 28. | 201252 | 10/80 | Reguleringsplan Hjelmeset III | BSS | |
| 29. | 201284 | | Reguleringsplan Huldal | AZT | |
| 30. | 201276 | | Reguleringsplan Kvalsund | BSS | |
| 31. | 201209 | 11/341 | Reguleringsendring Myklebust vest | AZT | KL |
| 32. | 201286 | | FV 654 Indre Herøy kyrkje-Stoksund | HR | |
| 33. | 201285 | | IMO senteret | AZT | |
| 34. | 201262 | | Reguleringsendring Vågsholmen | AZT | |
| 35. | 201289 | | Regulerings-endring for Sjøsida Eigedom | BSS | |
| 36. | 201301 | | Lanternen Marina | AZT | |
| 37. | 201304 | | Detaljreguleringsplan Eggesbøjorda området FKO | AZT | N |

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201209 |
| **Plannamn** | Reguleringsendring Myklebustvatnet vest gnr 31 bnr 380 m.fl |
| **Tiltakshaver** | Ingolf Fylling |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG Plan og Arkitektur AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Nei |
| **Beløp** | Privat plan |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **25.01.2013.** |

**Planstatus**:

Reguleringsplanen er eigengodkjend av kommunestyret. Saka er påklaga av naboane i Svingen. Klagesaka er ferdig førebudd og vert fremja for politisk behandling i juni 2012.

Kommunestyret endra sitt tidlegare vedtak om godkjenning av plan og gjorde endringar til 2.etasjer for "Lensmannskontoret".

Vedtaket er påklaga av naboane og tiltakshavar.

Klagesaka er ferdig førebudd til politisk handsaming med tilråding om å avvise klagene og sende saka over til Fylkesmannen for endeleg avgjerde.

Saka er handsama av kommunestyret.

**Fylkesmannen melder at saka mest truleg vert avgjort i mars 2013.**

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201245 |
| **Plannamn** | Kommunedelplan avlaup 2012-2022 |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | - |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR AVLAUP |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.5.2013** |

**Planstatus**:

Arbeidet er starta opp og planprogram er vedteke.
Runde Miljøsenter har gjennomført resipientundersøkelsar levert statusrapport for eit utval av resipientane i Herøy.

*Status: Utviklingsavdelinga skal oppdatere delar av kommunedelplanen etter avtale med Anlegg- og driftsavdelinga. Arbeidet ligg etter tidsskjema på grunn av at resipientundersøkingane måtte gjennomførast på sommaren og det har teke lang tid med utarbeiding av rapporten.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201246 |
| **Plannamn** | Ny innfartsveg Fosnavåg |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Asplan Viak/Statens vegvesen |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **16.05.2013** |

**Planstatus**:

Planprosessen starta vinteren 2006 og den omfatta reguleringsplan m/tilhøyrande konsekvensutgreiing for ny innfartsveg på strekninga Hjelmeset - Fosnavåg. Saka enda til slutt i Miljøverndepartementet som i januar 2011 konkluderte med å stadfeste Fylkesmannen si motsegn når det galdt alt. 1 langs nordsida av Myklebustvatnet naturreservat. Departementet tilrådde forøvrig at kommunen arbeidde vidare med planen etter alt. 2.

Kommunestyret tok etter dette departementet sitt vedtak til vitande og ga klarsignal for vidare planarbeid etter alt. 2 (bruk av eksisterande FV 654 og via rundkøyring ved HVS og tunnell til sentrum). Reguleringsplanen etter alt. 2 vart vedteken av kommunestyret i møte den 25.04.2013 (K-sak 49/13). Plansaka er vidare ekspedert til grunneigarar/naboar og aktuelle høyringsinstansar og melding om godkjent plan er annonsert i Vestlandsnytt og på kommunen si nettsida. Frist for evt. klage er sett til 28.05.2013.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 07001 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Indre Bergsøy |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | AG Plan og Arkitektur AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\HALLVARD\INDRE_BERGSØY |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **22.5.2013** |

**Planstatus**:
Kommunen mottok rapport etter arkeologisk registrering i mai 2012. Formannskapet vart orientert om resultatet i møtet 18.9.2012. Formannskapet kom med klare tilbakemeldingar til det vidare planarbeidet.

Utviklingsleiar og sakshandsamar har hatt møte med kulturavdelinga. Kulturavdelinga gav i møtet klar melding om at funna som er gjorde i samlevegtraseen er av stor verdi og at dei ikkje vil tilrå dispensasjon.

Kommunen ba kulturavdelinga om å kome med ei klar tilbakemelding på kva som må vernast og kva område det kan søkjast om dispensasjon for. Kommunen ba også om at kulturavdelinga kjem med forslag til omsynssone C.

Kommunen fekk tilsendt kart med forslag til omsynssone C i slutten av november 2012.

Med bakgrunn i forslaget frå kulturavdelinga, har kommunen laga til ei ny skisse for utnytting av området. Kommunen ønskjer å leggje til rette for flest mogleg tomter, samstundes som ein prøver å ta vare på ein del av dei mest særmerkte funna innanfor området. Skissa kjem i konflikt med fleire av funnområda. Kommunen har fått tilbakemelding på skissene og det er gjennomført synfaring (15.2.2013).

Kommunen har fått tilbakemelding frå kulturavdelinga. Er godt i gang med ROS-analyse, revisjon av planomtale og justering av kart.

AG Plan og Arkitektur AS er engasjert i arbeidet med oppdatering av vegar i området. Konsulent har gitt signal om at arbeidet vil vere ferdigstilt i 2. halvdel av juli. Etter at kommunen har motteke oppdatert materiale knytt til vegar, må ein teikne ut planen i høve til nytt lovverk. I tida framover vert det arbeidd med ROS-analyse, planomtale, føresegner og plankart.

Reguleringsplan med tilhøyrande dokument vert å leggje ut til nytt offentleg ettersyn i august/september 2013.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201248 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Moltustranda, nytt bustadfelt |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Utviklingsavdelinga |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\utviklingsavdelinga\plan\aleksander\byggefelt moltustranda |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kommunal plan | | |
| **Areal** | Kommunal plan | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **21.05.2013** |

Planstatus:

Det vart  arrangert ope møte på Moltu skule for diskusjon om byggjefelt på Moltustranda. Dato for møtet var 22.2.11.

Utviklingsavdelinga har og vore i dialog med fleire grunneigarar på Moltu om å få i stand avtale om kjøp av areal til veg og kommunale tomter. Det er gjennomført synfaringar og møter med grunneigar i eit av området.

Utviklingsavdelinga har utarbeidt fleire førebelse planskisser som grunnlag for vidare forhandlingar og seinare formelt oppstart av planarbeid.

Vidare framdrift er avhengig av forhold knytt til erverv av eigedom. Herøy kommune er i dialog med fleire grunneigarar kring taksering av eigedomar og forhandlingar kring kjøp av eigedom.

Status: *Planarbeidet blir starta opp dersom ein kjem til einigheit om intensjonsavtalar for kjøp av areal med aktuelle grunneigarar.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 09004 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan FV20 Huldalskrysset-Igesund |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **22.5.2013** |

**Planstatus**:
Under planprioriteringa for 2009 vedtok FPL at prosjekta **Reguleringsplan FV 20, gang-/sykkelveg/fortau rundt Kleiva** og **Reguleringsplan FV 20 Igesundkrysset** skulle slåast saman til eitt prosjekt. Seinare er det bestemt at sistnemnde prosjekt likevel skal gå vidare. Det opprinneleg bestemte samleprosjektet er difor no avgrensa noko og vert avslutta mot planområdet for **Reguleringsplan FV 20 Igesundkrysset**.

Saka om oppstart av reguleringsplanarbeid vart handsama i formannskapet 2.10.2012. Formannskapet sende saka attende til administrasjonen. Utvalet ba om at det skal utarbeidast reguleringsplan for strekninga Huldalskrysset til Nerlandsøy bru.

Etter at Statens vegvesen informerte om at ma. Nerlandsøy bru, er i dårleg forfatning, har ein bestemt at planarbeidet vert å sjå i samanheng med planlegging av ny bru til Nerlandsøya. Plansaka er avslutta.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 10001 |
| **Plannamn** | Kommuneplan Herøy- hovudrullering |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy Kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\KOMMUNEPLAN |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.5.2013** |

**Planstatus**:
For samfunnsdelen er det stadfesta satsingsområder og gjennomgåande perspektiv og administrasjonen har begynt å utarbeide forslag til samfunnsdel. Ein har som målsetting å ha eit forslag klart før sommaren 2013

For arealdelen har ein starta arbeidet med å konsekvensutgreie dei nye byggeområde som er lagt inn i kommuneplanen. Når forslag til plankart er ferdig vil ein utarbeide forslag til føresegner og planomtale knytt til arealdelen. Ein har som målsetting å ha forslag til arealdel klart før sommaren 2013.

*Status:*
*Samfunnsdelen: Administrasjonen har begynt å utarbeide forslag til samfunnsdel med bakgrunn i kommunestyret og formannskapet sitt vedtak om satsingsområder og gjennomgåande perspektiv.*

*Arealdelen: Arbeidsgruppa for kommuneplanen sin arealdel har handsama alle innspel som har kome inn i arbeidsperioden og gjennomført synfaring. Administrasjonen har starta arbeidet med å utarbeide plankart, planomtale og føresegner til kommuneplanen sin arealdel.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201252 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Hjelmeset III |
| **Tiltakshaver** | Tømrerservice AS |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | Tømrerservice AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\HJELMESETH3 |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kr 4.000. | Februar 2010 | |
| **Areal** | Kr 17.400 | 28.04.2011 | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **22.5.2013** |

**Planstatus**:
Kommunestyret godkjende reguleringsplanen i møte 28.2.2013. Klagefristen gjekk ut 4.april.

Innan fristen kom det inn tre klager på kommunestyret sitt vedtak. Slik kommunen vurderer klagene, inneheld dei ikkje nye moment i høve til tidlegare. Klagarane kan såleis ikkje pårekne å få medhald i klagene.

Det vert lagt fram sak for formannskapet i møte18. juni med oversending til kommunestyremøte 27.6.2013.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201258 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan for Indre Leine bustadfelt |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy Kommune/AG plan |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\INDRE LEINE |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kommunal plan | | |
| **Areal** | Kommunal plan | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **21.05.2013** |

**Planstatus**:
Arbeidet med reguleringsplan for bustadfelt på Indre Leine vart første gang oppstarta rundt år 2000 (innleigd konsulent ICG). I juni 2002 låg første framlegg til plan ute til offentleg ettersyn. Det vart då fremja krav frå fylket om arkeologisk registrering. Midlar vart sett av i mai 2005 og registreringa vart gjennomført i sept/okt 2005. I mai 2008 vart det gjort nytt vedtak om oppstart av planarbeid. Planområdet fekk ny avgrensing, der dei fleste funnområda var tekne ut av planen. Ny innleigd konsulent no var AG Plan og Arkitektur AS. Etter FPL-vedtak 18/09 den 24.02.09, vart planen lagt ut til nytt offentleg ettersyn i perioden 27.02. – 27.03.2009. Den 05.03.2009 vart det søkt fylket om frigjeving av to kulturminneområde innanfor planområdet.

Saka er lagt fram for politisk handsaming med tilråding om 2.gongs offentleg ettersyn i møte 14.02.12. Det er vidare vore gjennomført avgrensa høyring grunna mindre endringar i planforslaget.

Kommunestyret gjorde i møte av 25.04.2013, K-sak 51/13 vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan for «Indre Leine bustadfelt».

Vedtaket er no kunngjort med frist for klage 31.05.2013.

Status: *Ein avventar klagefrist for vidare arbeid med arkivering av godkjend plan.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201261 |
| **Plannamn** | Reguleringsendring Mjølstadneset |
| **Tiltakshaver** | Herøy Kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **26.09.2012** |

**Planstatus**:

Dette gjeld omregulering av austre del av Mjølstadnesområdet med sikte på å tilrettelegge erstatningstomt for bedrift som på sikt må flytte frå Torvik. AG Plan og Arkitektur vart engasjert våren 2009, for å vurdere om innteikna vegtrase i kommuneplanen kunne kome i konflikt med avgrensinga av industriområdet.

Statens vegvesen har på ettersommaren (jfr. prosjekt **4 Kommunedelplan for RV 654 Røyra Mjølstadneset**) starta arbeidet med kommunedelplan for RV 654 frå Røyra til Mjølstadneset. Sjølve arbeidet med reguleringsendringa vil gå vidare når forholda omkring ovannemnde vegline er tilstrekkeleg avklara.

Det har ikkje vore arbeidd med saka sidan førre rapportering.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201002 |
| **Plannamn** | Reguleringsendring Vågsholmen |
| **Tiltakshaver** | Vågsholmen Utvikling AS v/ Arthur Almestad |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG Plan og Arkitektur AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSENDRING VÅGSHOLMEN |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | 5000,- | 19.02.2013 | |
| **Areal** | 12.600,- | 19.02.2013 | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Nei |
| **Beløp** | - |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **21.05.2013** |

**Planstatus**:

Formannskapet handsama spørsmål om oppstart i møte den 05.06.12 sak 188/12 der de i traff følgjande vedtak:

**«Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-8 at det kan setjast igong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan Vågsholmen (201002).»**

Reguleringsendringa omfatter :

Oppgraderingav vegstandard, justering av linjeføring, mindre justering av friareal og mindre justering av bustadareal som følgje av endring av vegløysing. I tillegg ønskjer tiltakshavarå ta ut regulert veg T1 frå planen- som inkluderer brua over sundet.

Status: *Formannskapet har i møte 22.01.2013,F-sak 6/13, vedteke å leggje framlegg «Reguleringsendring Vågsholmen» ut til offentleg ettersyn i seks veker.*

*Frist for innspel er sett til 07.06.2013.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201263 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan for Fosnavåg hamn (indre del) |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | AG Plan og Arkitektur AS ved Berit Sandvik Skeide |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Fosnavåg hamn |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | ingen | | |
| **Areal** | ingen | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | ja |
| **Beløp** | Ca 500 000 |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **22.5.2013** |

**Planstatus**:
Saksframlegg vart lagt fram for formannskapet i møte 19.2.2013, med tanke på slutthandsaming av planen.

Formannskapet sende saka attende til administrasjonen. Dei ba om å få ei nærare vurdering/avklaring knytt til alternativ lokalisering av busslomme, med sikte på å få frigitt areal til bustadføremål. Formannskapet ba også om at det vert teke kontakt med fylkeskommunen si kulturavdeling med sikte på omgjering av bygningsvernet for nausta på Notaneset. Toril Moltubakk frå kulturavdelinga har vore på synfaring i lag med ordføraren. Kulturavdelinga har meldt tilbake at dei opprettheld motsegna. Fylket rår til at naustområdet på Notaneset vert unnateke rettsverknad i planen i påvente av avklaring.

Plassering av bustadtomt på Notaneset er vurdert. Vern av bygningane vart drøfta med kulturavdelinga i møte i Ålesund 26.4.2013. Positivt møte med avklarande tilbakemelding. Det vart lagt fram referatsak for formannskapet i møte 14.5.2013. Formannskapet gjekk inn for at området på Notaneset vert unnateke rettsverknad i påvente av nærare avklaring. Formannskapet gjekk vidare inn for at det vert lagt til rette for ei bustadtomt på Notaneset.

I og med at det inneber ei endring reguleringsplanforslaget som låg ute til offentleg ettersyn hausten 2013, er endringa sendt ut på høyring til grunneigar, naboar og offentlege mynde (Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal). Frist for å kome med innspel er sett til 3. juni 2013.

Ein satsar på å få lagt fram sak for formannskapet i møte 18. juni med vidaresending til kommunestyret (27. juni).

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201265 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan for Kvalsund hamn |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Rambøll AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | JA (2010-budsjettet) |
| **Beløp** | 200 000 (Jfr. F-sak 147/10) |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **16.05.2013** |

**Planstatus**:
Initiativet til planarbeidet kom frå Søre Vaulen Småbåtlag, Nerlandsøy Småbåtlag, Nerlandsøy Grendalag, Søre Vaulen Slipp og Kvalsundbåtane i fellesskap og det var opprinneleg tenkt som ein privat reguleringsplan.  I formannskapsmøtet den 18.05.2010 vart det imidlertid vedteke at planen skulle fremjast som ein kommunal plan.  Formålet med planarbeidet er å legge til rette for fleire naust, småbåtplassar, parkering, ny vegtilkomst til hamna m.v.

Formannskapet vedtok i møte den 11.04.2012 (F-sak 133/12) at forslag til reguleringsplan skulle utleggast til offentleg ettersyn.  Offentleg ettersyn/innhenting av høyringsuttalar skjedde i perioden 11. mai til 22. juni og frist for innspel/merknader vart sett til 25.06.2012.

Plansaka har vore under førebuing med sikte på ny politisk behandling.  Med vegvesenet sine opplysningar om restlevetida for Kvalsundbrua (5 år) har det imidlertid vorte naudsynt å få avklart kva konsekvensar dette vil ha for hamneområdet før reguleringsplanarbeidet vert vidareført/sluttført.  Det ligg enno ikkje føre tilstrekkelege avklaringar for at planarbeidet kan vidareførast.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201266 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Nærøykrysset – FV 18 |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | AG Plan & Arkitektur AS / Utviklingsavdelinga |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\NÆRØYKRYSSET |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kommunal plan | - | - |
| **Areal** | Kommunal plan | - | - |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | Kommunal plan |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **21.05.2013** |

**Planstatus**:

Formannskapet har vedteke å legge saka ut til offentleg ettersyn / høyring i 2 alternativ. Dette for å avdekkje kva alternativ ein skal arbeide vidare med for området.

Ein arbeider no med handsaming av innkomne merknader frå høyringsperioden, samt justeringar / endringar i planforslaget med sikte på sluttbehandling.

Planforslaget blir fremja til politisk sluttbehandling i løpet av første del av 2013.

Kommunestyret gjorde i møte av 25.04.2013, K-sak 50/13 vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan for «Nærøykrysset FV18».

Vedtaket er no kunngjort med frist for klage 31.05.2013.

Status: *Ein avventar klagefrist for vidare arbeid med arkivering av godkjend plan.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201267 |
| **Plannamn** | Flusundkrysset- Kryss mot Vikane |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **16.05.2013** |

**Planstatus**:
Miljøverndepartementet si stadfesting av Fylkesmannen si motsegn mot planane om ny innfartsveg på nordsida av Myklebustvatnet har aktualisert spørsmålet om å planlegge/iverksetje tiltak lang eksisterande fylkesveg. Det var i første omgang snakk om å vurdere tiltak på strekninga frå Cash & Carry til rundkøyringa på Hjelmeset. Prosjektet er i ettertid utvida og endra namn frå FV 654 Myklebust – Eggesbønes til Nygjerdekrysset – Kryss mot Vikane og no sist til Flusundkrysset – Kryss mot Vikane.

Det vart halde eit møte om saka mellom Statens Vegvesen og Herøy kommune den 04.05.2011 og saka har dessutan vore drøfta i møte med vegvesenet den 08.11.2012. Det er så langt ikkje iverksett nokon konkret planprosess, men i nær framtid vil ein starte arbeidet med eit utfordringsnotat for den aktuelle strekninga der målet er å få avdekka problemområda/-punkta og å prioritere ulike delstrekningar med sikte på igangsetjing av konkrete reguleringsplanprosjekt.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201269 |
| **Plannamn** | Kommunedelplan for helse og omsorg |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.5.2013** |

**Planstatus**:
Planprogram har vore ute til høyring og er stadfesta av Formannskapet. Det er gjennomført medverknadsmøte og innspela som kom fram er teke inn i kommunedelplanen.

*Status: Arbeidsgruppa har begynt å utarbeide kommunedelplan for helse og omsorg. Forslag til kommunedelplan vil bli lagt fram for helse- og omsorgskomiteen og Formannskapet før det vert lagt ut til offentleg ettersyn.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201270 |
| **Plannamn** | Kommunedelplan for trafikktrygging |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | - |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER \KOMMUNEDELPLAN FOR TRAFIKKTRYGGING |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | - | - | - |
| **Areal** | - | - | - |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Ja |
| **Beløp** | Midlar avsett til konkrete tiltak i budsjett |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **21.5.2013** |

**Planstatus**:
Planarbeidet er varsla oppstart og planprogram for arbeidet er stadfesta.

Grunna omsyn til arbeidet med kommuneplan har denne planen ikkje blitt prioritert. Ein har over lengre tid forsøkt å få ei evaluering frå Anleggs- og driftsavdelinga i høve tiltaka i førre plan. Denne er enno ikkje motteke og manglande tilbakemeldingar er noko av grunnen til at planarbeidet har stoppa opp.

Utviklingsavdelinga har ansvaret for vidare framdrift av planarbeidet, og vil følgje opp kommunedelplanen som prioritert oppgåve i tida framover.

Planleggar vil innan kort tid gjennomføre møte i arbeidsgruppa. Her vil planforslag bli drøfta i samanheng med prosessen vidare. Neste naturlege steg er medverknad og politisk handsaming av planforslaget, med på følgjande høyring og offentleg ettersyn.

*Status: Kommunen vil gjennomføre møte i arbeidsgruppa og presentasjon av arbeidet i styringsgruppa /referansegruppa før politisk handsaming og offentleg ettersyn.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201271 |
| **Plannamn** | Runde, tilrettelegging av tomter |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | | | | | | |

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **22.5.2013** |

**Planstatus**:

Planarbeid ikkje igongsett. Avventar forhandlingar om grunn.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201275 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan 24/2, Røykeritomta |
| **Tiltakshaver** | Volfram AS v/Svein Nærø |
| **Privat/Offentleg** | Privat reguleringsplan |
| **Konsulent** | Rambøll AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\HALLVARD\NÆRØY_RØYKERI |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kr 5.000. | 21.01.2011 | |
| **Areal** | Kr 29.400. | 21.01.2011 | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **16.05.2013** |

**Planstatus**:

Målet med reguleringa av gnr. 24, bnr. 2 m.fl. på Nærøya har vore å leggje til rette for bustadbygging (tettare utnytting, tomannsbustader og einebustader). Rambøll AS leverte inn planforslag den 11.05.2009. Planen vart imidlertid ikkje lagt fram for politisk behandling med tanke på utlegging til offentleg ettersyn før 01.07.2009. Dette innebar at innsendt planmateriale måtte omarbeidast og tilpassast ny planlov.

Ny oppstart av planarbeidet vart varsla før jul 2009. Eit planforslag vart vedteke utlagt til offentleg ettersyn i formannskapsmøte den 23.11.2010 (F-sak 344/10). Det vart reist motsegn mot reguleringsplanforslaget både frå Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Statens Vegvesen. Det er halde fleire avklaringsmøte om planen både internt og med Fylkesmann og Fylkeskommune på Molde utan at ein enno har kome fram til eit planforslag som er klarert for sluttbehandling.

Rambøll skal no utarbeide endå ei ny planskisse i eit forsøk på å imøtekome krava frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen og ein avventar denne før det vert gjennomført noko vidare behandling av saka. Vegvesenet si motsegn er avklara gjennom den no vedtekne reguleringsplanen for Nærøykrysset.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 11008 |
| **Plannamn** | Kvalsund |
| **Tiltakshaver** | Karstein Sund |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | Rambøll Norge AS ved Oddhild Fausa |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | Kr 5.000. | 13.10.2011 | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **22.5.2013** |

**Planstatus**:
Reguleringsplanen har lege ute til offentleg ettersyn. Fylkeskommunen har reist motsegn mot reguleringsplanen. Sakshandsamar er i dialog med konsulent/tiltakshavar, som skal gå gjennom ein del av momenta som fylkeskommunen har kome med.

Forslag om utvida planområde vart sendt ut på avgrensa høyring. Frist for å kome med innspel var sett 18.2.2013. Innan fristen kom det inn to innspel frå offentlege mynde (FM og FK) og to innspel frå private/grunneigarar. Innspela er sendt over til konsulent for vurdering/innarbeiding i revidert planforslag. På grunn av manglande framdrift mellom konsulent og fylket, hadde Herøy kommune eit møte med M & R fylkeskommune 26.4.2013. Nyttig gjennomgang. I etterkant har ein hatt møte med tiltakshavar, for å få aksept på skisser og vegen vidare.

Kommunen avventar tilbakemelding frå konsulent.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201277 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan for Myklebuståsen II |
| **Tiltakshaver** | Frantzen Maskinstasjon AS |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG plan |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSPLAN MYKLEBUSTÅSEN II |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | ? | ? | ? |
| **Areal** | Kr 82.120,- | 13.07.2011 | 10.08.2011 |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **25.01.2013.** |

**Planstatus**:

Herøy kommunestyret vedtok å eigengodkjenne reguleringsplanen. Saka er påklaga av 4 partar. Klagesaka er ferdig førebudd og vert fremja for politisk utval juni 2012.

Kommunestyret gjorde vedtak om å avvise klagen og sende saka til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

**Fylkesmannen melder at saka truleg vert avgjort i mars 2013.**

| | |
|---|---|
| **Planident** | 09015 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Verket |
| **Tiltakshaver** | Kay Terje Myklebust og Espen Vike |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG plan |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\REGULERINGSPLAN FOR VERKET |

| Gebyr | Beløp | Sendt ut | Registrert innb. |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | 4000,- | 20.10.2009 | |
| **Areal** | 26920,- | 20.10.2011 | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.5.2013** |

**Planstatus**:
AG Plan og arkitektur har på vegne av Kay Terje Myklebust og Espen Vike søkt om løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid for delav gnr. 29 bnr.13 og 25 mfl. mot Straumane på Berge. Målet med planarbeidet er å leggje til rette for frittliggjande bustader med innslag av konsentrerte bustader og etablering av eit naustområde.

Kommunen har gjennomført synfaring i planområdet med tiltakshavar, fylkeskommunen og fylkesmannen for å vurdere motsegna nærmare. Kommunen har vore i dialog med fylkesmannen om trekking av motsegn ved å gjere endringar i planforslaget. Ein har ikkje lukkast med dette og kommunen har lagt ut planen til nytt offentleg ettersyn der fylkeskommunen og fylkesmannen framleis har motsegn til planforslaget.

*Status: Planforslaget har vore til 2. gongs offentleg ettersyn der det har kome inn motsegn frå fylkeskommunen og fylkesmannen. Det må truleg gjennomførast mekling med fylkesmannen for å få løyst motsegna.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201283 |
| **Plannamn** | Reguleringsplan Frøystad bustadfelt II |
| **Tiltakshaver** | Oddmund Kvalsvik |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG plan |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\FRØYSTAD BUSTADFELT II |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | 4000 | 20.10.09. forfall 10.11.09 | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | nei |
| **Beløp** | nei |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **25.01.2013** |

**Planstatus**:

Oppstart vart vedteke i F-sak 184/09 den 18.08.09. Frist for innspel til oppstart var 26.10.09. Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn vart gjort i F-sak 89/10 den 06.04.10. I løpet av høyringsperioden 11.06. – 13.08.10 er det kome inn åtte merknader, deriblant motsegn frå Statens vegvesen med rekkefølgekrav om etablering av planfri kryssing for mjuke trafikantar på Frøystadskaret FØR utbygging av bustadfeltet.

Planen er kunngjort og påklaga av 2 naboar til planområdet.

**Kommunestyret har handsama klagesaka og oversendt denne til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.**

**Fylkesmannen melder at saka vert truleg avgjort i juni 2013.**

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201284 |
| **Plannamn** | Huldal Aust |
| **Tiltakshaver** | Bergsøy IL - Fotball |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | Sporstøl Arkitekter AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **21.05.2013.** |

**Planstatus**:
I samband med at Bergsøy IL etter kvart har flytta all aktiviteten til Bergsøy stadion m.v. så ønskjer dei å realisere verdiane i Huldalsbana med tanke på finansiering av sine nye investeringar i stadionområdet.

Bergsøy IL har engasjert Sporstøl Arkitekter til å utvikle området og første kontakt vart teken i desember 2010. Oppstartmøte vart halde i mai 2011. Planarbeidet, som etter tiltakshavars ønkje vil omgjere deler av friområdet (jfr. kommuneplanen) til byggeformål, vil krevje KU og naturleg nok då også planprogram.

Innsendt forslag til planprogram vart behandla av formannskapet hausten 2011 og tiltakshavar/konsulent har fått tilbakemelding om vidare planprosess, her under krav om KU for nærare utvalde tema. Planprogrammet har vore utlagt til offentleg ettersyn. Etter ønskje frå Sporstøl Arkitektkontor vart det halde eit møte om saka på forsommaren. Ansvaret for vidare framdrift ligg hos tiltakshavar/konsulent.

Status: *Kommunen har motteke revidert planprogram for plansaka og vil legge dette fram for vidare politisk behandling i Formannskapet innan kort tid. Revidert planprogram må deretter sendast på ei ny høyringsrunde til offentlege og private partar som blir råka av planarbeidet.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201285 |
| **Plannamn** | IMO-senteret, gnr. 34 bnr. 219 m.fl. |
| **Tiltakshaver** | IMO-senteret v/Gaustad |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | Ing. Geir Myklebust |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\DETALJREGULERING IMO-SENTERET |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Nei |
| **Beløp** | - |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **21.05.2013.** |

**Planstatus**:
Dette gjeld reguleringsplan for «naboområdet» til Sentrumsteigen og er elles avgrensa av Kjøpmannsgata, Rådhusgata og Igesundvegen. Det vart hausten 2011 innsendt forespørsel om førehandskonferanse. Førehandskonferanse med tiltakshavar/konsulent vart vart halde den 26.04.2012.

Formannskapet godkjende oppstart av planarbeidet i møte den 03.07.2012 og tiltakshavar har etter dette annonsert oppstart og sendt saka til aktuelle høyringsinstansar.

Kommunen har oversendt krav til avløp for området og vore i dialog med konsulent i høve utforming av reguleringsplanen.

Status: *Ein har ikkje motteke planforslag pr rapporteringsdato.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201286 |
| **Plannamn** | FV 654 Indre Herøy kyrkje - Stoksundbrua |
| **Tiltakshaver** | Statens Vegvesen |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **16.05.2013** |

**Planstatus**:
Formålet med planen er å legge til rette for ei meir naturleg vegline med tilhøyrande gang- og sykkelvegar på strekninga frå Indre Herøy kyrkje til Stoksundbrua samt ei mindre strekning i retning Sandvika. Statens vegvesen annonserte oppstart av planarbeidet i august 2011 og det vart halde orienteringsmøte om saka på Herøy rådhus den 28.09.2011.

Det har undervegs vore nokre møte om saka mellom kommunen og Statens vegvesen. Ein avventar no eit endeleg planforslag med sikte på politisk behandling, offentleg ettersyn og høyring.

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201289 |
| **Plannamn** | Detaljregulering gnr. 34, bnr. 22 Sjøsida |
| **Tiltakshaver** | Kvalsvik Elektro AS |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG Plan og Arkitektur AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\Sjøsida Eigedom AS |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **22.5.2013** |

**Planstatus**:
AG Plan og Arkitektur AS har på vegne av Sjøsida Eigedom AS søkt om å få starte reguleringsplanarbeid for Sunnfisk sin eigedom i Fosnavåg. Formannskapet handsama spørsmål om oppstart av planarbeid i møte 2.10.2012.

Reguleringsplanforslag med tilhøyrande dokument vart motteke 25.3.2013.

Sakshandsamar har gått gjennom innsendt materiale. Det er gjennomført møte med tiltakshavar 25.4.2013. Tiltakshavar skal gjere ein del endringar i materialet, m.a. knytt til parkering.

Avventar tilbakemelding frå konsulent. Sak til formannskapet med tanke på utlegging til offentleg ettersyn.

| | |
|---|---|
| **Planident** | - |
| **Plannamn** | Detaljregulering Lanternen Marina AS |
| **Tiltakshaver** | Lanternen AS v/Kåre Jensholm |
| **Privat/Offentleg** | Privat |
| **Konsulent** | AG Plan & Arkitektur AS |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSENDRING LANTERNEN MARINA |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | - | | |
| **Areal** | - | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | Nei |
| **Beløp** | - |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **21.05.2013.** |

**Planstatus**:

Det er gjennomført oppstartsmøte med partane den 23.01.2013.

Det er vidare gjennomført dialog med tiltakshavar og konsulent vedk planspørsmålet og omfang av planarbeidet. Det er gjennomført synfaringar på Jensholmen i april 2013.

Status:
*Meir utfyllande dokumentasjon vedk oppstart og intensjon med planforslaget må sendast til administrasjonen, som vil legge spørsmålet om planoppstart fram for Formannskapet til politisk handsaming.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201302 |
| **Plannamn** | Kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR RUSPOLITISK OG BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.5.2013** |

**Planstatus**:

Det skal startast opp arbeid med kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan. Kommunestyret har nedsett felles styringsgruppe for kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan og ruspolitisk handlingsplan. Kommunedelplanen skal utarbeidast etter plan- og bygningslova og Utviklingsavdelinga er derfor ein støttespelar i forhold til krav til medverknad, utarbeiding av planprogram, offentlege ettersyn og andre forhold som kjem av plan- og bygningslova.

*Status: Kommuendelplan, bustadsosial handlingsplan er er varsla oppstart og planprogram ligg ute til offentleg ettersyn.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | 201303 |
| **Plannamn** | Rusmiddelpolitisk handlingsplan |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | Herøy kommune |
| **Digital informasjon er lagra her:** | I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR RUSPOLITISK OG BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|



| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **1.5.2013** |

**Planstatus**:
Det skal startast opp arbeid med Rusmiddelpolitisk handlingsplan og kommunestyret har nedsett felles styringsgruppe for kommunedelplan, bustadsosial handlingsplan og rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planen skal ikkje utarbeidast etter plan- og bygningslova, men ha ein lik planprosess der utviklingsavdelinga vil vere ein støttespelar i forhold til krav til medverknad, prosjektorganisering og andre forhold der utviklingsavdelinga har kompetanse.

*Status: Rusmiddelpolitisk handlingsplan er ikkje formelt varsla oppstart, men forarbeid til prosjektet er starta.*

| | |
|---|---|
| **Planident** | |
| **Plannamn** | |
| **Tiltakshaver** | |
| **Privat/Offentleg** | |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

## Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | | | | | | |

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | |

**Planstatus**:

| | |
|---|---|
| **Planident** | |
| **Plannamn** | Reguleringsendring Frøystad skule |
| **Tiltakshaver** | Herøy kommune |
| **Privat/Offentleg** | Offentleg |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | | | | | | |

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | **22.5.2013** |

**Planstatus**:
Eigedomsavdelinga ønskjer å omregulere skuletomta på Frøystad til bustadføremål. JMM og BSS har drøfta avgrensing av området m.m.

Synfaring i området. BSS lage til notat med skisse, som vert sendt til anlegg og drift og eigedomsavdelinga, for innspel før formell igangsetjing av planarbeidet.

| | |
|---|---|
| **Planident** | |
| **Plannamn** | |
| **Tiltakshaver** | |
| **Privat/Offentleg** | |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | | | | | | |

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | |

**Planstatus**:

| | |
|---|---|
| **Planident** | |
| **Plannamn** | |
| **Tiltakshaver** | |
| **Privat/Offentleg** | |
| **Konsulent** | |
| **Digital informasjon er lagra her:** | |

| **Gebyr** | **Beløp** | **Sendt ut** | **Registrert innb.** |
|---|---|---|---|
| **Handsaming** | | | |
| **Areal** | | | |

| | |
|---|---|
| **Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)** | |
| **Beløp** | |

Plandialog

| Oppstart | Høyring | 1g. behandling | Høyring | 2g. beh/vedtak | Klagefrist | Avslutta |
|---|---|---|---|---|---|---|

| Planinitiativ | Uttalelse til planarbeid | Planutarbeid/ Saksførebuing | Offentleg ettersyn | Saksførebuing | Kunngjering/ klage | Klagebehandling |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | |
|---|---|
| **Rapporteringsdato:** | |

**Planstatus**:

HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2013/690 |
| | | Arkiv: | 004 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Formannskapet | |
| | Komite for Helse og omsorg | |
| 13/13 | Komite for oppvekst | 05.06.2013 |
| | Komite for næring, kultur og idrett | |
| 10/13 | Eldrerådet | 03.06.2013 |
| | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | |
| | Kommunestyret | |

## ÅRSRAPPORT 2012

**Tilråding:**

Årsrapporten for 2012 vert godkjend.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

**Vedlegg:**

- Årsrapport 2012

**Saksopplysningar:**

Årsrapporten fylgjer vedlagt.

**Vurdering og konklusjon:**

Eg rår til at årsrapporten vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:
Ingen.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen.

Konsekvensar for drift:
Ingen.

Fosnavåg, 22.05.2013

Erlend Krumsvik Olaus-Jon Kopperstad

# ÅRSRAPPORT 2012

# Introduksjon

## Fakta om Herøy. Indikatorar for samfunn og livskvalitet

| Grunndata | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 |
|---|---|---|---|---|
| Kommuneareal km2 | 119,7 | 119,7 | 119,7 | 119,7 |
| Folketal | 8847 | 8727 | 8533 | 8383 |
| Folketilvekst | 120 | 194 | 150 | 34 |
| Innflytting | 379 | 404 | 408 | 260 |
| Utflytting | 267 | 269 | 277 | 241 |
| Nettoflytting | 112 | 135 | 131 | 19 |
| Døde | 78 | 55 | 73 | 71 |
| Fødde | 86 | 114 | 91 | 84 |
| Fødseloverskot | 8 | 59 | 18 | 13 |
| Innpendeling | 846 | 708 | 677 | 688 |
| Utpendling | 1 142 | 1131 | 1148 | 1188 |

| Økonomi | Herøy 2012 | Kommune-gruppe | Møre og Romsdal | Gj.snitt land | Herøy 2011 | Herøy 2010 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsres. i % av brutto driftsinnt | 2,4 | 2,5 | 1,8 | 2,0 | 5,6 | 8,6 |
| Netto driftsres. I % av brutto driftsinnt. | 2,7 | 2,9 | 1,7 | 2,7 | 5,1 | 8,7 |
| Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinnt | 213,3 | 197,4 | 200,8 | 188,8 | 188,9 | 175,3 |
| Arbeidskapital i % av brutto driftsinnt | 31,7 | 22,3 | 21,9 | 19,9 | 23,1 | 11,4 |
| Frie inntekter i kr per innbyggar | 44 616 | 40 787 | 46 639 | 46 475 | 44 007 | 36 852 |
| Netto lånegjeld i kr per innbyggar | 54 719 | 40 935 | 44 670 | 36 120 | 54 115 | 54 204 |

| Likestilling | Herøy 2012 | Herøy 2011 | Herøy 2010 | Herøy 2009 |
|---|---|---|---|---|
| Barnehagedekning | 0,96 | 0.96 | 0,937 | 0,861 |
| Kvinnelege kommunestyrerepresentantar | 0,85 | 0,85 | 0,727 | 0,727 |
| Utdanningsnivå | 0,7 | 0,75 | 0,772 | 0,773 |
| Kvinner per 100 menn | | | | |
| Kvinner i arbeidsstyrken | | | | |
| Arbeidsdeltaking | 0,88 | 0,87 | 0,861 | 0,866 |
| Inntekt kvinner/menn | 0,47 | 0,48 | 0,488 | 0,459 |
| Deltid | 0,2 | 0,27 | 0,223 | 0,247 |
| Fedrekvote | 0,63 | 0,62 | 0,579 | 0,590 |
| Kjønnsbalansert næringsstruktur | 0,49 | 0,46 | 0,452 | 0,453 |
| Kjønnsbalanse offentleg forvaltning | 0,4 | 0,40 | 0,405 | 0,400 |
| Kjønnsbalanse privat sektor | 0,7 | 0,70 | 0,680 | 0,687 |
| Andel kvinnelege leiarar | | 0,54 | 0,545 | 0,525 |
| Kjønnsbalansert utdanningsprogram | 0,64 | 0,62 | 0,629 | 0,604 |
| Totalindeks | | | 0,626 | 0,615 |
| Rangert nr av norske kommunar | | | 391 | 384 |

# Visjon og overordna mål

**”Herøy – ei båtlengd føre”**
Båten er motivet i kommunevåpenet. Havet og båten er bærebjelken i næringslivet i kommunen. Det vert sagt at konkurransen mellom reiarane i kommunen driv utviklinga framover. Det å vere ”ei båtlengd føre”, har gjort at næringslivet på enkelte område er leiande internasjonalt.

Visjonen er at ikkje berre næringslivet i kommunen skal vere ei båtlengd føre, men at dette er ein visjon som skal prege herøyværingen på alle samfunnsområde.

**Kommuneplanen**
I kommuneplanen for Herøy 2002-2012 er det gjort opp slik status for herøysamfunnet:

**Sterke sider ved situasjonen/utvikling i Herøy-samfunnet.**
1. Sterk fiskeri-/offshorenæring, stor variasjon i fiskeflåten og i maritime aktivitetar.
2. Kommunesenter i utvikling, stort potensial.
3. Godt tilrettelagt industri- og serviceområde.
4. Variert organisert kulturliv (mangfald i lag/organisasjonar).
5. Spesielle naturkvalitetar – spennande natur/vilkår for friluft på sjø og land.
6. Sterk privat kapitalside med investeringspotensial.
7. Korte avstandar dannar ein stor arbeidsmarknads-, handels- og utdanningsregion.

**Svake sider ved situasjonen/utviklinga i Herøy-samfunnet**
1. Einsidig næringsliv med mangel på arbeidsplassar for høgt utdanna personar, spesielt kvinnearbeidsplassar.
2. Dårleg utnytting av naturlege fortrinn i turistsamanheng, dårleg utbygd tilbod til turistar.
3. Sårbar, usikker vassforsyning/straum.
4. Manglande kommuneidentitet.
5. Dårleg kollektivtilbod, særleg i utkantane og spesielt på kveldstid og i helgane.

**Satsingsområde og overordna mål i kommuneplanen:**

**1. UNGDOM**
**Mål:**
- Ungdom i Herøy skal trivast og utvikle ein positiv lokal identitet.
- Eit mangfaldig fritidstilbod med breidde i aktivitetar der ungdom kan utvikle seg sjølve og nytte ressursane sine til beste for seg sjølve og samfunnet.

**2. SENTRUMSUTVIKLING**
**Mål:**
- Fosnavåg skal vere ein attraktiv og triveleg by for innbyggjarar, næringsliv og turistar.
- Fosnavåg skal utviklast til å bli det samlande kommunesenteret i Herøy, ein felles møtestad og utgangspunkt for opplevingar i kommunen og regionen, både for eigne innbyggjarar og for tilreisande.

**3. IDENTITET OG SOSIALE MØTEPLASSAR**
**Mål:**
- Innbyggjarane i kommunen skal føle ein felles identitet som herøyværingar i tillegg til bygdeidentitetane sine.

- Skape minst ein møteplass for barn, ungdom og vaksne i kvar grend/bygd/sentrum, slik at folk kan møtast, og dei ulike delande av kommunen kan oppretthalde og utvikle sin identitet og særpreg.

**4. INFRASTRUKTUR**

**Mål:**

- Alle innbyggjarar og bedrifter i kommunen skal vere trygge på å ha ei sikker straumforsyning, vassforsyning, vegsamband, breiband og anna infrastruktur som tilfredsstiller krava deira.

**5. NÆRING OG UTDANNING**

**Mål:**

- Herøy kommune skal framleis vere leiande innan fiskeri- og offshore her i landet.
- Eit godt vidaregåande skuletilbod som støttar næringslivet sitt behov.

**6. KVINNER**

**Mål:**

- Likestilling i form av like forhold for kvinner og menn når det gjeld utdanning, yrkesliv og sosialt liv.
- Auka utdanningsnivå blant kvinnene i Herøy.

# Politisk styring

Kommunestyret vedtok ny politisk organisering i 2012. Det vart oppretta 3 nye komitear; komite for næring, kultur og idrett, komite for oppvekst og komite for helse og omsorg. Maritim komite vart endra til maritim og teknisk komite.

| Kommunestyret | Medlemer | Menn | Kvinner |
|---|---|---|---|
| Arbeidarpartiet | 6 | 4 | 2 |
| Folkelista | 3 | 2 | 1 |
| Framstegspartiet | 3 | 2 | 1 |
| Høgre | 15 | 9 | 6 |
| Kristeleg Folkeparti | 5 | 3 | 2 |
| Venstre | 1 | 1 | 0 |

## Kommunestyret f.o.m. 20.10.2011:

| | |
|---|---|
| Goksøyr, Arnulf | Høgre, ordførar |
| Steinsvik, Tor Sindre | Høgre, varaordførar |
| Sydhagen, Gry Cecilie | Høgre |
| Tarberg, Idar | Høgre |
| Hansen. Fred | Høgre |
| Gjerde, Richard Klungsøyr | Høgre |
| Lied, Frank | Høgre |
| Nygard, Sigurd Voldsund | Høgre |
| Storøy, Ann Kathrin (Tine) | Høgre |
| Otterlei, Bjørn | Høgre |
| Leinebø, Margaret | Høgre |
| Frøystadvåg, Malene | Høgre |
| Hammerø, Kirsti | Høgre |
| Sævik, Marthe Vågsholm | Høgre |
| Sævik, Stig Arne Helsem | Høgre |
| Nærø, Dag | Framstegspartiet |
| Teige, Karly Ingunn | Framstegspartiet |
| Garvik, Thor-Sigmund | Framstegspartiet |
| Hermansen, Camilla Storøy | Kristeleg Folkeparti |
| Brubakk, Ole | Kristeleg Folkeparti |
| Sævik, Linn-Therese Hansen | Kristeleg Folkeparti |
| Kvalsvik, Frank Otto | Kristeleg Folkeparti |
| Nerem, John | Kristeleg Folkeparti |
| Jøsokbakke, Henry | Venstre |
| Andreassen, Olaug | Arbeidarpartiet |
| Furø, Per Kristian | Arbeidarpartiet |
| Remøy, Janita Westbø | Arbeidarpartiet |
| Myrvågnes, Reidun L. | Arbeidarpartiet |
| Gjelseth, Svein | Arbeidarpartiet |
| Arntsen, Sofi Mere | Arbeidarpartiet |
| Kvalsvik, Bjarne | Folkelista/Senterpartiet |
| Runde, Kjell | Folkelista/Senterpartiet |
| Runde, Kaja | Folkelista/Senterpartiet |

## Formannskapet f.o.m. 20.10.2011:

| | |
|---|---|
| Goksøyr, Arnulf | Høgre, ordførar |
| Steinsvik, Tor-Sindre | Høgre, varaordførar |
| Storøy, Ann Katrin (Tine) | Høgre |
| Leinebø, Margaret | Høgre |

| | |
|---|---|
| Teige, Karly Ingunn | Framstegspartiet |
| Hermansen, Camilla Storøy | Kristeleg Folkeparti |
| Runde, Kjell | Folkelista/Senterpartiet |
| Furø, Per Kristian | Det norske Arbeidarparti |
| Andreassen, Olaug | Det norske Arbeidarparti |

## Tal på politiske møte og saker:

| | | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunestyre | Ant.møte | 12 | 11 | 9 | 11 | 12 | 12 |
| | Ant.saker | 218 | 186 | 161 | 191 | 238 | 220 |
| Formannskap | Ant.møte | 23 | 25 | 22 | 23 | 23 | 23 |
| | Ant.saker | 287 | 300 | 308 | 376 | 352 | 353 |
| Maritim og teknisk komite | Ant.møte | 4 | 6 | 6 | 6 | 6 | 11 |
| | Ant.saker | 37 | 41 | 42 | 35 | 35 | 106 |
| Arbeidsmiljøutvalet | Ant.møte | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 5 |
| | Ant.saker | 16 | 29 | 31 | 29 | 37 | 28 |
| Administrasjonsutvalet | Ant.møte | 1 | | 2 | | 1 | 1 |
| | Ant.saker | 3 | | 6 | | 3 | 2 |
| Eldrerådet | Ant.møte | 7 | 4 | 7 | 7 | 3 | 7 |
| | Ant.saker | 28 | 19 | 26 | 22 | 13 | 32 |
| Råd for funksjonshemma | Ant.møte | | 5 | 5 | 4 | 7 | 7 |
| | Ant.saker | | 17 | 17 | 11 | 25 | 38 |
| Ungdomsrådet | Ant.møte | 10 | 9 | | 11 | 12 | 9 |
| | Ant.saker | 41 | 38 | | 31 | 46 | 42 |
| Komite for næring, kultur og idrett | Ant.møte | | | | | | 5 |
| | Ant.saker | | | | | | 36 |
| Komite for oppvekst | Ant.møte | | | | | | 4 |
| | Ant.saker | | | | | | 13 |
| Komite for helse og omsorg | Ant.møte | | | | | | 3 |
| | Ant.saker | | | | | | 16 |

Valdeltakinga ved dei fire siste kommunevala:

| | Herøy | Landet |
|---|---|---|
| **2011** | 62,3 | 64,5 |
| **2007** | 62,49 | 61,2 |
| **2003** | 55,72 | 59,0 |
| **1999** | 58,6 | 60,4 |
| **1995** | 61,3 | 62,8 |
| **1991** | 67,1 | 66,0 |
| **Gj.snitt** | 61,25 | 62,31 |

Kommunevalet i 2007 vart eit brot på trenden med minkande valdeltaking, både for Herøy og for heile landet sett under eitt.

# Administrativ organisering

Organisasjonsmodell:



# Viktige hendingar i 2012

Januar:

- Per Sævik vart utnemnd til ridder av første klasse av St. Olavs orden.
- Rune Sjurgard sluttar som rådmann i Herøy.

Februar

- Herøy kommune kjøper Fristadbygget i Dragsund for 13 millionar kr.

Mars

- I Herøyhallen vert ”ridder” Per Sævik hiedra av meir enn 1000 tilhøyrarar og flotte artistar.

April

- Erlend Krumsvik tek til som rådmann i Herøy.

Mai

- Kronprinsfamilien besøkjer Herøy.

Juni

- Badeland i Fosnavåg vert lagt ut på anbod.

Juli

- Herøyspelet 2012 vert ein suksess.

August

- Bergsøy stadion, grasbanen, vart ombygd til kunstgrasbane og teken i bruk .

September

- Herøy kommune får omsorgsprisen for satsinga si på fagdagar for tilsette i pleie og omsorg.
- Kyrkjeparken ved Herøy kyrkje vert opna.

Oktober

- Tussa sikrar straumforsyninga til ytre Herøy ved undersjøisk kabel tvers over Herøyfjorden.

November

- Fosnavåg konserthus er fullfinansiert med 72 millionar på konto.

Desember

- Kulturprisen til Ragnhild Riise og Asbjørg Håberg.
- Kommunestyret vedtek at nattlegevakta vert flytta til Volda ved årsskiftet.
- Per Sævik og Stig Remøy signerer kontrakt som sikrar Fosnavåg nytt hotell med kino, skipssimulator og konserthus i auguast 2014.

| Evaluering av kommuneplan for Herøy 2002-2012 | | | |
|---|---|---|---|
| | Gjennomført | | |
| **Tiltak** | **Ja** | **Nei** | **Kommentar** |
| **Tiltak i kommuneplanperioden** | | | |
| **1. Ungdom korsiktige tiltak** | | | |
| 1 Skateboardrampe på skuleområdet i Stokksund | | Nei | Men byggjer rampe på kulturhusområdet no. |
| 2. Lån/leige gamle Tjørvåg skule til ungdommen | | Nei | Skulen uaktuell no. Det er derimot nyleg etablert ungdomsklubb ved Myrvåg bedehus. |
| 3. Etablere tilbod til ungdom mellom 15 og 19 | Ja | | Mange tilbod etablert etter 2001. Nemner: Gokart og skytebane på Leikongeidet, Herøy fritidsbad, Fritidsklubb, fredagstreff, heilårs lysløype på Leikongeidet, ungdomskor, kajakklubb, klatreklubb, ballbingar, skate-/bmxpark kulturhusomr, nattcup, LAN-party. Herøy kåra til fylkets nest beste ungdomskommune i 2010. |
| 4. Utnemne kontaktperson for ungdommen i kommunen | Ja | | Kontaktpersonen fungerer som sekretær for ungdomsrådet og er i tillegg involvert i ungdomsarrangement. |
| 5. Ungdomsråd | Ja | | Ungdomsråd med representantar frå alle skulane etablert i juni 2002. Velfungerande. |
| 6. Styringsgruppe for førebyggande arbeid barn og unge | Ja | | Etablert 2001. |
| 7. Skuleundersøkingar | Ja | | Nei, ikkje gjennomført spesifikke undersøkingar som i samband med kommuneplan, men har nasjonale undersøkingar om det faglege ved skulane + brukarundersøkingar for elevar og foreldre. |
| 8. Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv | Ja | Nei | Både og; Mista frå 2006 (ved innføring av kunnskapsløftet): Formgjevingsfag over 3 år, som ga studiespesialisering, 1. året almennfag, teknisk teikning, 1, 2 el. 3 år. Sistnemnde svært uheldig pga at dette var ei utdanning som var nært knytt til næringslivet i området. Består som før; Restaurant og Matfag; no også med sikkerheitskurs og utplassering på båt. Teknikk og Industriell produksjon; utplassering i samarb m næringslivet. Naturbruk; m utplassering på sjøen. Helse- og sosialfag har auka, frå 2011 også tilbod om vaksenkurs mot fagbrev. Starta bygg og anleggsteknikk i 2006, men dårleg søknad. |
| **Ungdom andre tiltak** | | | |
| 1. Byggje klatrevegg på kulturhuset | | Nei | Men etablert klatreklubb som klatrar i ein silo på Kopperstad |
| 2. Byggje symjehall/badeland | Ja | | Opna okt 2004. Held på med regulering for utviding! Gode besøkstal. |
| 3. Finne, frigjere og leggje til rette areal til aktivitetar | Ja | | Kulturhusområdet godt tilrettelagt, sjå pkt 4 nedanfor. Sjå elles pkt 3 over. Mange nye ballbingar etablert i fleire bygder/nabolag; Leikong, Myrvåg, Moltu, Remøy og Viketoppen. I tillegg turnbasseng på Nerlandsøy. |
| 4. Plan for uteområde ved kulturhuset | Ja | | Er i dag utbygd sandvolleyballbane, ballbinge, basketballbane, skateramper og tennisbane. |
| 5. Ungdomsbussar på kvelds/-nattestid | | Nei | Nei, men arbeider med prosjektet "heim for ein 50-lapp". I tillegg har kst bestilt utgreiing om ringbuss. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 6. Ein mindre kino i Fosnavåg sentrum med kafé/kiosk | | Nei | Det vert truleg ei ordning i samband med bygging av nytt hotell |
| 7. Etablere digital minikino | | Nei | Nei, men det vert digital kino på kulturhuset frå januar 2011 |
| 8. Etablere ein internettkafé | | Nei | Nei, men i ein periode var der internett tilgjengeleg på Frivilligsentralen |
| 9. Etablere møtestadar for ungdom | Ja | | Fritidsklubbar etablert på kulturhuset, i kyrkja og på Myrvåg bedehus. Ynskjeleg med enda fleire møteplassar |
| 10. Flytte kulturskulen inn i betre lokalitetar | Ja | Nei | Delvis Einedalen skule |
| 11. Sette i gang aktivitetar knytt til kystkulturen | Ja | | 5. og 8. klassene har fast kystkulturprosjekt gjennom skulen. Herøy kystlag driv Herøy kystkultursenter. Kvinnekystkulturutstilling/kystkulturutstilling, teaterframsyning og forteljarframsyning knytt til kvinner og kystkultur. (Har Herøy gard frå før med kystmuseum og diverse kystkulturarrangement for born og unge) |
| **2. Sentrumsutvikling kortsiktige tiltak** | | | |
| 1. Utarbeide tettstadanalyse for Fosnavåg og omeign | Ja | | Vedtatt 2008. Viktig med opplysning /kjentgjering og oppfølging |
| 2. Utarbeide heilskapleg plan for sentrum og område rundt i samhald med analysen | | Nei | Men har fleire delplanar, manglar trafikkplan |
| 3. Utabreide reguleringsplan for Fosnavåg sentrum/vestre del av hamneområde | Ja | | Vedtatt i 2006. Er no i startgropa med plan for indre hamn. |
| 4. Etablere eit fast samarbeidsforum mellom næringslivet og kommunen | Ja | | Herøy næringsforum etablert i 2002. |
| 5. Lage gjestehamn med diesel, vatn, straum, offentleg toalett, og anna sanitæranlegg ved holmsild/Esso | Ja | | Alt er på plass. Toalett, stellerom, dusj og vaskemaskin er ope for alle, men er privat, ikkje offentleg (myntapparat) |
| 6. Lage asfaltplett for bubilar ved Vågsplassen | | Nei | Men det har vore lagt til rette for bubilparkering på indre almennningskai i høve maritime dagar. Ikkje tømestasjon. |
| 7. Etablere fast fisketorg (og handelstorg) i Fosnavåg | Ja | | Almenningstorget er tilrettelagt som torgplass |
| **Sentrumsutvikling andre tiltak** | | | |
| 1.Postnr. bør marknadsføre Fosnavåg | Ja | | Er ordna innanfor bygrensa |
| 2. Alle båtar skal ha Fosnavåg som registreringshamn | Ja | | Ordna seg med bystatusen |
| 3. Ordne til parken og andre grøntområder i sentrum | | Nei | Ikkje til opphald/leik som forutsatt. Men tilrettelagt med sitjeplassar/møtestader på almenningstorget. |
| 4. Ny innfartsveg til Fosnavåg | | Nei | Men regulering pågår |
| 5. Skape eit opplevingssenter (museum) for kystkultur | Ja | Nei | Fosnavåg kystkultursenter drive av Herøy kystlag er i startgropa. |
| 6. Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn | Ja | Nei | Delvis. Står att austre del (Nørvåg/vågsholmen) |
| 7. Organisere reinhald i sentrum | Ja | Nei | Som før. Man og fre kommunen + private har ansvar for sitt. Satt opp 15-20 fleire bosskorger. |
| 8. Etablere eit konferansehotell/rorbuhotell | | Nei | Ferdig regulert - utbygging gjenstår |
| 9. Starte opp med fiskeridagar kvar sommar | Ja | | Maritim sommarfestival, Pir-festival, makrelldagar. |
| 10. Samband mellom Nørvågsida og sentrum | | Nei | |
| 11. Etablere eit investeringsselskap | | Nei | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 12. Etablere turistkontor i Fosnavåg | Ja | | Etabl på Servicetorget 2004/2005 Ope heile året, med særskilt fokus på sommarhalvåret |
| 13. Planlegging og utbygging av hamnepromenade | Ja | | Delvis. Har regulert inn til indre almenningskai. Bygt ut til ytre almenningskai. |
| 14. Lage til småbåthamn i Fosnavåg | Ja | Nei | Har laga til flott gjestehamn ved Holmsild/Fosnavåg Brygge. Småbåthamn truleg uaktuelt. |
| 15. Etablere eit eldresenter i sentrum | | Nei | |
| 16. Byggje ungdomsbustadar i sentrum | | Nei | |
| 17. Få meir parkering i nedre del og øvre del av Fosnavåg | | Nei | Førebels på reguleringsplannivå. Ikkje utbygd. |
| 18. Gjere delar av sentrum meir bilfritt | | Nei | Ingen bilfrie område |
| 19. Gondolbane opp på Hornseten med ev. fasilitetar | | Nei | |
| **3. Identitet og sosiale møteplassar kortsiktige tiltak** | | | |
| 1. Kontaktperson på rådhuset for grendelaga | Ja | | Kulturleiar |
| 2. Bruk av IT kontakt med innbyggjarane, aktivitetskalendar | Ja | | Noko nytt. Kan nytte meir. Heimesida |
| 3. Sluttføre rapport for biologisk mangfald | Ja | | Oversiktleg og fyldig rapport , ferdig i 2001 |
| 4. Uteplan for parken i Fosnavåg, aktivitetspark | | Nei | |
| 5. Skaffe Herøy ein vennskapskommune | | Nei | |
| 6. Bybuss for barn, ungdom, eldre og funksjonshemma | | Nei | Kst har bede om utgreiing for ringbuss i 2011. |
| 7. Kaia og strandområdet på Leikong møteplass for grenda. | | Nei | Grendelaget har i staden prioritert utbygging av ny heilårs lysløype. |
| 8. Heimkomedag i bygdene | Ja | | Heimkomedag for heile kommunen i romjula. |
| 9. Herøy 10 på topp | Ja | | God deltaking - Niande året er fullført - 10 års jubileum i 2011. |
| **Identitet og sosiale møteplassar andre tiltak** | | | |
| 1. Gang-/ tursti rundt Myklebustvatnet | | Nei | |
| 2. Hjelpe grendelag med rettleiing til søking om midlar | Ja | | Kulturleiar |
| 3. Ta vare på kystkulturen ved å gjenskape eit gammalt maritimt miljø i Fosnavåg | Ja | | Kystlaget - Gamle slippen, fleire båtar, heimeside, arrangement. Sjå også pkt 11 under andre tiltak for ungdom og pkt 5 sentrumsutvikling andre tiltak. |
| 4. Tilrettelegging av Heidbana og området rundt | Ja | Nei | Delvis: Noko rehabiliteringav bana i 2002; gjerde og lys. Held på med planar om lysløype i området. |
| 5. Tursti rundt Djupvikvatnet, badeplass, picnicplass | | Nei | Ikkje arbeidd med. Lite som skal til før det vert betre. Manglar belysning. |
| 6. Bygdevandring med lokalhistorikar | Ja | | I Fosnavåg: Gjennomført i samband med den årlege maritime sommarfestival. Sporadisk også i andre bygder, Remøya, Kvalsund, Kvalsvik. |
| 7. Ordne til leikeplassar i krinsane etter behov | Ja | | Fleire ballbingar er bygde. Sjå pkt 3 andre tiltak ungdom. Stadig behov. |
| 8. Etablere bybuss og betre busstilbodet mellom bygdene og sentrum spesielt på kveldstid og i helgane | | Nei | Sjå pkt 6 under identitet og sosiale møteplassar kortsiktig tiltak og pkt 5 under ungdom andre tiltak. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 9. Etablere hurtigbåtsamband mellom Fosnavåg/Mjølstadneset og Ålesund/Vigra | | Nei | |
| **4. Infrastruktur korsiktige tiltak** | | | |
| 1. Vurdere organisatorisk overtaking av vassverk | | Nei | Nokre samanslåingar har skjedd |
| 2. Vurdere og evt. innføre hamneavgift | | Nei | |
| 3. Utbetre dagens innfartsveg til Fosnavåg | Ja | Nei | Noko gjort. Rundkøyring Hjelmeset, veglys oppgradert, laga fortau og ny overgang. Regulering pågår for vidare tiltak. |
| 4. Skaffe turistane tilgang til vatn, straum, olje og handel | Ja | Nei | Ja for båtfolk - Nei for bobilturistar. Handel positivt for alle. |
| **Infrastruktur andre tiltak** | | | |
| 1. Ordne tilkomsten til sentrum, vurdere alternativ innfartsveg til Fosnavåg og parkeringstilhøve | Ja | Nei | Delvis. Reguleringsplanarbeid for ny innfartsveg pågår. |
| 2. Breiband | Ja | | Utbygd 2005. No også fibersamband. |
| 3. Vere med å realisere Eiksundsambandet | Ja | | Herøy kommune bidrog med i overkant av 7,5 mill i perioden 2003-2006. Knut Nærø frå Herøy vert rekna som "Eiksundsambandets far" grunna sitt engasjement/arbeid for saka. Sambandet vart offisielt opna 23.02.2008. |
| **5. Næring og utdanning kortsiktige tiltak/mål** | | | |
| 1. Eit godt vidaregåande skuletilbod som støttar næringslivet sine behov | Ja | Nei | Både og. Sjå pkt 8 under ungdom kortsiktig tiltak. |
| 2. Herøy kommune skal framleis vere leiande innan fiskeri- offshore her i landet | Ja | | Fiskeri har vore stabilt med stadig større og betre farty. Offshore/supply har vakse kraftig i perioden. Er framleis leiande. |
| 3. Auke antal innbyggarar med høgare utdanning | Ja | | 2000: 752, 2009: 1025 = 36,3% auke i høgare utdanning på ni år* (*eiga utrekning etter oppl frå SSB). Likevel ligg vi svært lågt i samanlikning med andre kommunar i distriktet. Totalt er det pr 2009 15,9% herøyværingar som har høgare utdanning. |
| 4. Talet på tilflyttarar skal auke og skape grunnlag for mange nye arbeidsplassar | Ja | | Talet på tilflyttarar har vore aukande i perioden og særleg i 2010 ser befolkningsauken ut til å verte merkbar. |
| 5. Herøy skal ha ei auke i talet nyetableringar | Ja | | Herøy har hatt mange nyetableringar i perioden. Næringslivet står seg godt og har to gongar vorte kåra til årets næringsby (2008 og 2010). |
| 6. Del Herøy-ungdom som flyttar tilbake etter fullført utdanning og evt. jobb skal auke | | | Veit ikkje. Muleg at dette talet er positivt sett i lys av pkt 3 her. Statistikk avslører ikkje kven det er som "lyfter oss opp". Om det er tilflytting frå andre, eller "vi sjølve" som utgjer denne auka. |
| **Næringsutvikling andre tiltak** | | | |
| 1. Utvikle partnerskapet mellom kommune og næringslivet | Ja | | Godt partnerskap mellom kommune, næringsliv og grendelag i samband med div utviklingsprosjekt, bla. kyrkja, fritidsbadet, kunstgrasbane Tjørvåg og Bergsøy, almenningstorget og ballbingane. |
| 2. Sikre godt regionalt samarbeid om næringsutvikling | Ja | | Søre Sunnmøre Regionråd, Sunnmøre i framtida, samarbeid om Eiksundsambandet og no Hafast. |
| **6. Kvinner kortsiktige tiltak** | | | |
| 1. Kontinuerleg revisjon av lønnspolitisk plan | Ja | | Plan som skal  ivareta likestillingsperspektivet |
| 2. Kontinuerlig revisjon av personalpolitisk plan | | Nei | Arbeidsgivar si politiske plattform, utarbeidd, men ikkje revidert. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 3. Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv og som er attraktive for jenter | | Nei | Har mista viktige jentefag frå 2006; 3-årig formgjeving (som ga studiekompetanse), første år almennfag og inntil 3-årig teknisk teikning (Ikkje direkte jentefag, men kvalifiserer for "maritime" jobbar på land, noko som er svært aktuelt for jenter i vårt område). Men; sosial- og helsefag har auka og kokk er som før. Konklusjon : Fagbreidda for jenter er sterkt redusert frå 2006. Sjå også pkt 8 under ungdom kortsiktige tiltak. |
| **Kvinner andre tiltak** | | | |
| 1. Opprette ei næringskonsulentstilling | Ja | | Dagleg leiar i næringsforumet fungerer som næringskonsulent. Herøy kommune har utarbeidd strategisk næringsplan (2002-2005). Ikkje revidert. |
| 2. Opprette eit fora for kvinnlege etablererar | | Nei | Men har i perioden hatt kvinnenettverk og Hoppid (på landbrukskontoret). |
| 3. Etablere ordning med sommarjobbar for ungdom under utdanning i heimkommunen | | Nei | Ikkje særskilt ordna for desse. Alle søkjarar til sommarjobbar er likestilte. |
| 4. Opprette eit døgnope beredskapsbarnehage | | Nei | |
| 5. Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om moglegheitene som finst, stipend og andre ordningar | Ja | Nei | Noko gjort gjennom kvinneløftet, men av sporadisk art. Kunne vore satsa meir på organisert opplysningsarbeid også på kommunenivå. |
| | 38 | 35 | 12 Ja/Nei |

# Styringssystemet

Ein kommune er ein kompleks organisasjon. For å få dei ulike aktivitetane i kommunen til å henge saman og sikre at alle dreg i same retning, er det nødvendig å ha eit styringssystem. Utvikling av styringssystemet har vore ei prioritert oppgåve dei siste åra.

### Styringshjulet




### Balansert målstyring

Kommunen sine styringsdokument har sidan 2004 bygt på prinsippa i Balansert målstyring. Økonomi, organisasjon, tenestene og lokalsamfunn er fokusområde i budsjett- og økonomiplandokumentet, årsrapporten, tertialrapportane og årsplanane for alle avdelingane.

### Kvalitetssystemet

Kommunen har tatt i bruk **Kvalitetslosen** som kommunen sitt kvalitetssystem. Systemet har 4 modular; Kvalitetsdokumentasjon, Avvikshandtering og tiltak, Risikoanalyse og Kommunal styring. Kommunen har så langt tatt i bruk modulane Kvalitetsdokumentasjon og Avvikshandtering og tiltak.

### Kvalitetsdokumentasjon

Modul for kvalitetsdokumentasjon skal vere ein dokumentasjon av lover, forskrifter, rundskriv, retningsliner, reglement og prosedyrar. Det meste var på plass 1. halvår 2009.

### Avviks- og tiltaksrapportering

Modul for avviks- og tiltaksrapportering er ei løysing som skal dekkje kommunen sitt behov for rapportering av uønska hendingar, merknader og personskader. Avvika vert rapportert elektronisk og fylgjer organisasjonen i den enkelte avdelinga. All avviksrapportering skal føre til tiltak for å hindre ei ny hending. Modulen vart teken i bruk 01.01.09.

# LOKALSAMFUNN

**Mål:**

- **Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar**
- **Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar**
- **Den administrative leiinga og samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling**
- **Herøy kommune skal ha godt omdøme**

Herøy har Sunnmørsalpane som bakgrunn og storhavet som næraste nabo. Fosnavåg er kommunesenteret i ein av dei største fiskeri- og offshorekommunane i landet.

Lengst i vest ligg Runde, den internasjonalt kjende "skatteøya" og det sørlegaste fuglefjellet i Skandinavia. Like utanfor øya vart det for nokre år sidan funne ein eventyrleg myntskatt etter det hollandske skipet "Akerendam". Dykkarar jaktar framleis etter skattar, m.a. gullet frå det spanske skipet "Castillo Negro" som skal ha forlist i 1589.

Ei anna særmerkt øy er Skorpa med barsk natur og ei stamme av villgeiter.
Herøy har ei rik historie med fleire gamle velhaldne handelsstader, m.a. Kjeldsund, Flåvær og ikkje minst Herøy gard med kystmuseum og Herøyspelet første helga i juli.

På Nerlandsøy ligg funnstaden for Kvalsund-båtane frå før Vikingtida, og vi har fleire gravrøyser frå same tida, m.a. Løsetstranda.

**Næringsliv**
Kapital kåra Fosnavåg til Norges beste næringslivsby i 2008 og 2010:

Fangstutviklinga for Herøy-flåten 1994-20011 i mill. kr:

| | 1994 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Ringnot | 261 | 644 | 775 | 594 |
| Reke/torsk | 114 | 408 | 477 | 375 |
| Autoline | 36 | 36 | 42 | 40 |
| Sjark | 29 | 34 | 41 | 41 |
| Pelagisk trål | 42 | 159 | 126 | 82 |
| Sum | **482** | **1281** | **1461** | **1132** |

I 2012 utgjorde fangstverdien for Herøy-flåten 9,0 % av landstotalen. Kommunen hadde 25 fiskebåtar over 27 m i 2010.

Utviklinga for offshore/supply 1990-2012:

| | 1990 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Tal på fartøy | 12 | Ca 95 | Ca 100 | |
| Tal på tilsette | 3-400 | 2600 | 2800 | |

**Samhandling mellom kommune og næringsliv**
Herøy Næringsforum vart oppretta i 2002 der ordførar og rådmann har tale- og møterett.

Kommunen har gjennomført fleire partnerskapsprosjekt med næringslivet, m.a. ny Herøy kyrkje, Herøy fritidsbad, kunstgrasbane og flytebrygger i Fosnavåg sentrum.

**Samhandling mellom kommune og lag og organisasjonar**
Utvikling av samhandling og partnerskap mellom kommune og foreiningsliv var eit delprosjekt i Stifinnarprogrammet. Som ein del av programmet vart det gjennomført ei spørjeundersøking om forholdet mellom kommunen og foreiningslivet. Undersøkinga viste at dei fleste laga ønskjer meir samarbeid og informasjon frå kommunen. Det er utarbeidd ein tiltaksplan for å vidareutvikle samhandlinga mellom kommunen og foreiningslivet.

**Miljø**
Kommunane vil spele ei nøkkelrolle i arbeidet med å oppfylle nasjonale klimamål.

Klimaplanen vart vedteken i kommunestyret i januar 2010.

**Beredskap**
Herøy kommune skal vere ein trygg kommune å opphalde seg i. Kommunen skal til ei kvar tid ha utarbeidd planverk som sikrar kommunen sine innbyggjarar og dei oppheld seg her på best mogleg vis.

Erfaringar viser at kommunen får ei rolle ved kriser og det er derfor viktig med planar som er tenlege til bruk både ved større og mindre ulukker.

Kommunen har:

- plan for kriseleiinga i kommunen
- plan for psykososial krisegruppe (omsorgsgruppa)
- plan for akutt forureining (interkommunal)
- smittevernplan
- planar i ulike avdelingar slik lova heimlar for å handtere kriser
- Pandemiplan

i 2012 hadde kriseleiinga øving og faktiske hendingar.

Fire personar har opplæring i nytt dataverktøy for kriser (CIM). Arbeidet med å ta verktøyet i bruk har starta.

# ORGANISASJON OG MEDARBEIDARAR

**Mål:**

- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.
- Alle medarbeidarane skal utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Intern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons- og kommunikasjonsstrategi
- Effektiv og nyskapande når det gjeld tenesteproduksjon og internadministrasjon
- Sjukefråver som følgje av arbeidsmiljø skal ikkje forekome.
- Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92 %.

**Personalpolitikk og opplæring**
På det personalpolitiske området er seniorpolitikken revidert. Ei arbeidsgruppe har utarbeidd forslag til kriterie for lønsfastsetjing leiarar. Det er utarbeidd ny lokal særavtale om arbeidstøy.

Det har vore gjennomført HMS kurs for leiarar i 2012.

Det vart arrangert medarbeidardag for alle tilsette, tema: «Frisk nok for livet» 24.mai.

Dei er utarbeidd avdelingsspesifikke kompetanseplanar.

**Sjukefråvær**
Det totale sjukefraværet for 2012 enda på 8,32 prosent. Det syner seg at fokus på sjukefråvær og nærværsarbeid over tid har hatt effekt. Sjukefråværet i 2011 var det lågaste vi hadde hatt på 10 år og i 2012 går vi endå litt ned. Målet i 2012 var 92 % nærvær, det har vi nesten nådd.

| Sjukefråvær | Korttid | Langtid | Totalt |
|---|---|---|---|
| 2002 | 3,0 | 7,6 | 10,6 |
| 2003 | 3,0 | 6,9 | 9,9 |
| 2004 | 2,8 | 5,9 | 8,7 |
| 2005 | 3,4 | 5,7 | 9,1 |
| 2006 | 2,8 | 6,1 | 8,8 |
| 2007 | 2,0 | 7,3 | 9,7 |
| 2008 | 2,0 | 6,3 | 8,6 |
| 2009 | | | 9,0 |
| 2010 | 1,7 | 8,0 | 9,7 |
| 2011 | 2,1 | 6,3 | 8,4 |
| 2012 | 1,9 | 6,4 | 8,3 |

Sjukefråværet i Herøy kommune, per kvartal 2009 - 2012




I høve tal frå Statistisk sentralbyrå ligg vi i 2012 under landsgjennomsnittet i sjukefråvær for kommunal sektor.




Denne tabellen syner sjukefråværet for kvar enkelt avdeling i 2012 samanlikna med 2011 og 2010. Ein gjer merksam på at på små arbeidsplassar vil fråvær frå ein person, gje store utslag.

Sjukefråværet og resultata frå medarbeidarundersøkingar og arbeidshelseundersøkingar gjennomført av bedriftshelsetenesta er brukte som indikatorar på trivsel og motivasjon.

Ved medarbeidarundersøking i 2010 vart alle bedne om å svare på ein del spørsmål innanfor ulike tema som mellom anna skulle måle psykisk og fysisk arbeidsmiljø, stoltheit over eigen arbeidsplass og trivsel i jobben. Herøy kommune hadde eit gjennomsnitt på 4,6 medan landsgjennomsnittet var på 4,5 (mot 4,6 og 4,2 i 2005) 6 var beste indikator medan 1 var dårlegast. Svarprosenten var 67.

Resultata kan tyde på at kommunen som arbeidsgjevar leverer stabilt og har for det meste lukkast i arbeidet for at medarbeidarane skal trivast og vere motiverte.

**Inkluderande arbeidsliv**

Kommunen har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I desember 2010 resignerte vi IA avtalen. Også i 2012 har vi arbeidd systematisk med IA arbeidet gjennom å formulere mål og delmål.

**Delmål 1: Sjukefråvær**
Mål for verksemda.

- Nærversprosent på 92 % for 2012. Med eit fråvær på 8,3 er dette målet nådd.
- Gravide skal gjennomsnittleg stå i arbeid til veke 30. Av dei gravide arbeidstakarane, var det 23,5% (mot 38% i 2011) som ikkje var sjukmeld i dert heile. 23,5% (mot 23,8% i 2011) vart sjukmeldt før veke 30. Gjennomsnittleg arbeidde gravide til veke 26.

**Delmål 2: Personar med redusert funksjonsevne**
Aktivitetsmål for verksemda:

- Dokumentering av tilretteleggingstiltak, at desse er vurdert, forsøkt eller gjennomført. Vi har fått ei bot frå Nav p.g.a manglande oppfølgingsplaner og rapportering.
- Ta imot 28 personar frå Nav (inkludert praksis / tiltaksplassar). Vi har stilt plassane til disposisjon og teke imot etter førespurnad frå NAV 28 personar. Det er ikkje alle plassane som har blitt nytta og nokre plassar har blitt nytta fleire gongar.

**Delmål 3: Avgangsalder**
Aktivitetsmål for verksemda:

- Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år.
- Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

I 2010 (2009) (2008*) (2007) var 42 (49) (38*) (39) av dei tilsette mellom 62-64 år. Av desse var 39 (44) (36*) (33) personar i arbeid det året dei fylte 65 år. Dette utgjer 92,85% (89,80%) (94,73%*) (84,62%). Tala i parentes viser utviklinga.

I 2010 (2009) (2008*) (2007) var 11 (16) (18*) (16) av dei tilsette mellom 65-66 år. Av desse 9 (11) (7*) (11) personar i arbeid det året dei fylte 67 år. Dette utgjer 81,82% (68,75%) (38,88%*) (68,75%). Tala i parentes viser utviklinga.

**Likestilling**
I den vedtekne arbeidsgjevarpolitikken er det utarbeidd mål og verkemiddel for auka likestilling mellom kjønna. Likestilling i høve, etnisk tilhøyr og personar med nedsett funksjonsevne er og innbakt i arbeidsgjevarpolitikken. Administrasjonsutvalet er likestillingsutval.

I medarbeidarundersøkinga frå 2010, var der mellom anna er spørsmål om arbeidsplassen er integrerande når det gjeld kjønn, etnisk tilhøyrsle, religion osv. Svaret er 4,95 på ein skala frå 1 til 6, der 6 var beste indikator og 1 var dårlegast.

Herøy kommune hadde i 2012 tilsett personar frå 18 ulike land, mot 22 nasjonaliteter i 2011 og 18 nasjonalitetar i 2010.

**Kjønnsbalanse**

| | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 |
|---|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk * | 525 | 589 | 597 | 642 | 606 |
| Talet på tilsette** | 735 | 714 | 854 | 1225 | 845 |
| Talet på kvinner** | 582 | 575 | 685 | 956 | 671 |
| % del kvinner | 79,6 | 80,5 | 80,2 | 78,0 | 79,4 |
| Talet på menn** | 153 | 139 | 169 | 269 | 174 |
| % del menn | 20,4 | 19,5 | 19,8 | 22,0 | 20,6 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Talet på kvinner i høgare stillingar | 33 | 30 | 29 | 28 | 32 |
| % del kvinner i høgare stillingar | 66 | 63,8 | 61,7 | 60,9 | 60,4 |
| Talet på menn i høgare stillingar | 17 | 17 | 18 | 18 | 21 |
| % del menn i høgare stillingar | 34 | 36,2 | 38,3 | 39,1 | 39,6 |
| | | | | | |
| Tal på tilsette i deltidsstillingar | 487 | 464 | 622 | | 507 |
| Tal på kvinner i deltidsstillingar | 419 | 411 | 537 | | 446 |
| % del kvinner i deltidsstillingar | 86 | 88,5 | 86,3 | | 88 |
| Tal på menn i deltidsstillingar | 68 | 53 | 85 | | 61 |
| % del menn i deltidsstillingar | 14 | 11,4 | 13,7 | | 12 |
| | | | | | |
| Undervisningspersonell*** | 147 | 144 | 155 | 269 | 144 |
| Turnuspersonell | 253 | 260 | 278 | 607 | 228 |
| Anna personell | 335 | 310 | 421 | 349 | 234 |
| | | | | | |

* Årsverk pr. 31.12.2012
** Tilsette pr. 31.12.2012
*** Undervisningspersonell i grunn- og kulturskulen

Den kjønnsmessige fordelinga på stillingar har endra seg lite over tid. Framleis er det slik at det er stor kvinneleg dominans i dei tradisjonelle pleie- og omsorgsyrka, blant reinhaldarane og innan merkantile funksjonar. Det er mannleg dominans innan dei tradisjonelle faga i teknisk sektor og i brannvernet.

Når det gjeld kvinner i leiande stillingar har det vore ei jamn prosentvis auke dei siste åra. Ved årets slutt var det 15 leiarar i rådmannen si leiargruppe, 7 menn og 8 kvinner. Ved utgangen av 2011 hadde vi 35 mellomleiarane, av desse er 10 menn og 25 kvinner.

**Likelønn**

| | 2011 | | | 2012 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Gjennomsnittsløønn | M | K | Differanse i menns favør | M | K | Differanse i menns favør |
| Rådmannen si leiargruppe | 569857 | 547700 | 3,9 | 604 500 | 588 600 | 2,6 |
| Mellomleiarane | 506 777 | 475 956 | 6,0 | 538 556 | 505 400 | 6,1 |
| Fagarbeidar-stillingar | 352 534 | 341 974 | 2,9 | 398 625 | 353 643 | 11,2 |
| Høgskule | 424 683 | 381 043 | 10,2 | 459 004 | 415 900 | 9,4 |
| Undervisnings-personell | 432 811 | 399 322 | 7,7 | 447 393 | 447 982 | -0,1 |

Tala i rådmannen si leiargrupper er utrekna utan løna til rådmannen. Inkludert i tala er assisterande rådmann samt Nav leiar stillinga. Den siste er løna statleg. Om ein trekker ut ass. rådmann stillinga er differansen minus 0,5% i menns favør, altså i kvinners favør.

Som ein ser så er det positive endringar i høve likeløønn på alle nivå bortsett frå fagarbeidarstillingane. Det er uråd å seie noko spesifikt om kvifor gapet på fagarbeidar løna har auka, men marknadssituasjonen kan være ei medverkande årsak. Tilleggsutdanning har påverknad på resultatet og då særleg for undervisningspersonell. For

undervisningspersonell kjem differansen ut i kvinners favør i 2012. Lønn som er vist i denne tabellen er lønn utan funksjonstillegg.

**Arbeidstid**
I dei største avdelingane vert det om lag ein gong i året gjennomført kartlegging med tanke på ønska endring i stillingsstørrelse og såleis vert og uønska deltid kartlagt. Tilsette som har uønska deltid kan variere frå eit år til eit anna, alt etter samansettinga av personalgruppa. Ein ser at ønske i høve stillingsstørrelse i noko grad er livsfaseorientert.

Pr. utgangen av 2012 fordeler uønska deltid seg slik:

| Uønska deltid pr. avdeling | Menn 2011 | Menn 2012 | Kvinner 2011 | Kvinne 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Skuleavdelinga lærarar | | | | 2 |
| Skuleavdelinga assistentar | 0 | 0 | 5 | 2 |
| Eigedomsavdelinga, reinhald | 1 | 0 | 3 | 3 |
| Pleie og omsorgsavdelinga, sjukepleiarar | 1 | 1 | 20 | 16 |
| Pleie og omsorgsavdelinga, fagarbeidar | 1 | 1 | 48 | 42 |
| Bu og habiliteringsavdelinga | | 1 | | 14 |

**Foreldrefråvær**
Statistikken viser prosent tilsette fordelt på kjønn som er heime med sjukt born. Fråværet er rekna ut i frå tal på menn og kvinner som jobbar i organisasjonen. I høve tilsette menn og kvinner har kvinner meir fråvær enn menn p.g.a. sjukt born. Talet for kvinner har vore stabilt dei to siste åra, medan talet på menn som er heime med sjukt born er minkande.

| | Menn 2010 | Kvinner 2010 | M 2011 | K 2011 | M 2012 | K 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Fråvær p.g.a. sjuke born | 13,6% | 16,4% | 12,9% | 23,5% | 9,1% | 23,0% |

**Helse, miljø og sikkerheit**
Dei tilsette i kommunen skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Kommunen vil gjennom å følgje lover og føreskrifter arbeide for at ingen alvorlege ulukker skal skje. Gjennom ei slik målsetjing vil ein kunne oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette og betre kvalitet på tenestene som kommunen yter til innbyggarane.

Vi har eit nært samarbeid med Bedriftshelsetenesta og Hovudverneombod. Det er laga handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, arbeidshelseundersøkingar og kurs med fokus på arbeidsmiljø for tilsette. Avvik vert rapportert og følgt opp.

**Tillitsvalde**
Formålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet må baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

Partane er samde om at det er viktig å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA) til beste for den enkelte arbeidstakar, arbeidsplass og samfunnet elles. Målet er redusert

sjukefråvær og reduserte tal på dei som fell ut av arbeidslivet/blir ståande utanfor arbeidslivet.

I Herøy møtes dei tillitsvalte og kommuneadministrasjonen 1 gong i månaden i Kontaktmøte. I tillegg er ein saman i arbeidsgrupper når ein skal revidere og utarbeide personalpolitiske tiltak. Ein har og eit IA-utval der alle partar er representert, stat, arbeidsgjevar og tilsette.

I Herøy kommune er det tillitsvalte / kontaktpersonar i 16 ulike arbeidstakarorganisasjonar. 5 personar frå 4 arbeidstakarorganisasjonar er kjøpt fri til å drive med tillitsvaldarbeid, dette ut frå berekningsnøkkel i Hovudavtalen.

Arbeidsgjevar og tillitsvalde har gjensidig plikt for å skape og oppretthalde eit godt samarbeid. Arbeidsgjevar har både informasjons- og drøftingsplikt med dei tillitsvale, og det er i samarbeid oppretta gode rutinar for å innfri dette. Nokre avdelingar involverer tillitsvalte meir bevisst enn andre, men stadig fleire avdelingar ser nytten av eit nært og godt samarbeid mellom leiar og tillitsvalt.

**Arbeidsgjevarpolitikk**
Dokumentet «Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune», vedteken i 2004, presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. Det er også forventingar til leiarane og medarbeidarane.

Den synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Arbeidsgjevarpolitikken er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå.

Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

Kommunestyret gjorde vedtak om seniorpolitikk i K-sak 92/06. Måla i seniorpolitikken er seinare bakt inn i delmål 3 i IA - avtalen.

For å møte utviklingstrekka i samfunnet må ein fokusere på kompetanse og arbeidskraft. Herøy kommune må vere ein attraktiv arbeidsgjevar slik at ein får behalde og rekruttere inn ny og naudsynt arbeidskraft.

# TENESTENE

## Hovudmål

- Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk
- Brukarane er tilfredse med dei tenestene kommunen yter
- Kvalitetsdokumentasjon og avviksreistrering/-oppfølging skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem.
- Ekstern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons-/kommunikasjonsstrategi
- Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar over landssnittet og elles betring i samsvar med tiltak
- Omgjorde vedtak ved klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum
- Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga

# Stab- og støtteavdelingane

## Fellessekretariatet

**Tenester og oppgåver i avdelinga.**
Fellessekretariatet skal yte merkantil internservice til driftseiningane, dei andre stab- og støttefunksjonane, ordføraren, andre folkevald og politiske utval. Fellessekretariatet er primært eit internt serviceorgan. Eksterne tenester dreier seg stort sett om utskrifter frå postlista på nett, status for innsende dokument og spørsmål om politiske vedtak.

Fellessekretariatet er sekretariat for politisk utval medrekna valstyret og har ansvar for gjennomføringa av kommune- og stortingsvala.

Kommunen har sentralarkiv og all post til sak/arkivsystemet vert scanna, journalført og arkivert i fellessekretariatet. Fellessekretariatet har også ansvar for møteinnkallingar, trykking og distribuering av saklister og møtebøker til dei politiske utvala. Etter møte i dei politiske utvala, er det Fellessekretariatet si oppgåve å formidle vedtaket til partane. Fellessekretariatet er systemansvarleg for ePhorte saksbehandlingssystem og har ansvar for opptak og redigering av webopptak i kommunestyremøta.

| Tiltak og investeringar 2012 | Gjennomføring |
|---|---|
| Opplæring/oppdatering i sak/arkivsystemet ePhorte. Tilby hjelp og kursing etter behov. | Utført. |
| Elektronisk arkivplan – Samle rutine og ajourføre arkivdelar for dei ytre einingane. Ajourføre avlevert materiale til IKA. | Utført. |
| Eldre arkiv – Rydding og sortering for avlevering av eldre arkiv til IKA Møre og Romsdal. | Utført. |
| Elektronisk søknad om skjenkesaker | Utført. |
| Samle alle som praktiserar arkiv i Herøy kommune for å samordne rutiner og samle eit faglig miljø kring arkivarbeidet i kommunen. | Gjenstår. IKA Møre og Romsdal vil kurse tilsette i Herøy kommune iløpet av 2013. |
| Val av forliksrådsmedlemer og skjønnsmedlemer. | Utført. |
| Val av jordskifteutval og meddommarar | Utført |
| Gjennomgang av valkretsar og politisk sak om valdag for Stortingsvalet 2013. | Utført |
| Stabil weboverføring av KST-møta | Utført |

**Organisasjon:**
Årsverk

| | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 2,5 | 2,5 | 2,5 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 2,5 | 2,5 | 2,5 |

| Fagressurs teneste | | | |
|---|---|---|---|

Fellessekretariatet har 2,5 årsverk fordelt på 3 personar med 100, 80 og 70% stillingsstorleik.

**Økonomi:**

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 | Rekneskap 2008 |
| Brutto utgifter | 2 464 859 | 2 377 527 | 2 730 416 | 2 441 378 | 2 237 000 |
| Brutto inntekter | 186 627 | 238 201 | 561 435 | 351 498 | 249 000 |
| Netto driftsutgifter | 2 278232 | 2 139 326 | 2 168 981 | 2 089 879 | 1 988 000 |
| Meir / mindreforbruk (-) | 33 232 | 60 675 | 21 879 | 11 3221 | 75 000 |

**Viktige hendingar i 2013:**

- Innføring av nettbrett til politikarane.
- Stortingsvalet 2013

# IKT-avdelinga

## Tenester og oppgåver i IKT- avdelinga

IKT- avdelinga er ei støtteavdeling for drift og utvikling på den datatekniske sida. I tillegg til dagleg support og vedlikehald skal avdelinga klargjere nytt utstyr og arbeide målretta med nye utviklingsoppgåver og sørge for at alle programma fungerer slik dei skal.

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk | Oppnådd |
| Brukarane er tilfredse med de tenestene kommunen yter | Ikkje oppnådd |
| Kvalitetsdokumentasjon og avviks-registrering skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem | Delvis oppnådd |
| Ekstern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons-/kommunikasjonsstrategi | Oppnådd |
| Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar over landssnittet og elles betring i samsvar med tiltak | Ingen målingar |
| Omgjorde vedtak av klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum | Ingen målingar |
| Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga | Ikkje oppnådd |
| Informasjonstryggleiken er tilfredstillande | Ikkje oppnådd |
| Redusere etterslep av supportsaker til 90 dagar og 50 saker. | Ikkje oppnådd |

| Tiltak og investeringar 2012 | Gjennomføring |
|---|---|
| Sikre stabilitet og informasjonsintegritet i legesenteret etter vedtak av kommunestyret. | Gjennomført |
| Samarbeidsprosjekt i sjustjerna | Meldingsløftet gjennomført<br>Gericaflytting gjennomført |
| PDA-oppgradering i heimetenesta | Gjennomført |
| Elektronisk integrasjon mellom Gerica og Agresso | Gerica flytta og i drift pr 1.1.2013<br>Integrasjon i 2013 |
| Velferdsteknologi (pågåande prosjekt) | Gjennomført |
| Heving av infrastrukturstandarden.<br>Innkjøp av datamaskiner for å erstatte dei gamle. | Gjennomført |

## Organisasjon

Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 2 | 2,5 | 3 | 3 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 2 | 2,5 | 3 | 3 |
| Fagressurs teneste | | | | |

Antal i 100 % 3
Antal i deltid over 50 % 0
Antal i deltid under 50 % 0

Antal brukte årsverk 2012 3,51

**Økonomi**

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 |
| Brutto utgifter | 5 367 746 | 5 287 300 | 2 441 | 2 237 | 2 214 |
| Brutto inntekter | 970 217 | 822 300 | (351) | (249) | (191) |
| Netto driftsutgifter | 4 397 529 | 4 465 000 | 2 089 | 1 988 | 2 022 |
| Meir / mindreforbruk (-) | - 67 471 | | (11) | (75) | 2 |

**Viktige hendingar i 2012**

- Opprydding etter Dagmar
- Redusere etterslep
- Evakuering av IKT driftssenter etter kloakkinntak
- Meldingsløftet
- Integrasjon av Landbrukskontoret
- Overtaking av Myrvåg legesenter, Legevakta, Kyrkja

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2013**

- Utviding av legesenteret på Eggesbønes
- AD-migrasjon til felles driftssenter
- Utviding av infrastruktur
- Forbetre driftsstabilitet og informasjonstrygglei

# Servicetorget

**Tenester og oppgåver i avdelinga**
Servicetorget er kommunen si service- og informasjonseining overfor publikum.
Servicetorget skal avlaste driftseiningane og støttefunksjonane slik at dei kan arbeide meir "uforstyrra" med primæroppgåvene sine.

Kommunen si interne og eksterne informasjonsverksemd er lagt til Servicetorget.

Servicetorget har sakshandsaming i skjenkesaker, tilskotsordningar kultur og trussamfunn, transportteneste, følgjekort, parkeringsbevis, brøyteavtaler, byggesak, sal av bustad og næringstomter m.m. Det vert også nytta mykje tid til oppdatering av datagrunnlag i ulike fagprogram for avdelingane og gatenamnprosjektet.

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad | Servicetorget er ajour med sakshandsaminga og dei fleste som tek kontakt får hjelp direkte eller vist vidare til rette vedkomande i organisasjonen.<br>P.g.a nye arbeidsoppgåver, sal av kommunale bustadtomter og næringstomter, er der imidlertid ein del oppgåver som er sett på vent. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket | Det er ikkje klager på utført sakshandsaming i servicetorget |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene og det skal ikkje vere klager på servicen. | Publikum gir gjennom året positive tilbakemeldingar på ytt service og ein har ikkje motteke klager retta imot servicetorget sine tenester.<br><br>Servicetorget har i løpet av 2012 hatt ein del negative tilbakemeldingar på oppfølging og service i andre avdelingar. Dette vert fortløpande rapportert/meldt til avdelingane. |
| Oppdatere kommunen sin kriseplan kvart år | Gjennomført nov 2012. CIM er ikkje nytta som verktøy. |
| Aviser og internett skal nyttast aktiv for å informere publikum | Dei fleste i organisasjonen er flinke å bruke aviser til å formidle nytt. Nettsida bør nyttast meir aktivt av alle i organisasjonen. Servicetorget prøver å vere ein pådrivar for dette og nytt på nettsida vert også lagt ut på facebook. |
| Utforme informasjonsstrategi for kommunen<br>• annonseprofil – fellesannonsering<br><br>• internavis<br><br>• Profilmanual | Arbeidet med oppdatering av informasjon og kommunikasjonsstrategien vart ikkje gjort i 2012. Fellesannonsering fungerer bra, men krev ein del arbeid med redigering før trykking.<br><br>Internavis vert gitt ut annankvar mnd.<br><br>Profilmanual er utarbeida og sendt ut i organisasjonen |

| | |
|---|---|
| • facebook som kommunal brukar/ som privatperson og arbeidstakar i kommunen | Utarbeida tips og råd om bruk av sosiale media- er sendt ut til alle i organisasjonen |

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog:
I servicetorget vert det lagt til grunn at god dialog med brukarane av tenestene er ein føresetnad for god service. God service er utgangspunkt for godt omdøme.

Kvaliteten på tenestene:
Positive tilbakemeldingar frå publikum og få klager på sakshandsaminga, viser at det er bra kvalitet på tenestene.

Dei mest nytta tenestene i Servicetorget:
- spørsmål vedkomande byggesak og byggesaksbehandling
- spørsmål om kommunale avgifter
- råd/rettleiing i samband med søknader transporttenesta, følgekort/parkeringsbevis funksjonshemma, meldingssaker(byggesak) m.m.
- skjenkesaker tok mykje tid deler av året då alle sakene skulle opp til ny handsaming
- sal av kommunale bustadtomter vart servicetorget sine oppgåver f.o.m juni. Det har vore stor pågang og på 6 mnd. er det solgt 9 tomter og det er 4 reserverte pr. 01.01.13. Arbeidet med å tilrettelegge informasjon på nettsida og få gode rutiner i samband med sal har teke tid
- det har vore interesse for næringsareal på Leinane, Mjølstadneset og Myrvåg. To førespurnader om reservasjon der eine er ferdig handsama.
- Eigedomsopplysning
- generelle spørsmål vedkomande ulike tenester i organisasjonen
- spørsmål om vegvedlikehald og brøyting
- gatelys
- påmelding eldrefest
- innlevering sjølvmelding
- påmelding influensavaksinasjon
- Manglande avtale for slamtøming medførte ein del ekstraarbeid

Rolla som informasjonseining krev mykje tid med tanke på oppdateringar av nettsidene (inter- og intranett) samt kommunen si facebookside.

**Organisasjon:**
Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 5,0 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Fagressurs teneste | 4 | 4 | 4 | 4 |

Servicetorget har 5 årsverk fordelt på 7 personar.

**Økonomi:**

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 |
| Brutto utgifter | 5 437 334 | 3 560 400 | 5.618 | 3.690 | 5.528 |
| Brutto inntekter | 3 077 249 | 775 400 | (3.152) | (1.291) | (3.181) |
| Netto driftsutgifter | 2 360 084 | 2 785 000 | 2.466 | 2.399 | 2.346 |
| Meir / mindreforbruk (-) | - 424 916 | | (324) | (390) | (208) |

Avviket skuldast i første rekke reduserte lønsutgifter. Elles er både brutto utgifter og brutto inntekter mykje høgare enn budsjettert. Dette skuldast interne transaksjonar.

**Viktige hendingar i 2012**

- Planlegging og gjennomføring av besøk frå kongehuset
- Skatteetaten sa opp avtalen med kommunen, etter nye vurderingar vart avtalen forlenga
- Sal av bustatomter til servicetorget f.o.m 01.06.2012
- Sal av næringstomter f.o.m 01.06.2012
- Servicetorget fekk arbeidsmiljøprisen

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2013**

- Fokus på servicehaldning i heile organisasjonen
- Ny internett og intranettside
- Revidering informasjon- og kommunikasjonsstrategien
- revidering samarbeidsavtalane

# Økonomiavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**
I økonomiavdelinga ligg kommunen sin samla økonomifunksjon. Ein slik funksjon set store krav til avdelinga og dei tilsette sin kompetanse og kapasitet.

Avdelinga har tre hovudarbeidsområder:

- Skatt og innfordring
- Rekneskap, budsjett og finans
- Innkjøp

Gjennom økonomiavdelinga skal kommunen bl.a vere sikre på at

- all innfordring vert gjort etter lover og reglar
- all rekneskapsføring og rapportering vert utført på ein forsvarleg måte
- budsjettarbeidet er i tråd med dei prioriteringane som politikarane set
- innkjøp vert gjort rett og at dei er i tråd med lovverk og forskrifter
- disposisjonar knytt til finansforvaltning (lån, innskot, aksjar etc) vert gjort i samsvar med vedteke finansreglement

**Mål** **Måloppnåing**

| | |
|---|---|
| Avdelinga yt tenester i samsvar med lovverket | Ikkje registrert avvik på dette området i 2012 |
| Implementering av ny bankavtale | AImplementeringa skjedd som planlagt i mars 2012 |
| Etablere E-faktura frå leverandørar til kommunen | Kontrakta med inpliserte partar vart underteikna, men etableringa vil først skje i 2013 |
| E-bilag skal oppstartast | Ikkje oppstarta |
| Ta i bruk anleggsmodulen i Agresso | Den er ikkje tatt i bruk per 31.12.2012 |
| Rekneskapsføring for Kyrkjeleg Fellesråd | Oppnådd. Avdelinga fører norekneskapen til Fellesrådet + dei 3 sokna i kommunen. |
| Fakturering gjennom bruk av Gerica | Ikkje oppstarta då det ikkje vart gitt økonomiske løyvingar til dette prosjektet for 2012 |
| Utarbeide prosedyrer for rekneskaps-avslutninga innan utgangen av 2012 | Oppstarta med ikkje ferdig. |

**Organisasjon**

**Årsverk**

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 8,3 | 8,3 | 8,3 | 8,3 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 8,3 | 8,3 | 8,3 | 8,3 |
| Fagressurs teneste | 8,3 | 8,3 | 8,3 | 8,3 |

(Avdelinga har 8,3 årsverk, men grunna permisjonar og sjukmeldingar har gjennomsnittleg aktive årsverk vore 8,1 i 2012, 7,6 i 2011 og 8,1 i 2010)

**Økonomi**

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 |
| Brutto utgifter | 6.301 | 6.853 | 6.002 | 5.366 | 4.973 |
| Brutto inntekter | (619) | (1.168) | (1.057) | (638) | (501) |
| Netto driftsutgifter | 5.682 | 5.685 | 4.945 | 4.728 | 4.473 |
| Meir / mindreforbruk (-) | (3) | | (430) | (482) | (477) |

Avviksanalyse
Samla lønskostnadar (inkludert refusjon sjukeløn) vart nær kr 523.000,- lavare enn budsjettert. Dette skuldast vakansar i samband med sjukemeldingar og permisjon. Andre driftskostnadar vart omlag kr 100.000,- lavare enn budsjettert. På inntektssida vart salsinntektene noko høgare enn budsjettert medan refusjonar m.m vart lavare enn budsjettert. Av ei løyving frå disposisjonsfondet på kr 640.000,- vil truleg i underkant av kr 100.000,- bli brukt.

**Lokalsamfunn**

Avdelinga informerer om nyhende og tenestetilbodet på kommunen sine heimesider, og til dels i lokalavisa. Vi kan verte meir aktive i det utadretta informasjonsarbeidet.

**Viktige hendingar i 2012**

- Teikna kontrakt som gjeld etablering av E-Faktura frå leverandørar til kommunen.
- Ny bankavtale tatt i bruk
- Ny innkjøpskonsulent på plass

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2012**

- Utarbeide nytt finansreglement
- Utarbeide nytt økonomireglement
- Kjøpe inn og ta i bruk nytt budsjettverktøy

# Personal- og organisasjonsavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**

Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling og innkrevjing av refusjon sjukepenger. Den har stab- og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å styrke og samordne kontakta mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk | Ingen klager mottatt |
| Brukarane er tilfredse med de tenestene kommunen yter | |
| Kvalitetsdokumentasjon og avviks-registrering skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem | Ingen avvik melde |
| Ekstern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons-/kommunikasjonsstrategi | Lite ekstern informasjon, mest internt i organisasjonen |
| Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar over landssnittet og elles betring i samsvar med tiltak | Ingen brukarundersøking i 2012 |
| Omgjorde vedtak av klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum | Ingen klager handsama |
| Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga | Ingen skriftlege klager mottatt |

| Planlagde tiltak og investeringar | Gjennomføring |
|---|---|
| Sluttføre arbeidet med evaluering / revidering av seniorpolitiske tiltak | Gjennomført |

| | |
|---|---|
| Sluttføre arbeidet med evaluering / revidering av lønnspolitikk | Gjennomført, når det gjeld forslag til kriterie for leiaravlønning |
| Få på plass lokal særavtale om arbeidstøy | Gjennomført |
| Sluttføre arbeidet med system for tidsregistrering | Gjennomført |
| Oversikt over og gjennomgang / avklaring av uavklarte saker for langtidssjukmelde | Kontinuerleg |
| Aktiv informasjon til leiarar og tilsette i møter, via e-post, Intranett, kontaktmøte og onsdagsinfo | Gjennomført |
| Fortløpande revisjon av dokument og oppdatering av Kvalitetslosen | Delvis gjennomført |

## Organisasjon:

Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 4,25 | 4,25 | 4,45 | 4,45 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 4,25 | 4,25 | 4,45 | 4,45 |
| Fagressurs teneste | | | | |

Den totale stillingsressursen i personal- og organisasjonsavdelinga er 4,45 stilling, fordelt på 5 personar.

**Økonomi:**
Tal i heile tusen:

Tal i heile tusen:

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 |
| Brutto utgifter | 8 651 | 10 026 | 8 375 | 9 124 | 8 613 |
| Brutto inntekter | (1 597) | (1.981) | (1 567) | (2 395) | (1 917) |
| Netto driftsutgifter | 7 054 | 8 045 | 6 808 | 6 729 | 6 696 |
| Meir / mindreforbruk (-) | (990) | | (2 072) | (1 575) | (115) |

Mindreforbruket er i hovudsak mindre tilgang på lærlingar og mindre bruk av kurs-/kompetansemidlar enn budsjettert.

**Viktige hendingar i 2012**

- Lokale lønnsforhandlingar
- AKAN kurs for leiarar og tillitsvalde

- Evaluering av seniorpolitiske tiltak

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2013**

- Prosjekt likestilte kommunar / kommuneprogrammet – evaluering av lønspolitikk
- Oppfølging av personalsaker

# DRIFTSAVDELINGANE

# Barnehage

**Tenester og oppgåver i avdelinga**
Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Kommunen har 4 kommunale og 6 private barnehagar. Tal årsverk i barnehageavdelinga/kommunale barnehagar er pr. desember 2012: **28,99**. Dette inkluderer barnehageleiar og 1,09 årsverk ekstra ressurs til barn med særskilte behov.

| **Mål** | **Måloppnåing** |
|---|---|
| Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad | Har i 2012 hatt full barnehagedekning, etter regjeringa sin definisjon...alle som søkte plass innan søknadsfristen for hovudopptaket og som hadde rett til plass , fekk tilbod om plass. Det har etter søknadsfristen for hovudopptaket kome inn mange søknader, og det har vore opptil 30 barn på venteliste gjennom året. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket | Kommunen fekk 5 klager på barnehageopptaket i 2012. Ei av klagene vart trekt , då barnet fekk plass i den barnehagen søkjar hadde på 2. plass. Dei andre klagene vart ikkje imøtekomne av klageorganet.<br>Det er ikkje gitt avvik til nokon av barnehagane det er ført tilsyn med etter barnehagelova i 2012. |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene | Det vart gjennomført felles brukarundersøking for kommunale og private barnehagar i 2010 med same gode resultat som i 2007, eit snitt på 5,3. (landet har snitt på 4,9) Det er ikkje gjennomført felles brukarundersøking i 2012. Planen er å |

| | |
|---|---|
| | gjennomføre ny brukarundersøking i 2013. |

| Planlagde tiltak og investeringar | Gjennomføring |
|---|---|
| Årsplanar som gjer greie for kva ein kan forvente av barnehagetilbodet | Gjennomført. Alle barnehagane har årsplanar som er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval, som gir informasjon om innhald og planar for året og som er i samsvar med barnehagelova, nasjonal og lokal rammeplan. |
| Gjennomføre samordna barnehageopptak. | Gjennomført.. |
| Tilsynsbesøk | Ein starta tilsyn med dei private barnehagane hausten 2012. Desse tilsyna vil ein halde fram med våren 2013. Det vil bli lagt fram sak om resultatet til politisk nivå når ein er ferdig med alle barnehagane. |
| Kontinuerleg god kommunikasjon og informasjon til brukarane i den enkelte barnehage og kommunen si internettside/lokalavisa. | Gjennomført. Informasjon i media kan bli betre. |
| Bidra til revisjon av plan for førebyggande tiltak for barn og unge, og ved å arbeide i samsvar med planen. | Gjennomført.<br>Det er no etablert tverrfaglege team ved alle barnehagane. Dette gir barnehagane god hjelp til tidleg intervensjon. |
| Gjennomføre hovudettersyn ved uteleikeplassane i barnehagane. | Gjennomført. Ikkje alle avdekte manglar er utbetra. |

**Herøy har høgare dekningsgrad enn både Møre og Romsdal og landet som heilheit. Alle barnehagane har gode rutiner for samarbeid/samhandling med foreldra slik at barnehagane til ei kvar tid har fokus på brukarane sine behov. Det vart gjennomført felles brukarundersøking i både kommunale og private barnehagar våren 2010 med same gode gjennomsnittlege resultat som i 2007 (snitt på 5,3).**

.

**Organisasjon:**

Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 28,16 | 27,13 | 27,40 | 28,99 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 0,8 | 0,8 | 0,8 | 0.8 |
| Fagressurs teneste | 27,36 | 26,33 | 27,60 | 28,19 |

**Tal årsverk når det gjeld grunnbemanning i barnehagane er stabilt, medan tal årsverk som gjeld ekstra personale til barn med særskilte behov varierer frå år til år. Hausten 2012 vart det tilsett 0,5 årsverk assistent ved Moltu barnehage for å kunne ta inn nokre fleire barn på ventelista som hadde rett til plass. Moltu barnehage hadde nok areal til å kunne gjere dette.**

**Alle barnehagane har internkontrollsystem. Barnehagane har fast oppfølging av årlege planleggings- og utviklingssamtalar mellom leiar og tilsett.**

**Barnehagane har gjennomført plan for kompetanseutvikling, m.a felles kurs om "magiske samlingstunder", danningsomgrepet i formålsparagrafen i barnehagelova og kurset "leder eller pedagog, ja, takk begge deler" for pedagogane. I tillegg har nokre deltatt på barnehagekonferansen i Ålesund og Kristiansund, Løftkonferansen i Molde samt kurs for einskildpersonar når det har vore behov for det.**

**Barnehagane har no kome med blant dei som skal ha bedriftshelseteneste, og det vart gjennomført helseundersøking med alle tilsette i 2010. Planen er at det vert gjennomført helseundersøking kvart 3 år. Det er planlagt ny helseundersøking for barnehagetilsette i 2014.**

Økonomi:

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 |
| Brutto utgifter | **63.069** | **61.607** | **56.236** | **52.149** | **46.606** |
| Brutto inntekter | **(6.741)** | **(5.087)** | **(5.636)** | **(49.666)** | **(44.958)** |
| Netto driftsutgifter | **56.328** | **56.520** | **50.600** | **2.482** | **1.648** |
| Meir / mindreforbruk (-) | (192) | | **(0)** | **(1.936)** | **(1.936)** |

**2012 er andre året med barnehagedrift der driftsmidlar til barnehage kjem som rammetilskot til kommunen, og kommunen har fått nye retningsliner for behandling av kommunalt tilskot til ikkje kommunale barnehagar i samsvar med forskrift om likebehandling av barnehagar. Herøy kommune har saman med dei andre kommunene i Sjustjernanettverket engasjert Telemarksforsking for å kvalitetsikre utrekninga av kommunalt tilskot til ikkje kommunale barnehagar. Det vart i 2012 utbetalt kr. 41 162 000,- til private barnehagar i Herøy, og kr. 854 052 til Ulstein kommune . Herøy kommune har ikkje fått klage frå ikkje kommunale barnehagar på vedtak om kommunalt tilskot i 2012.-**

Lokalsamfunn

**Barnehagane har informert om nyhende og endringar i barnehageavdelinga på kommunen sine heimesider og i lokalavisa og har på denne måten vore med å gje kommunen eit godt omdøme.**

Viktige hendingar i 2012

- **Klarte innfri retten til barnehageplass i 2012 ved at alle som hadde rett til plass fekk tilbod om plass. Planlegging av ny barnehage i Indre Herøy kom med på økonomiplanen for 2013.**
- **Gjennomført kompetanseutvikling i samsvar med plan for kompetanseutvikling**
- **Gjennomført sikkertheitskontroll ved alle uteleikeplassane**

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2013**

- Kome i mål med planlegging av ny barnehage
- God tenesteyting på trass av høgt sjukefråver og personale med svekka helse
- Pedagogiske leiarar med førskulelærarutdanning i samsvar med pedagognorma
- Gjennomføre kompetanseutvikling etter vedtatt plan
- Vedlikehald ute og inne (ventilasjon, støy, sikkerheit)

# Skuleavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**
Skuleavdelinga omfattar grunnskulen, kulturskulen, pedagogisk, psykologisk tenestekontor, Internasjonal skule og pedagogisk personell ved Runde kystleirskule.

Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida, og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utvikle skaparglede og engasjement.

Målet for dei vaksne på Internasjonal skule, er å hjelpe den enkelte til eit meir meiningsfylt liv i det norske samfunnet. Dei skal få tilstrekkeleg norskopplæring og kunnskap om det norske samfunnet til å styrkje grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrke og samfunnsliv.

| **Mål** | **Måloppnåing** |
|---|---|
| Skuleavdelinga skal yte tenester i samsvar med lov- og avtaleverk | Det er ikkje registrert avvik relatert til målet. |
| Alle elevar i Herøyskulen skal ha eit godt læringsmiljø. | Læringsmiljøet omfattar både fysiske og psykososiale forhold. Fortsatt er ikkje alle skulebygg godkjende etter Forskrift om miljøretta helsevern, men tiltak vert gjennomført etter ein handlingsplan. Måleindikatorar for læring og psykososiale forhold viser positiv utvikling og måloppnåing. |
| Resultat over gjennomsnitt for nasjonalt og fylket på brukarundersøkingar, nasjonale prøver og avgangsprøver. | Måleindikatorane i Elevundersøking og Nasjonale prøver viser positiv utvikling.<br>På dei aller fleste område er ein no på eller over snitt.<br>Indikator Grunnskulepoeng ligg godt over snitt. |
| Skuleavdelinga skal ikkje ha sjukefråvær relatert til arbeidsmiljøet. | Det er ikkje registrert sjukefråvær relatert til psykososialt arbeidsmiljø. Det er noko meir usikkert for faktorar som gjeld inneklima og luftkvalitet. |
| Skulen skal vere ein naturleg del av lokalsamfunnet, og bidra til at barn og unge utviklar identitet med heimemiljøet. | Det har også i 2012 vore eit godt samarbeid mellom arbeids- og samfunnsliv og skulen. |

| **Planlagde tiltak og investeringar** | **Gjennomføring** |
|---|---|
| Redusere talet på | Etter GSI-rapporteringa pr.1.oktober kan ein ikkje sjå måloppnåing. |

| | |
|---|---|
| elevar pr. pc frå 5,1 til 4,5 | Men det er etter den tid innkjøpt og montert fleire tynnklientar, som gjer at ein truleg har nådd målet for 2012. |
| Alle lærarar skal ta i bruk administrasjonsverktøyet Oppad lærarweb pr.1.august 2012 | Dette er gjennomført. Alle dokumenterer no fråvær, vurdering og merknader i lærarweb'en. |
| Alle tilsette skal ha fått opplæring i Kvalitetslosen; dokument og avvik. | Målet er nådd for dei fleste tilsette, men fortsatt kan det vere enkelte som ikkje nyttar pc i sitt daglege arbeid som heller ikkje kan å nytte verktøyet. |
| Ha prosjektert og ha starta utbygginga av base for funksjonshemma på barnetrinnet innan desember 2012. | Prosjektet er pr.februar'13 sendt ut på anbod. |

| Nøkkeltal | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 |
|---:|---:|---:|---:|---:|
| Barneskular | 5 | 5 | 5 | 8 |
| Kombinerte skular (1-10) | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Ungdomsskular | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Elevar barnetrinn | 758 | 768 | 776 | 788 |
| Elevar ungdomstrinn | 339 | 352 | 356 | 354 |
| Elevar i SFO | 282 | 290 | 289 | 258 |
| Elevar med assistenthjelp | 42 | 38 | 36 | 34 |
| Elevplassar musikkundervisning | 310 | 290 | 324 | 318 |
| Elevplassar andre kulturuttrykk | 317 | 295 | 318 | 386 |

**I tillegg for 2012: "Korps i skulen", der ca. 75 elevar på 3.årstrinn har fått undervisning på messingblåseintrument som ein del av musikkundervisninga. Dette er eit samarbeid mellom grunnskule, kulturskule og korps.**

Nasjonale kvalitetsindikatorar grunnskule

| Nasjonale prøver | Herøy 2012 | Møre og Romsdal | Gj.snitt landet |
|---:|---:|---:|---:|
| **Nasjonale prøver 5.trinn lesing** | **2,0** | **1,9** | **2,0** |
| **Nasjonale prøver 5.trinn rekning** | **2,1** | **1,9** | **2,0** |
| **Nasjonale prøver 8.trinn lesing** | **3,0** | **3,0** | **3,1** |
| **Nasjonale prøver 8.trinn rekning** | **3,0** | **3,1** | **3,1** |
| **Nasjonale prøver 9.trinn lesing** | **3,3** | **3,4** | **3,5** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Nasjonale prøver 9.trinn rekning** | **3,4** | **3,5** | **3,4** |

| Elevundersøkelsen Nokre moment jfr. læring 10.trinn | Herøy 2012 | Møre og Romsdal | Gj.snitt landet |
|---|---|---|---|
| **Trivsel med lærar** | **3,4** | **3,8** | **3,8** |
| **Mobbing** | **1,4** | **1,4** | **1,4** |
| **Fagleg rettleiing** | **3,0** | **3,1** | **3,1** |
| **Meistring** | **3,8** | **3,8** | **3,8** |
| **Fagleg utfordring** | **3,8** | **4,1** | **4,1** |

| Diverse | Herøy 2012 | Møre og Romsdal | Gj.snitt landet |
|---|---|---|---|
| **Gjennomsnitt grunnskulepoeng** | **40,2** | **40,3** | **39,9** |
| **Overgang til vidaregåande skule** | **99,2** | **98,1** | **97,8** |

Kvaliteten i skulen

**Måleindikatorane viser positiv utvikling for alle skulane i Herøy, sjølv om ikkje alle har nådd fastsette mål. Dette viser at ein er på rett veg. Arbeidet med å auke læringstrykket og dermed resultatet, har blitt intensivert. Samstundes vert det arbeidd med danning og sosial kompetanse, noko som ikkje vert målt i same grad.**

Utviklingsmål for skulane i Herøy er knytt opp mot eit overordna mål om styrka læringsmiljø, nokre døme:

- Lesing på alle trinn og i alle fag, lese for å lære
- Auka motivasjon for skulearbeidet
- Vurdering for læring
- Auka ferdigheiter i rekning
- Styrke samarbeidet heim/skule
- Trivsel og godt arbeidsmiljøfor alle

Vi opplever å ha høg kvalitet på mange område i grunnskulen i Herøy, også på det som er vanskeleg å måle; song, musikk, drama, kreativitet.

**Organisasjon:**

Årsverk

| | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 |
|---|---|---|---|---|
| **Årsverk ped.personale grunnskule** | **107** | **107** | **110,8** | **117,7** |
| **Årsverk assistentar gr.skule** | **14,6** | **14** | **13** | **16,07** |
| **Herøy kulturskule** | **8,7** | **8,5** | **8,7** | **9,34** |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Internasjonal skule | 3,4 | 4,0 | 4,6 | 4,0 |
| PPT (fagpersonar) | 4,5 | 4,5 | 4,5 | 4,45 |
| Merkantilt pers. skuleavd. | 2,54 | 2,54 | 2,54 | 2,54 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 2,4 | 2,4 | 2,4 | 2,4 |

HMS i skuleavdelinga

**HMS skule inneber i hovudsak oppfølgjing i høve desse lovverka:**

- **Opplæringslova §9A**
- **Arbeidsmiljølova**
- **Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar**

Skuleavdelinga sitt kvalitetssystem inneheld m.a. desse tiltaka når det gjeld HMS:

- **Arbeidsmiljø/ HMS/ sjukefråvær er tema i samtalar mellom skulesjef og avdelingsleiarar jamnleg, og minimum to gongar pr.år**
- **Det same er tema i årlege medarbeidarsamtalar ute i avdelingane.**
- **Årlege vernerundar**
- **Elevundersøkingar (årleg)**
- **Prosedyrer og handtering av saker som gjeld §9a i Opplæringslova; elevane sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø.**
- **Systematiske foreldresamtalar ute i skulane (jfr. Opplæringslova)**
- **Systematiske elevsamtalar ute i skulane (jfr. Opplæringslova)**
- **Godkjenning av skular og barnehagar etter Forskrift om miljøretta helsevern.**
- **HMS-plan med risikovurdering i alle verksemder, med årleg revisjon.**
- **Handlingsplan for handtering av mobbing.**
- **Handlingsplan for handtering av vald og trakassering.**

Økonomi:

| Tall i hele tusen | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
| Brutto utgifter | **119 613** | **115.295** | **116.121** | **121.145** |
| Brutto inntekter | **(19 461)** | **(15.420)** | **(19.238)** | **(22.605)** |
| Netto driftsutgifter | **100 152** | **99.875** | **96.883** | **98.540** |
| Meir / mindreforbruk (-) | **277** | | **(1.657)** | |

Lokalsamfunn

**Alle skulane i kommunen har eit positivt samarbeid med ressurspersonar, organisasjonar og bedrifter i lokalmiljøet. Det vert kvart år gjennomført gode samarbeidstiltak, med opne dører mellom skulen og samfunnet rundt.**

# Barn- familie og helseavdelinga

### Tenester og oppgåver i avdelinga

Barn-, familie og helsetenesta skal fremje innbyggarane si velferd ved mellom anna å fokusere på folkehelse og trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold, og søkje å førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte. Barnevernet skal særleg sikre at born og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og

omsorg i rett tid og bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår. Tenesta skal spreie opplysning om og auke interessa for kva den enkelte sjølv og allmenta kan gjere for å fremje sin eigen trivsel og helse.

Kommunen si barn-, familie og helseteneste omfattar fylgjande hovedområder:
1.Barnevernteneste
2. Førebyggande eining
3. Legetenesten
4. Psykiatriske tenester
5. Rehabiliteringstenester

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad. | Legekontora: Pr 31.12.12 er ventetida 0 dagar for akutte tilfeller, og 3-30 dagar for vanleg timebestilling, varierande frå lege til lege. Fysikalske Institutt: Ventetida på nyopererte, på akutte lidingar og barn 1 veke og på meir kroniske lidingar 7-8 veker |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket. | Det er ikkje kome formelle klager på avdelinga sine tenester. Det er kome nokre klagar på manglande stabilitet i legedekninga. Desse klagane er handsama fortløpande. |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene. | Det er ikkje gjennomført brukarundersøking i avdelinga i 2012 |
| Det skal vere minimum 95 % vaksinasjonsdekning i aldersgruppa 0-18 år for det vaksinasjonstilbodet som vert gitt i samsvar med nasjonale retningsliner. | Målet er nådd. |
| Det skal oppnåast minst 60 % vaksinasjonsdekning for influensavaksinering årleg og 60 % vaksinasjondekning for pneumokokk-vaksinering for definerte risikigrupper. | Målet er nådd. |

| Planlagde tiltak og investeringar | Gjennomføringar |
|---|---|
| Arbeide aktivt med ein god struktur og aktiv involvering av alle i den nye avdelinga | Halde 2 samlingar for alle tilsette, tilknytta avdelinga. |
| Arbeide for å sikre god samhandling i den nye avdelinga, slik at det vert ein trygg og god arbeidsplass og gode koordinerte teneste | Seminar på Christineborg, Runde med hovudvekt på å bli kjent, psykisk helsevern og tema arbeidsglede |
| Barn, familie og helse avdelinga er etablert. Det må gjennomføras ein prosess for å få til ei god samhandling mellom dei ulike fagfolka i avdelinga. Her må alle frå barnevern og helse delta | Prosessen er starta. Tverrfagleg samarbeid prioriterast. kontinuerleg arbeid for å nå målet om enda betre og meir integret samareid til beste for våre brukarar. |
| Arbeide aktivt for at påbygginga/ombygginga på Eggesbønes skal gjennomførast så raskt som mogleg | Det var ikkje nokon start på bygginga i 2012. Oppstart rett over nyttår 2013. |
| Gjennomføre" årshjulet" med årsrapportering, | Gjennomført |

| | |
|---|---|
| utarbeiding av årsplan for avdelinga. | |
| Gjennomføre PLUS-samtaler med seksjonsleiarane i samsvar med den rekkjefølgje og tempoplan som rådmannen fastset. | Gjennomført samtaler. |
| Seksjonsleiarane gjennomfører ei PLUS-samtale med kvar av sine medarbeidarar årleg etter PLUS-samtale mellom avdelingsleiar og seksjonsleiarane | Delvis gjennomført |
| Utarbeide årsplan for kvar seksjon med basis i avdelinga sin årsplan | Gjennomført |
| Seksjonsmøte annan kvar veke med hovudvekt på gjensidig informasjon, drøfting/samordning og fordeling av arbeidsoppgåver. | Gjennomført |
| Det vert 1-2 personalmøter for alle i avdelinga. | Gjennomført, sjå ovanfor |
| Tema-dag to gonger i året med hovudvekt på fagleg utvikling og fokus på Arbeidsmiljøet | Gjennomført ein dag. Tema arbeidsglede. Vil verte følgt opp. |
| Ferdigstille helse- og omsorgsplana | Planen er ikkje ferdigstilt. Det vert arbeidd aktivt med den. |
| Inngå avtalar med Herøy legesenter | Gjennomført. |
| Inngå avtalar med Myrvåg legesenter og med overtaking av senteret | Gjennomført. |
| Gjennomføre brukarundersøking innan aktuelle fagområder | Ikkje gjennomført |
| Barn, familie og helseavdelinga deltek vidare i arbeidet med ny omsorgsplan 2015 | Har deltatt |
| Plan for førebyggjande arbeid for barn og unge skal vere eit aktivt og målretta verktøy for å styrke førebyggjande samarbeid. | Det er mykje aktivitet i samband med førebyggande arbeid for barn og unge. Planen er eit levande reiskap. |
| Kompetanseheving ved deltaking i Kompetanseløftet barnevern Sunnmøre og leiarutviklingsprogrammet Herøylosen | Gjennomført Kompetanseløftet |

| | |
|---|---|
| Kompetanseheving i samband med innføring av samhandlingsreforma<br>Opplæringsplan for alle tilsette | Deltatt aktivt i kompetanseheving i samband med samhandlingsreforma. |
| Ekstern rettleiing til alle som har behov for det særlig innan barnevern og psykisk helsevern | Ekstern rettleiing gitt der det er meldt behov. |
| Kvalitetslosen skal vere eit aktivt verktøy for alle i barn, familie og helseavdelinga | Her står det fortsatt igjen eit arbeid. |
| Alle tilsette skal bidra til positivt omdømebygging av tenestane og kommunen | Satt fokus på, men det er fortsatt rom for forbetring |
| Ta del i vidare arbeid med internt og interkommunalt samarbeid i samband med samhandlingsreforma. | Har tatt del i samarbeid der kor det har vore naturleg |
| Vidareføre" psykiatriskulen" med anna for kompetanseheving for alle tilsette i psykiatrien. | Forberedt samling som vart gjennomført på nyåret i 2013. |
| Det skal vere faste legemøter 6-8 gangar pr år for alle legane, og minst eit<br>møte pr år i Samarbeidsutvalet. | Gjennomført nokre legemøter. Gjennomført møte i samhandlingsutvalet. |
| Det skal vere faste fysioterapeut/ergoterapeutmøter 6-8 gangar per år. | Gjennomført 8 møter |

**Nokre konkrete nøkkeltal og forhold:**

Interkommunalt samarbeid innan førebyggande arbeid for barn og unge.

2012 vartnytta til å få ein gjennomgang av det førebyggande arbeid som var dreve samane med Hareid, Ulsten og Sande. Det var fremma sakar for kommunestyrene for å avklare kva tiltak ein skulle vidareføre. Samhandlingsorganet for dei førebyggande tenestene vil vidareføre arbeidet i 2013-

Barnevern

Vi har ikkje tilfredsstillande dekning på tiltakssida, spesielt endringstiltak som foreldrerettleiing og miljøterapeutteneste. Vi har ikkje hatt klage på hjelpetiltak.

Statistikken viser at barnevernet har i løpet av 2012 arbeidd med 99 barn. I 2011 86 barn. Aldersgruppa som vi jobba mest med var 13-17 år, og flest gutar. Barn som går ut av omsorg ved fylte 18 år, ynskjer å bli følgt opp med ettervernstiltak. Desse sakene blir prioritert. Barnevernet har tilsyn med 10 fosterbarn som er plassert i Herøy frå andre kommune. Dei borna kjem ikkje med på statistikken.

Fristoverskridingar i barnevernsundersøkingar:

Første halvår 2012: 5 fristoverskriding, 10,4% av meldingane.
Andre halvår 2012: 6 fristoverskridingar, 18,8 % av meldingane.
Det blei i mai 2012 gjort ei intern strukturendring i avdelinga for å auke kvaliteten på arbeidet ved å opprette team (undersøkingsteam, tiltaksteam, omsorgsteam). Oppgåvene blei meir oversiktlege, og metoden skal evaluerast i mai 2013.

Barn har tiltaksplanar og omsorgsplanar. Vi har ikkje fått klage eller merknad på feil sakshandsaming.

Ei omsorgssak blei handsama i Tingretten. Kommunen fekk medhald. To saker,ei § 4-24 og ei §4-12, vart handsama i Fylkesnemnda som forenkla sak.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog

Barnevernstenesta er lovpålagd å samarbeide med foreldre til born som er under omsorg. Det kan vere vanskeleg å få til i saker der ein bruker tvang, men vi gjer så godt som vi kan.

| **Nøkkelinformasjon** | **2012** | **2011** |
|---|---|---|
| Melding | 94 | 106 |
| Avslutta undersøkingar | 74 | 75 |
| Born under omsorg | 13 | 13 |
| Born med hjelpetiltak i løpet av året | 86 | 91 |
| Born i fosterheim | 11 | 10 |
| Born i ungdomsheim | 2 | 3 |
| Born i ettervern (etter fylte 18 år) | 3 | 7 |

<u>Helsestasjon og skulehelsetenesta:</u>

- Fødde 93 barn i 2012 ( 120barn i 211, 90 barn i 2010, 83 barn i 2009)
- 52 heimebesøk til nyfødde i 2012. ( Alle får tilbod, men mange føretrekk å kome på helsestasjonen særleg da opphaldstida på sjukehuset er sterkt redusert)
- Foreldreførebuande kurs: 4 kurs med til saman 48 par, 18 fleire enn i 2011.
- Barselgrupper: Stor og god oppslutning ved 4 og 8 mnd.Samarbeid mellom helsesøster, fysioterapeut og tannpleier
- Barnekontrollane: Her vert det statlege programmet fylgt samt at mange får hyppigare kontakt.
- 2-årskontrollar: 100 % oppslutning
- 4-årskontrollar: 100 % oppslutning
- Skulehelsetenesta: Alle (ca 1200 elevar) har fått det ordinære tilbodet, + kontortid i tre ungdomsskular og ein vidaregåande skule a' 2t/veka+etterarbeid.
- Vaksinasjonar i barnevaksinasjonsprogrammet (helsestasjon og skule): Tilbodet er gitt til alle barn. Mellom 95%- 100% oppslutning om det nasjonale barnevaksinasjonsprogrammet i Herøy.

- Helsestasjon for ungdom(HFU):Det er registrert 194 kontakter på HFU i 2012, 17 av desse har også vore til lege. Tilsaman er desse kontaktene fordelt på 104 ungdomar.
- Vaksinasjonspoliklinikken: Ein har gitt 563 doser mot 621 i 2011. Altså ein nedgang på58. Antal kontakter er vanskeleg å dokumentere, då telefonkontaktene med veiledning og timebestilling ikkje vert registrerte.
- Influensavaksine:Det er gitt ca 750 doser influensa-vaksiner sesongen 2012-2013 mot 620 doser førre sesong.
- Tverrfaglege team: Helsesøstrene deltek no i tverrfaglege team for alle skular og barnehagar. Arbeid i t.team generer oppfølging og etterarbeid. Det positive er at barn vert sett og møtt på sine behov, men det kan i enkelte tilfelle vere utfordrande å følge opp det einskilde barn.
- PMTO Tre helsesøstre har siste året gått opplæringa.
- Helsearbeid blant innvandrarar:Helsesøster har samarbeid med andre i helseavdelinga, andre avdelingar i kommunen, flyktningansvarlege ved Nav, voksenopplæring for innvandrarar, og 2.linjetenesta.

Psykisk helsearbeid:

- Klar nedgang frå tidlegare år i bruken av Dagsenteret. Personalet, 1 i 100% og 2 i 50%, har koordinatoransvor for 6 personar, to for kvar av dei tilsette.
- Kommunepsykologen hadde 166 pasientar til behandling i 2012, Kommunepsykologen er koordinator til 2 personar.Kommunepsykologen deltar i mykje tverrfagleg arbeid i kommunen og er ein viktig bidragsyter i mange ulike problemstillingar innan ulike avdelingar. Han vert meir og meir brukt av skulane.
- Dagsenteret: 10 personer har vedtak I snitt kjem ca. 10 personar innom pr. veke og pr. dag. 7 personar : Talet på ulike personar innom i 2012: ca 25.
- Gruppeanalytisk gruppe: Det var mange gruppemøter med 8 deltakarar i gruppa. Denne gruppa vartt avslutta i april, då klinisk sosionom som dreiv den gruppa, fekk permisjon i stillinga.
- I juni fekk vi tilsett ein psykiatrisk sjukepleiar i som vikar for klinisk sosionom.
- Oppfølging av 57 personar fekk i 2012 vedtak om oppfølging av psykiatrisk sjukepleiarane og klinisk sosionom i 2012. Av dei, har psykiatrisk sjukepleiarane koordinatoransvar for 7. Det har vore merkbart endring gjennomsnittsalder for dei som får teneste. Det er fleire yngre som treng tettare oppfølging. Av dei 57 personane, får 48 heimebesøk, dei restande kjem til kontoret.
- Badegruppe I Herøy Fritidsbad, har i snitt 6-7 deltakarar, kvar tysdag.
- Ein av de psykiatriske sjukepleiarane er med på eit tverrfagleg prosjekt DUGNAD i regi av kommunen og Midtnorsk kompetansesenter. KORUS.
- I 2012 hadde vi eit vellukka samarbeid med Ulstein kommune, Mental Helse i Herøy og Sande om å arrangere "Verdensdagen for psykisk helse"

Legetenesta:

- 2012 har vore prega av at det har vore mye vakansar blandt legane og med det mange vikarar. Dette har til tidar vore utfordrande, ikkje minst for pasientane.
- Ombygginga av Herøy legesenter vart ferdigstilt,
- Den vedtatte opptrappinga av sjukeheimsteeste er gjennomført.
- Det er inngått ny leigeavtale med legane ved Herøy legesenter, etter forhandlingar over lang tid.
- Myrvåg legesenter vart kommunalt frå 1.3.2012. Det er inngått leigeavtale med legane.

- Seinhausten vart det vedteke at kommunen skulle delta i den interkommunale nattlegevakta i Volda. Oppstart frå 1.1.2013.
- Det vart hausten 2012 vedteke å starte opp med øyebkileleg døgntilbod i kommunen. Dette er ein konsekvens av samhandlingsreforma. Av ulike grunnar kom ein ikkje i gang som planlagt på sienhausten.

Seksjon rehabilitering

- Gjennomførte eit kurs for helsepersonell frå Møre og Romsdal med omlag 60 deltakarar.
- Omlag 18.000 kurative behandlingar utført av dei private fysioterapeutane.
- Seksjonen er koordinator for 5 personar
- Handsama 3 store boligsaker og 1 bilsak
- Ca 200 brukarar med sak til NAV/Hjelpemiddelsentralen
- Seksjonen hr 6 grupper i basseng og 4 i treningssal for personar med kroniske lidelser

Organisasjon:

Årsverk

| | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 5+31,06 | 6+31,07 | 37,7 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 1,2 | 1,3 | 1,3 |
| Fagressurs teneste | 32,86 | 32,86 | 32,86 |

I barn-, familie og helseavdelinga sine tenester vert utført av fast tilsette og av sjølvstendig næringsdrivande som utfører tenester etter kontrakt. Det vert her rapportert på begge typer tilknyting:

Driftsavtalar:
10 fastlegar: 5,8 kurative årsverk
7 fysioterapeutar: 6,0 kurative årsverk
Legevaktberedskap: 7.000 årstimar beredskap.

**Økonomi:**

| Tall i hele tusen | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **Rekneskap 2012** | **Budsjett 2012** | **Rekneskap 2011** | **Rekneskap 2010** |
| Brutto utgifter | 45 231 | 37 928 | 12 505 +27.626 | 9 757+25 419 |
| Brutto inntekter | 13 284 | 6 892 | (1 449 +(9.094) | (360)+(8 697) |
| Netto driftsutgifter | 31948 | 31076 | 11 056+18.532 | 9 397+16 722 |
| Meir / mindreforbruk (-) | 902 | | 1 766+72 | 224+(727) |

**Lokalsamfunn**

Barn-, familie og helseavdelinga skal informere om tiltak, nyhende og endringar i tenestane på kommunen sine internettsider og i lokalavisa. Dette er berre delvis gjennomført

Faste samarbeidsmøte med relevante samarbeidspartnarar for å førebygge problemutvikling, særleg for barn og unge

**Viktige hendingar i 2012**

- Ny organisasjon "Barn- familie og helse
- Tverrfaglege team til alle skular og barnehagar
- Ferdigstille arbeidet med ombygging av Herøy legesenter
- Overtaking av Myrvåg legesenter
- Nye avtaler med begge legesenterene
- Implementere samhandlinsreforma

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2013**

- Ferdigstille tilbygget og få gode arbeidsforhold for alle tilsette
- Etablering av tenestene i ny organisasjon og få til gode koordinerte tenester
- Oppfølging av prosedyrehandbok/internkontrollen
- Følge opp samhandmhandlingsreforma innen dei ulike tenesteområda

# Pleie- og omsorgsavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**

Gjennom pleie- og omsorgstenesta skal kommunen

- sikre at alle som har behov for pleie- og omsorgstenester vert gitt tryggleik for nødvendige og individuelt tilpassa tenester .
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod som ivaretek kontinuiteten i tenesta
- sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren

Standard for heimehjelp, heimesjukepleie og institusjonsomsorg er fastsette i tenesteerklæring som er vedteken av kommunestyret

For å løyse oppgåvene vert det ytt fylgjande deltenester:

- heimesjukepleie
- sjukeheim
- omsorgsbustad
- praktisk bistand og opplæring
- avlastningstiltak
- dagtilbod
- støttekontakt
- omsorgsløn
- matombringing
- tryggleiksalarm
- personleg assistent
- hjelpemiddel

**Mål** **Måloppnåing**

| | |
|---|---|
| Kommunen sitt vedtekne mål for dekningsgraden på institusjonsplassar er at talet på institusjonsplassar skal vere 25 % av talet på eldre over 80 år. | Dekningsgraden er på 22 %. |
| Kommunen skal medverke til å skaffe bustader til personar som ikkje sjølve kan ivareta interessene på bustadmarknaden, herunder bustader til personar med særleg tilpassing og med hjelpe – og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming og eller av andre årsaker. | Vi har bak oss ei periode med store endringar der avdelinga har avhenda gamle omsorgsbustadar i trygdebustad 1 og 2, og fått nye i Ospenesvegen. Vi har hatt ei sakte opptrapping av ny kapasitet for å sikre rett målgruppe. Status ved årsskiftet er at omsorgsbustadane no har fullt belegg |
| Kommunen skal legge til rette for at heimebuande eldre med hjelpebehov skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer det. | Hovudinntrykket er at pasientane opplever å få nødvendig hjelp når dei treng det. Men personalet opplever eit aukande arbeidspress etter innføringa av samhandlingsreforma Dagsenter for personar med demens bidrar til at demente kan bu lenger heime. |
| Kommunen skal ha betre resultat enn landsgjennomsnittet på brukarundersøkingar i pleie – og omsorg. | Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2012. Dei siste er frå 2010 blant brukarar og pårørande for heimesjukepleie og sjukeheim, og spesifikt for demente og deira pårørande i 2009. |

## Planlagde tiltak og investeringar

Det er lagt planar for kontinuerleg utbygging i budsjett – og økonomiplanen.
K-sak 80/09 la til grunn at utbygginga skulle skje i ei slik prioritert rekkefølgje:

- omsorgsbustader - gjennomført
- helsesenter – under arbeid
- nybygg sjukeheim / omsorgsbustader
- renovering sjukeheim
- omsorgsbustader ved sjukeheimen

I budsjettvedtaket desember 2012 la ein til grunn at ein ikkje ynskjer å renovere gul, grøn og raud avdeling ved Herøy omsorgssenter, men starte planlegginga av eit nybygg.

| Nøkkeinformasjon | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 |
|---|---|---|---|---|
| Tal på brukarar heimesjukepleie/praktisk bistand | 538 | 515 | 414 | 304 |
| Tal på omsorgsbustader | 68 | 68 | 56 | 68 |
| Ressurskrevjande brukarar | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Tal på sjukeheimsplassar | 103 | 103 | 103 | 103 |
| Dagplassar institusjon | 16 | 16 | 16 | 16 |
| Matombringing | 67 | 78 | 74 | 66 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Brukarar av tryggleiksalarm | 134 | 152 | 140 | 139 |
| Mottakarar av omsorgsløn | 12 | 7 | 7 | 9 |
| Personleg assistent | 2 | 1 | 1 | 1 |
| Tal på vedtak | 1188 | 1311 | 904 | 1103 |
| Avslag | 16 | 43 | 22 | 98 |
| Klage på tenester | 1 | 2 | 6 | 10 |

Heimeteneste
Talet på brukarar aukar, og her er ei utvikling der brukarane sine behov er meir samansette og ressurskrevande enn før. I tråd med samhandlingsreforma sin intensjon skal folk få hjelp der dei bur, og dette får direkte innverknad på omsorgstenesta si evne til utvikling, bruk av nye arbeidsmåtar og kapasitet. I 2012 har det vore særleg utfordrande å ta seg av mange med behov for terminal pleie og behandling. Det har ikkje vorte tilført nye stillingar i takt med dei auka oppgåvene og dette er aktualisert som tema.

Institusjonsteneste
Samla beleggsprosent på omsorgssentra for året under eitt var 96,9 mot 98,1 året før. God kapasitet i sjukeheim har ført til at vi kunne ta tilbake utskrivingsklare pasientar fortløpande. Det vart betalt 12 000 kroner til Helseføretaket for heile året, noko som er svært lite samanlikna med dei fleste andre. Det har vore mange korttidspasientar.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog
I samsvar med lov om pasientrettar har pasienten rett til medverknad og rett til informasjon som er tilpassa individuelle føresetnader, og vi arbeider for at møtepunktet mellom pasient/pårørande og den enkelte tenesteytar skal vere ein god arena for samhandling. Avdelingane skal tilby faste pårørandesamtaler. Fleire avdelingar har tilbod om pårørandemøter med generell informasjon.

Klager på teneste:
1 under behandling

Klager på vederlag:
0

**Organisasjon:**

Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 145,7 | 143,2 | 141,73 | 141,73 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 5,3 | 5,3 | 5,3 | 1 |
| Fagressurs teneste | | | | |

Administrative stillingar på stab/støtte er ført på pleie- og omsorg, men 20 % av ressursen utfører arbeid for bu- og habiliteringsavdelinga. Med unntak av leiarstillinga er dei andre stillingane no fordelt på tenestefunksjonar, i tråd med retningslinene i kostra.

Differansen frå 09 til 10 skyldast interne overføringar av lærling og psykiatrimidlar, og differansen frå 10 til 11 er ei overføring av stillingar frå pleie- og omsorg til bu- og habilitering knytt til psykiatribustaden på Solheim

Tilsette i heiltid / deltid i antal personar:

- 100 % 32
- deltid over 50 % 132
- deltid under 50 % 59

Alle faste stillingsheimlane er brukte. 25 % stilling for kreftsjukepleiar har vore vakant på grunn av manglande rekruttering, men sjukepleiarar har arbeidd ekstra langt utover den prosenten for å dekke behova.

## Økonomi:

| Tall i hele tusen | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
| Brutto utgifter | 114 826 | 110 346 | 107 738 | 106 393 |
| Brutto inntekter | (25 634) | (23 946)) | (24 774) | (26179) |
| Netto driftsutgifter | 89 193 | 86 400 | 82 964 | 80 215 |
| Meir / mindreforbruk (-) | 2 717 | | (2 694) | (949) |

Avviket skuldast bl.a:

- Fleire korttidspasientar som er dyrare i drift enn langtidspasientane
- Grunnbemanninga er lav så ekstra utfordringar utløyser behov for ekstra innleige.
- Aukande behov for ekstra innleige utover året, spesielt i heimetenestene, men også på sjukeheim

### Lokalsamfunn

Avdelinga informerer om nyhende og endringar i tenestetilbodet på kommunen sine heimesider og i lokalavisa.

### Viktige hendingar i 2012

- Vi har lykkast godt med fortløpande mottak av ferdigbehandla pasientar frå sjukehus, og god sirkulasjon på sjukeheimsplassane i dette første året med samhandlingsreforma
- Vi inngjekk avtale med Helseføretaket om oppstart av inntil to døgnplassar for øyeblikkelig hjelp ved Myrvåg omsorgssenter. På grunn av problem med å rekruttere lege kom dette dessverre ikkje i gang i 2012
- Etablering av samhandlingavtale med Helse Møre og Romsdal HF
- Har gjennomført fleire og meir synleggjorde tiltak for aktiv omsorg
- Prosjekt velferdsteknologi har ført til etablering av stasjon for spelteknologi på Herøy omsorgssenter, og GPS er klart for utprøving for demente
- Har fått ei avtale med anleggs- og driftsavdelinga som vil sikre kommunikasjonen i ein beredskapssituasjon

### Hovudutfordringar / prioriteringar 2013

- Forholdet mellom tildelt budsjettramme og aktivitetsnivå er ikkje i balanse. Denne utfordringa aukar med kommunen sitt auka ansvar for tenesteyting.

- Stort etterslep på utstyrsbehov
- Ferdigstille helse- og omsorgsplan og bidra til utgreiingar frå Helse- og omsorgskomiteen.
- Få naudstraumsaggregat på omsorgssentra
- Etablering av helsenett og nye prosedyrer for sikring av elektronisk kommunikasjon
- Etablering av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp ved Myrvåg omsorgssenter
- Kartlegge tiltak for etablering av tilbod om ressursteam for kvardagsrehabilitering
- Gradvis erstatning av ei aldrande hjelpepleiargruppe
- Vidareutvikle gode praksisplassar for lærlingar og studentar for å sikre omdømme og rekruttering.

# Bu- og habiliteringsavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**

Gjennom bu- og habiliteringstenesta skal kommunen

- sikre at menneske med utviklingshemming vert gitt nødvendige og individuelt tilpassa tenester.
- bidra til at den enkelte får høve til å leve og bu sjølvstendig, og til å ha eit aktivt og meiningsfullt tilvære i fellesskap med andre.
- sikre at det vert gitt eit heilskapleg, samordna og fleksibelt tenestetilbod.
- sikre at tenestetilbodet så langt som råd vert utforma i samarbeid med brukaren.

For å løyse oppgåvene vert det ytt følgjande deltenester:

- omsorgsbustad
- praktisk bistand og opplæring
- avlastningstiltak
- støttekontakt
- omsorgsløn
- vaksenopplæring
- dagtilbod/kommunal sysselsetting

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Byggje opp eit samordna tenestetilbod retta inn mot målgruppa. | Tilboda er samla i ei avdeling. Vi manglar nytt fysisk bygg for å kunne ta ut den fulle effekten av eit samordna tilbod på dagtilbodsida. 1 bustad samt TT.avlastinga vert per 31.12.11 nytta til dagtilbod. |
| Tenestene har tilfredstillande dekningsgrad. | Avdelinga har 2 ledige bustader. Det vart vedtatt bygging av 4 nye bustader i 2009. Per 31.12.11 er planlegging iverksatt. Avdelinga har eit presserande behov for nytt bygg til dagtilbod. Per 31.12.12 er planlegging ikkje iverksatt. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket. | Vi tildeler tenester etter kva som blir vurdert som nødvendig hjelp etter helse og |

| | |
|---|---|
| | omsorstjenesteloven og opplæring etter opplæringslova. Klager på vedtak som vert opprettheldt av avdelinga, vert sendt til overprøving hos fylkesmannen. |
| Brukarane er tilfreds med dei kommunale tenestene. | Avdelinga har hatt 2 klager på teneste i 2012. 2 klager vart sendt til fylkesmannen for overprøving. Kommunen fekk ikkje medhald i ei sak og den andre er fortsatt under behandling. |

**Planlagde investeringar og tiltak Gjennomføring**

| | |
|---|---|
| Planlegging omsorgsbustad unge vaksne funksjonshemma. | Fastlagt i økonomiplan og budsjett for 2012.<br>Under arbeid |
| Planlegging av dagtilbodbygg til menneske med utviklingshemming. | Fastlagt i økonomiplan og budsjett for 2012.<br>Ikkje planlagt. |

| **Nøkkelinformasjon** | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|
| Brukarar buteneste | 26 | 26 | 16 |
| Brukarar avlastningsinstitusjon | 5 | 4 | 3 |
| Tal på omsorgsbustader (bu-hab. avd sitt ansvar) | 26 | 26 | 18 |
| Mottakarar av omsorgsløn | 8 | 8 | 8 |
| Ressurskrevjande brukarar | 8 | 7 | 7 |
| Elevar vaksenopplæring | 14 | 15 | 14 |
| Tal på vedtak etter helse og omsorgtjenestelova | 169 | 107 | 123 |
| Tal på vedtak etter opplæringslova | 15 | 27 | 30 |
| Avslag | 7 | 12 | 11 |
| Tal på klage | 2 | 2 | 3 |

- Overteken ansvar for 10 bustader (Solheim, T1 og T2)

<u>Brukarundersøking:</u> Avdelinga køyrte ei brukarrepresentantundersøking i oktober 2008. Resultatet var klart i slutten av november og viste eit snitt like under snittet for landet. Ny undersøking vart gjort våren 2011 med eit dårlegare resultat enn i 2008. Det var i 2011 ein svarprosent på 39% mot 67% i 2008. Resultatet vart lagt fram til politisk gjennomsyn ved rapportering andre tertial 2011.

<u>Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog</u>

I samsvar med lov om pasientrettar har pasienten rett til medverknad og rett til informasjon som er tilpassa individuelle føresetnader. Møtepunktet mellom brukar/pårørande/hjelpeverje og den enkelte tenesteytar er den viktigaste arena for dette.

**Organisasjon**

Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 49,21 | 50,6 | 58,2 | 58,2 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 1,0 | 1,0 | 1,0 | 1,0 |
| Fagressurs teneste | | 50,6 | 58,2 | 58,2 |

Auke i årsverk på grunn av auka ressursar til ressurskrevjande brukarar

| | |
|---|---|
| Tal på tilsette i 100% stilling | 25 |
| Tal på tilsette i meir enn 50% stilling | 33 |
| Tal på tilsette i mindre enn 50% stilling | 39 |

Arbeid i andre avdelingar enn bu- og habilitering er ikkje tatt høgde for.

HMS
Bu- og habiliteringsavdelinga har HMS-planar i alle ledd. Ved tilsyn av arbeidstilsynet i to avdelingar i 2012 fekk vi ingen merknader eller pålegg.

**Økonomi**

| Tall i hele tusen | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
| Brutto utgifter | 44.442 | 41.300 | 39.652 | 34.800 |
| Brutto inntekter | (13.931) | (8700) | (11.512) | (6.730) |
| Netto driftsutgifter | 30.511 | 32.600 | 28.140 | 28.070 |
| Meir / mindreforbruk (-) | ( 2.089) | | (70) | |

**Lokalsamfunn**
Avdelinga informerer om nyhende og tenestetilbodet på kommunen sine heimesider, og til dels i lokalavisa. Vi kan verte meir aktive i det utadretta informasjonsarbeidet.

**Viktige hendingar i 2012**
- 5 stk. nye vernepleiarar, 4 jobbar i Bu- og habiliteringsavdelinga.
- Tilsyn av arbeidstilsynet på Toftetunet/Myklebusttunet og Nestunet, ingen merknader eller pålegg.

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2013**
- Bygging av nye bustader for unge vaksne funksjonshemma.
- Det er eit stort behov for eit nytt bygg/ utbygg til dagtilbod for denne målgruppa.
- Oppbygging og vidareutvikling av faglege innhald i dagtilbod til nye brukarar.
- Auka nærvær.

- Fokuspunkt: Fagleg kompetanseheving. Tiltak: E-læringskurs for våre tilsette gjennom SORkompetanse.

# NAV Herøy

**NAV Herøy**
NAV Herøy er brukarens møtepunkt med NAV i Herøy kommune. Kontoret si hovudoppgåve er å følge opp dei som treng hjelp for å kome i arbeid og aktivitet. Kontoret rettleiar brukarane på arbeids- familie og pensjonsområdet. Dei lovpålagde kommunale tenestene i kontoret er regulert av Lov om sosiale tenester i NAV:
- Informasjon, råd og (økonomisk) rettleiing
- Økonomisk sosialhjelp
- Midlertidig bustad
- Individuell plan
- Kvalifiseringsprogram

I tillegg ligg følgande tenester og fagområde til NAV Herøy:
- Flyktningtenesta
- Bustadsosial teneste
- Rus
- Støttekontakt
- Husbankens startlån og bustøtte
- Kommunale bustader for flyktningar og vanskelegstilte

NAV Herøy er tufta på eit likeverdig partnerskap mellom kommune og stat, og har derfor to styringslinjer. NAV-leiar rapporterer både til rådmannen i Herøy kommune og fylkesdirektøren i NAV Møre og Romsdal. NAV-leiar er tilsett i NAV Møre og Romsdal, men sitt også i leiargruppa til rådmannen.

NAV Herøy skal yte tenester på ein måte som gjer at brukarane opplever kontoret som ein tenesteytar. Dei tilsette i NAV Herøy jobbar på tvers av tilsettingsforhold, og er delegert mynde til å sakshandsame på kvarandre sine område. NAV Herøy er organisert og jobbar ut frå brukarens behov for oppfølging.

| **Mål** | **Måloppnåing** |
|---|---|
| Tenesteyting og sakshandsaming skal vere i samsvar med lov- og regelverk | Fylkesmannen gjennomførte tilsyn på området økonomisk sosialhjelp i januar 2012. Som det einaste kontoret i fylket fekk vi verken avvik eller merknad.<br>Vi hadde ei klage på avslag om økonomisk sosialhjelp, der vi fekk medhald av Fylkesmannen. |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene | Det blei gjennomført ei brukarundersøking i i september 2012. Dei fleste brukarane våre er godt fornøgde med den service, informasjon og rettleiing dei får fra NAV Herøy. |

| Tiltak og investeringar | Gjennomføring |
|---|---|
| Styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga:<br>- auke kunnskapen om arbeidsmarknaden i Herøy og på Søre Sunnmøre<br>- opprette marknadsteam gjennomføre bedriftsbesøk | NAV Herøy har jobba målretta opp mot arbeidsgjevarar i 2012. Vi har gjennomført fleire store bedriftsbesøk, samt hatt mange treffpunkt med ulike arbeidsgjevarar gjennom oppfølging av sjukmelde, kandidatar på praksisplass, bistand ved rekruttering og permittering, samt generell informasjon og rettleiing. |
| Styrke det miljøterapeutiske oppsøkande arbeidet:<br>- opprette ein base for tiltak for ungdom 18-25 år | Basen ble oppretta og satt i stand i 2012. Tiltak skulle igangsettast i 2013, men måtte desverre omdisponerast til andre formål. NAV Herøy ønskjer å jobbe vidare for å få til lokale lavterskeltiltak retta mot målgruppa. |
| Styrke det rusfaglege arbeidet:<br>- rullere ruspolitisk handlingsplan<br>- utvikle lavterkseltiltakfor målgruppa | - rullering av ruspolitisk handlingsplan blei igangsatt<br>- lavterksetiltak ikkje ferdig utvikle, sjå base |
| Styrke det bustadsosiale arbeidet<br>- rullere bustadsosial handlingsplan<br>- utvikle rutinar for tilsyn og vedlikehald i kommunale utleigebustader<br>- samarbeide med Eigedomsavdelinga om nye tiltak/bustadar for vanskeligastilte | - rullering av bustadsosial handlingsplan igangsatt<br>- rutinar for tilsyn utvikla og iverksatt<br>- samarbeid med Eigedomsavdelinga igangsatt, konkrete tiltak må sjåast i samanheng med bustadsosial handlingsplan |

Oppfølgingstenesta
Miljøterapeutane har oppfølging av deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet, Introduksjonsprogrammet, dei med vedtak på bustadsosial teneste, generell oppfølging av leigetakarar i kommunale bustader, og ungdom som ikkje er på jobb eller skule. I tillegg til individuell oppfølging har tenesta vore involvert i Open Barnehage (Prosjekt Barnefattigdom overført til frivillige i 2012), Utegruppa og tilrettelegging av base for lavterskeltiltak. Miljøterapeutane har til ei kvar tid aktiv oppfølging på 35-40 brukarar. Dette er personar som treng omfattande bistand og tett individuell oppfølging. Tenestene er alt frå etablering i bustad og busetting av flyktningar, hjelp til å strukturerer kvardagen og burettleiing, vekketeneste og følgeteneste for eksempel av ungdom som skal på skule eller i anna aktivitet, oppretting av praksisplassar og oppfølging av desse, til motivasjons- og endringsarbeid, støtte og grensesetting.

Flyktningtenesta
Herøy kommune busatte 5 flyktningar i 2012, og mottok integreringstilskot for totalt 37 personar. Av desse er 16 barn og unge i skule eller barnehage. I november 2011 busatte vi to store barnefamiliar med tilsaman 9 born. For å gjere integreringa i skulen lettare, satte vi opp ei integreringsklasse på Einedalen skule frå januar. Andre kommunar har gjort dette med stort hell, blant anna Kristiansund kommune, men vi erfarar at vi er for små og har for få ressursar til å ha eit fast tilbod. Men det var ei positiv erfaring både flyktningtenesta og skulen lærte mykje av.

Rusarbeid
Det er vanskeleg å ha god oversikt over kven som har eit rusproblem og omfanget av det. Det skjular seg rusproblematikk blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar, arbeidsledige, sykmeldte, dei med nedsatt arbeidsevne og varig uføre, blant begge kjønn og alle aldersgrupper. NAV Herøy har oppfølging av omlag 30 brukarar med eit kjent rusmisbruk. Mange av desse er  ungdommar og unge vaksne som har rus som eit tilleggproblem, og kor det er viktig med ein stabil busituasjon, godt kosthald, gode rutinar, trygg økonomi og på sikt

løna arbeid. Nokre er i eit arbeid og treng behandling, ofte som eit ledd i å få behalde arbeidet sitt. Nokre har vore inne til behandling eller i fengsel, og treng ettervern når dei kjem tilbake til kommunen. Nokre er langtkomne rusmisbrukarar kor vi er inne med skadereduserande tiltak. Det er viktig at vi greier å ha ei stor bredde i dei lokale tiltaka, tilpassa den enkelte sitt behov. Den største utfordringa i dag ligg i ressursar til forebyggande tiltak retta mot ungdom, og ettervern for dei som har vore i behandling. Dei treng ofte ein bustad med bemanning før dei er klare til å flytte inn i eiga bustad. I dag kjøper Herøty kommuna tenesta frå andre kommunar, då vi ikkje har eit slikt ettervernstilbod lokalt.

Husbank - startlån

NAV Herøy sakshandsama 19 startlånsaker i løpet av 2012. Av desse var 8 søknadar på over 300 000 og blei behandla i Formannskapet. Av desse fekk 2 søkjarar avslag. Totalt 11 saker blei sakshandsama og innvilga ved NAV Herøy, alle med søknadar om 300 000 eller mindre. Desse 19 sakene gjenspeglar ikkje den totale mengden saker. Det er mange som er i prosess og skal søkje og som treng rettleiing, det er nokre som trekk søknaden sin, og det er nokre som blir viadersendt til andre, f.eks gjeldsrådgjevar, for å få en betre oversikt og kontroll på eigen økonomi.

Herøy kommune søkte om kr 10 000 million til vidarefordeling i 2012. I tillegg hadde ein 6 438 800 tilgode frå 2011, totalt 16 438 800. Ved årsskifte 2012/2013 var det utbetalt kr. 5 306 500. Kr 4 400 000 er botne i førhandsgodkjente lån og kr. 2 700 000 er innvilga, men ikkje utbetalt. Totalt står det att kr. 11 132 300, og av desse er kr. 4 032 300 til vidaretildeling i 2013.

Kommunale bustader

NAV Herøy følger opp brukarar i 37 bueiningar. I samarbeid med Eigedomsavdelinga har ein innført rutiner for søknadar, kontrakter og oppfølging av desse, samt teknisk vedlikehald/inspeksjon. Dette fungerar særs godt, og gjer at små feil og manglar på ei leiligheit blir utbedra før det blir ei stor skade.

**Årsverk NAV Herøy - kommunalt tilsette**

| | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 9,2 | 10,2 | 9,7 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | (1) | (1) | 1 |
| Fagressurs teneste | 8,5 | 9,5 | 9,0 |

Adm. årsverk: NAV-leiar er statleg tilsett
1 årsverk fagressurs: eit engasjement finansiert av statlege midlar ut juni 2014
0,5 årsverk fagressurs: prosjektengasjement som gjekk ut 2011
2011: Oppretting av stilling som bustadkonsulent i samarbeid med Eigedomsavdelinga

Mottaksteamet: 4,7 årsverk

Brukaren sitt første møte med NAV. Mottaksteamet rettleiar på generelle statlege og kommunale tenester, og følgar opp dei som med kortvarige tiltak av inntil eit års varigheit vil greie å skaffe eller behalde arbeid.

Oppfølgingsteamet: 4,8 årsverk

Dei brukarane som har behov for meir langvarige og koordinerte tenester, og som har nedsett arbeidssevne, får ein fast rettleiar i oppfølgingsteamet. Brukaren har ein eigen

aktivitetsplan som seier noko om behovet for arbeidsretta avklaring og/eller medisinsk behandling.

Oppfølgingstenesta: 7 årsverk
Miljøterapeutane i oppfølgingstenesta driv oppsøkande sosialt arbeid. Ved å hjelpe brukaren der han eller ho er, enten det er i heimen, på skulen eller på ein arbeidsplass, er målsettinga å fremme overgang til arbeid, sosial integrering og aktiv deltaking i lokalsamfunnet. Flyktningkonsulent og bustadkonsulent er ein del av dette teamet.

**Økonomi**:

| Tall i hele tusen | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
| Brutto utgifter | 18 245 | 14 355 | 13 644 | 16 191 |
| Brutto inntekter | 7 331 | 6 310 | 6 380 | 9 114 |
| Netto driftsutgifter | 10 914 | 8 044 | 7 263 | 7 078 |
| Meir / mindreforbruk (-) | 2 869 | | (2 066) | (739) |

| **Dekningsgrad** | **Herøy 2012** | **Gj.snitt Komm.gr.** | **Møre og Romsdal** | **Gj.snitt landet** |
|---|---|---|---|---|
| Andel mottakarar av sosialhjelp 20-66 år (%) | 3,0 | - | | 3,6 |
| Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr innb 20-66 år (kroner) | 2 148 | 2 427 | 2 172 | 2 721 |

**Lokalsamfunn**

NAV Herøy skal vere ein attraktiv samarbeidspart og ein viktig aktør i lokalsamfunnet

# Kulturavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**
Kulturavdelinga omfattar Herøy Kulturkontor med ungdomsseksjonen, Herøy kulturhus/Herøyhallen, Herøy Folkebibliotek og Herøy Frivilligsentral og skal legge tilrette for at innbyggjarane skal ha høve til å ta del i aktivitet og opplæring innan ulike kulturområde..

Avdelinga skal vere koordinerande kontakt til lag og organisasjonar og næringsliv for utvikling av aktivitet, trivsel og utbygging av anlegg for kultur, idrett og friluftsliv.

| **Mål** | **Måloppnåing** |
|---|---|
| Kulturavdelinga skal vere ein aktiv medspelar i å gjere ungdomsarbeidet i kommunen til det beste i fylket. | Kommunen driv eit aktivt ungdomsarbeid med fleire fritidsklubbar, Ungdomsråd, UKM, Pirfestival, andre arrangem. og MOT |

| | |
|---|---|
| Kulturavdelinga skal legge til rette for at innbyggjarane skal ha høve til sjølve å ta del i aktivitet innan kulturområdet | Dette vert gjort med deltaking i utbyggingar av anlegg, turstiar, tilskot, arrangement, ulike tenester innan bibliotek, frivilligheit, kulturhus, ungdomsarbeid |
| Innbyggjarane skal få høve til å verte kjende med si eiga lokalhistorie og nærmiljøet sitt. | Biblioteket sørger for å oppdatere og marknadsføre samlingane på lokalhistorie, og stimulere og hjelpe dei som samlar og skriv lokalhistorie. |

| **Tiltak og investeringar** | **Gjennomføring** |
|---|---|
| Vidareutvikle det interkommunale biblioteksamarbeidet, m.a. gjennom transportordninga | Transporttenesta mellom biblioteka ein gong i veka, er godt i gong. |
| Kulturkalendaren skal til ei kvar tid vere oppdatert frå kommunen si side. | Arrangement vert lagt inn når eigne arrangement vert bestilt. |
| Legge ut regelmessig informasjon på kommunen sine nettsider og i media om ulike tenester og arrangement. | Vert gjort jamnleg |
| Halde årleg dialog- / informasjonsmøte med lag og organisasjonar. | Gjennomført 4 dialog- / info-møter med lag og organisasjonar siste året |
| Kulturavdelinga skal i samarbeid med lag og organisasjonar og frivilligsentralen utarbeide ein frivilligplan i kommunen | Frivilligplanen er vedteken og sett ut i livet. |
| Informere lag og organisasjonar i bruken av kulturkalendaren for Herøy, og nettside for frivilligarbeid / frivilligsentralen i kommunen. | Lag og organisasjonar får jamleg info om å nytte kulturkalendaren i høve sine arrangement. Nettside for frivilligarbeid / frivilligsentralen informerer om aktivitet gjennom www.frivilligheroy.no |
| Vere med å utarbeide Opplevingskort for barn og unge i samarbeid med NAV/næringslivet i regionen. | Kulturavdelinga er med i ordninga for Opplevingskort til barn og unge i samarbeid med NAV, næringslivet og fleire organisasjonar |
| Informere ungdomen, lag og organisasjonar og andre om nettsida for ungdom; www.fritidsklubben.org som er utvikla og etablert av ungdom i samarbeid med Fritidsklubben m.fl. | Nettsida for ungdom vert jamnleg nytta og informert om gjennom facebook |
| Biblioteket skal ha ei leseombodsteneste i samarbeid med Frivilligsentralen. | Leseombodstenesta vart etablert sist haust, med 2 leseombod som har leseaktivitet med fleire grupper på HAS anna kvar veke |
| Frivilligsentralen skal skape gode og stabile | Utlån av lokaler, middagsombringing, |

| | |
|---|---|
| aktivitetar for lokalsamfunnet gjennom ulike tilrettelagde tiltak. | sjukehusfølgje, hørselhjelp, natteravnar, mat og prat, strikkekafe, spøtekveld, styrekurs |
| Frivilligsentralen skal starte opp og koordinere ein utstyrspool i samarbeid med NAV. | NAV har teke over Utstyrspoolen som er godt etablert. |
| Frivilligsentralen skal arbeide med integrering og inkludering i samarbeid med internasjonal skule og NAV. | Frivilligsentralen driv kursopplegget Mat og Prat med tilskot frå NAV. |
| Frivilligsentralen ynskjer å vere behjelpeleg med middagsombringing til eldre og uføre i kommunen. | Frivilligsentralen får tilskot frå Pleie og omsorg for å drive middagsombringing 2 dagar for veka frå Omsorgssentra |
| Kulturavdelinga skal fylgje opp tiltak etter kulturminneåret 2009 og vere med å legge tilrette for registrering av kulturminne i kulturminneatlaset. | Det er planlagt ei registrering av kulturminner gjennom Minnefinnekurs i ungdomsskulen våren 2013. |
| Avdelinga skal vere samarbeidspart med lag og organisasjonar, næringsliv, m.fl. om bygging av aktivitetsfremjande tiltak /anlegg rundt i kommunen og utbygging i kulturhusområdet. | Kulturavdelinga har vore samarbeidspart i høve bygging av ballbingar, turstiar, idrettsanlegg og kulturanlegg |
| Avdelinga skal arrangere UKM, ulike kommersielle arrangement, dele ut ungdommens kulturpris, kulturpris, frivilligpris og legge tilrette for lag og organisasjonar i kulturhuset/Herøyhallen. | Kulturavdelinga har arrangert UKM, Pirfestival, fleire kulturarrangement, delt ut kulturpris, ungdommens kulturpris, frivilligpris og legg til rette for lag og organisasjonar i kulturhuset / Herøhallen |
| Søkje samarbeid med lag og organisasjonar, næringsliv, m.v. som gode samarbeidspartar for eit stimulerande og triveleg lokalsamfunn, t.d. Herøy Sogelag, Herøy Mållag, Herøy Kystlag, Herøy Kystmuseum, m.fl | Herøy kommune og kulturavdelinga samarbeider årleg med Herøy Sogelag, Herøy Mållag, Herøy Kystlag, Herøy Kystmuseum og fleire andre i høve enkelttiltak for eit stimulerande og triveleg lokalsamfunn. |
| Arbeide for nye / betre lokale for biblioteket / kulturskulen / kulturadministrasjon / ungdomshus / -arena og lokale for Frivilligsentralen i planane vedk. kulturhusutbygginga / rehabiliteringa. | Kulturskulen har fått ei viss oppgradering av sine lokaler, biblioteket skal takast i vår, Frivilligsentralen flytta inn i nye lokale sist vår. Eige ungdomslokale er ikkje gjort noko med ennå. |
| Arbeide for ny romløysing for kinodrift i kommunen etter at kinoen no er digitalisert, om den ikkje får si løysing i det nye hotellet i sentrum av Fosnavåg. | Herøy Kino vil få nye visningslokale i det nye Fosnavåg Konserthus som vil starte arbeidet i tomta til våren. |
| Avdelinga skal vere aktiv deltakar i reiselivsgruppa for utvikling av reiselivet i | Reiselivsgruppa i kommunen har ikkje vore aktiv siste året. |

| | |
|---|---|
| kommunen. | |

**Organisasjon:**

Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 10,9 (9,7) | 9,0 (7,7) | 8,9 (8,1) | 9,4 (8,6) |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | | | | |
| Fagressurs teneste | 9,0 | 9,0 | 9,0 | 9,4 |

Oppstillinga omfattar stillingar på kulturkontoret, ungdomsseksjonen, biblioteket, kulturhuset og frivilligsentralen inkl. engasjement.

**Økonomi:**

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 |
| Brutto utgifter | 11 602 | 11670 | 11537 | 11201 | |
| Brutto inntekter | (4 559) | 4780 | (5098) | (4781) | |
| Netto driftsutgifter | 7 043 | 6890 | 6438 | 6420 | |
| Meir / mindreforbruk (-) | 213 | | 18 | 0 | |

Meirforbruket skuldast i første rekke kulturhus/idrettshall som fekk større lønskostnadar og driftskostnader, og lavare driftsinntekter enn budsjettert. Dette vart forsøkt retta opp ved m.a. mindre utbetaling av kulturmiddel- og prosjekttilskot enn budsjettert i tillegg til jamt fordelt mindreforbruk på alle seksjonane.

**Viktige hendingar i 2012**

- Det vart bygt ballbinge ved Nerlandsøy skule
- Det vart lagt kunstgras på Bergsøy stadion våren 2012.
- Det er gjort vedtak om bygging av klubbhus og tribunar på Bergsøy stadion.
- Det er gjort innkjøp av meir utstyr og modular til skate- og BMX-parken ved Herøy Kulturhus i samarbeid med næringsforum, bankar, næringsliv og lag / foreiningar.
- Det er starta opp arbeid med etablering av Sandhandballbane i Aktivitetsparken.
- Kommunen har i samarbeid med bankane overrekt ungdommens kulturpris og kulturpris i 2012.
- Frivilligsentralen flytta til nye lokaler våren 2012.
- Det vart arrangert storstilt dansegalla for utviklingshemma.
- Kommunen la opp til eit stort arrangement i høve besøk av kronprinsparet våren 2012.
- Ridderkonsert i Herøyhallen til ære for Per Sævik – med streaming til www med ca 900 sjåarar.

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2013.**

- Avklaring av ”Framtidig organisering av kulturhuset, m.v. og kulturarbeidet”.
- Fritidsklubbane har utfordringar i høve til dalande interesse og aktivitet. Det bør vurderast om det er unytta potensial i samarbeid med ungdomsaktivitetane i kyrkjekjellaren.

- Ei stor utfordring vil verte å få til ein god og samla kulturorganisasjon når bygginga av konsertsal og kino kjem på plass.
- Kulturhuset har store rehabiliteringsbehov og huset er, slik det står i dag, verken presentabelt eller funksjonelt til den bruken det har.
- Herøyhallen har behov for oppgradering av utstyr og skifte av tribune / amfi.

# Utviklingsavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**

Planlegginga skal samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar og om utbygging. Gjennom planlegging skal det leggjast til rette for at arealbruk og utbygging vert til størst mogleg gagn for den enkelte og samfunnet. Ved planlegginga skal det spesielt leggjast til rette for å sikre born gode oppvekstvilkår.

**Tenester/arbeidsoppgåver**

- Samfunnsplanlegging (Kommuneplan, kommunedelplanar, reg.planar m.v.)
- Byggesaksbehandling
- GIS/Oppmåling
- Vassforsyning
- Naturforvaltning og friluftsliv

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad | I 2012 er talet på ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) redusert kraftig og er innanfor eit akseptabelt nivå. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket | 6 klager på forvaltningsvedtak vart avgjort i 2012. 3 av sakene gjekk til Fylkesmannen som stadfesta vedtaka i alle sakene. 2 av klagene vart delvis imøtekomne og nytt/justert vedtak vart ikkje påklaga. I 1 sak vart kommunen sitt vedtak oppheva av fylkesmannen. |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene | Det vart ikkje gjennomført brukarundersøkjing i 2012. Statistikken viser imidlertid at om lag 69 % av alle bygge- og delesaker har hatt ei behandlingstid på 1-4 veker. Ein reduksjon på 7% frå forrige år. |
| Etterslepet av ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) skal i løpet av året reduserast ytterlegare med min. 25 %. | I løpet av 2012 er det registrert inn 500 nye saker medan det vart produsert 529 vedtak, ei auke på 86 frå forrige år. Å optimalisere saksbehandlinga har fortsatt fokus i avdelinga. |

| | |
|---|---|
| Saksbehandlingstida for oppmålings-forretningar skal vere kortare enn lands-gjennomsnittet og kurante saker skal ha ei maks. behandlingstid på 12 veker (frå behandla delesak til tinglyst matrikkelbrev). | I 2012 vart det utarbeidd/ferdigbehandla 115 matrikkelbrev. Ei auke på 17 frå forrige år. Avdelinga arbeider godt og systematisk. Gjennomsnittleg behandlingstid i 2012 var på 12 veker. Ein reduksjon på 4 veker frå forrige år. |

| **Planlagde tiltak og investeringar** | **Gjennomføring** |
|---|---|
| Vidareføre arbeidet med gjennomgang, rydding og ajourføring av gards- og bruksnummerarkivet. | I overkant av 80 % av arkivet er no gjennomgått. Pga. kapasitetsårsaker har ein ikkje nådd målet om at arbeidet skulle vere fullført i 2012. Dersom det vert tilgjengelege ressursar vil arbeidet fortsette i 2013. |
| Halde fokus også på øvrige relevante tiltak som kan innebere redusert saksbehandlings-tid og saksetterslep for dispensasjons-, dele- og byggesaker. | Avdelinga arbeider kontinuerleg med tiltak som kan effektivisere og kvalitetssikre saksbehandlinga. |
| Følgje opp serviceavtalen med servicetorget. | Ein held jamnleg kontakt med Servicetorget med sikte på oppfølgjing av avtalen mellom Utviklingsavdelinga og Servicetorget. |
| Meir aktiv bruk av lokalavis og internett. | Alle planar vert lagt på nettet i samband med off. ettersyn/høyringar. Også anna aktuelt stoff frå avdelinga vert tidvis presentert. |
| Fortsatt utvikling av kartsystema på internett. | Vedlikehald og vidareutvikling av kartbasane vert gjort fortløpande. I 2012 har ein lansert første versjon av webplan, digitalt planarkiv på nett. |
| Vidareføre arbeidet med oppdatering av rutiner og samordne desse med anleggs- og driftsavdelinga. | Det har i løpet av 2012 vore arbeidd med ajourføring og oppdatering av gjeldande rutiner med sikte på innlegging i Kvalitets-losen. Dette arbeidet vil halde fram i 2013. |
| Det skal gjevast førebels svar i samsvar med forvaltningslova og e-post skal følgjast opp i samsvar med interne retningsliner for e-post. | Bygge opp og halde ved like kommunens omdøme er ei prioritert sak i avdelinga. Dette har særskild fokus også i 2013. |
| Vidareføring av systematisk statistikkføring og oppfølgjing av saksbehandlinga. | Statistikkføringa har gitt ein god oversikt over innkomne og behandla saker. Ordninga har i løpet av året vorte vidareutvikla som reiskap for eit målbevisst arbeid med reduksjon av tidlegare opparbeidd saksetterslep. |
| Følgje opp Kvalitetslosen innanfor aktuelle område i avdelinga. | Avdelinga jobber systematisk og målretta for å nytte Kvalitetslosen på ein best mogleg måte. Arbeidet vil halde fram i 2013. |

| | |
|---|---|
| Talet på klager etter forvaltningslova skal registrerast. | Talet på klager vert registrert i tilknyting til avdelinga si statistikkføring. 7 klager på forvaltningsvedtak vart avgjort i 2012. |

Det vert lagt vekt på å kvalitetssikre og effektivisere saksbehandlinga gjennom vidareutvikling av rutiner og samordning innan avdelinga og på tvers av avdelingar. Avdelinga har eit særleg fokus på reduksjon av saksetterslepet i byggesaker og effektivisere planprosessane gjennom stram prioritering av planoppgåver.

### Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog.

I tilknyting til dei vanlege høyringsrundane for plansaker med offentleg ettersyn har avdelinga alltid kontakt med grunneigarar/brukarar, der ein drøftar ulike problemstillingar med sikte på å finne optimale løysingar for dei som vert berørt av planen. For einskilde plansaker vert det også arrangert opne møte med sikte på å orientere om, drøfte og få innspel til den vidare saksbehandlinga.

**Organisasjon:**

Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 6,8 | 6,9 | 7,0 | 7,0 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 0,4 | 0,4 | 0,4 | 0,4 |
| Fagressurs teneste | 6,1 | 6,4 | 6,6 | 6,6 |

**Økonomi:**

| Tall i hele tusen | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
| Brutto utgifter | 8 865 | 7 963 | 6 926 | 8 812 |
| Brutto inntekter | 3 941 | 2 603 | (3 077) | (3 637) |
| Netto driftsutgifter | 4 924 | 5 360 | 3 849 | 5 175 |
| Meir / mindreforbruk (-) | (436) | | (1 370) | (408) |

**Lokalsamfunn**

Reguleringsplanen for ny innfartsveg til Fosnavåg var forventa slutthandsama i 2012. Då avklaringar med regionale og nasjonale myndigheter har drege ut i tid vil planarbeidet fortsette i 2013.

Reguleringsplanen for Indre Bergsøy med sikte på tilrettelegging for nye sentrumsnære butilbod har gått vidare og ein forventar slutthandsaming av planen i 2013. Avdelinga har elles hatt eit svært aktivt år med mange store og små planoppgåver der heile 23 planopgåver vart avslutta. Rulleringa av planprioriteringa vart elles behandla på vanleg måte.

Ei rekkje viktige planar har vore under arbeid i 2012, herunder kommuneplanen sin samfunn og arealdel, kommunedelplan avløp, kommunedelplan for helse og omsorg, kommunedelplan trafikktrygging og Fosnavåg hamn

**Viktige hendingar i 2012**

- Ei rekkje nye gater og vegar i Herøy fekk namn i 2012
- Nytt digitalt planarkiv vart utarbeid, Webplan.

- Herøy kommune tok initiativ til eit lokalt planforum for dei 7 kommunane på søre.

Følgjande planoppgåver er i løpet av 2012 sluttbehandla og avslutta:

- Detaljreguleringsplan for hotell og konsertsal i Fosnavåg
- Detaljreguleringsplan for hytteområde Aspevika
- Detaljreguleringsplan for Espeset gnr 22 bnr 2
- Detaljreguleringsplan 37/12-17 m.fl
- Detaljreguleringsplan Eggesbøjorda
- Detaljreguleringsplan 45/9 Dragsund
- Detaljreguleringsplan Campus Fosnavåg
- Detaljreguleringsplan for gang og sykkelveg Hjelmeset
- Detaljreguleringsplan Kopperstad Gnr 3 bnr 4,11
- Detaljreguleringsplan Kvithaugsmyra 37/384
- Detaljreguleringsplan Røyra Feriesenter
- Detaljreguleringsplan planfri kryssing Frøystadtoppen
- Detaljreguleringsplan for Tovågen
- Detaljreguleringsplan for Hjelmeset II
- Planstrategi for Herøy 2012-2016

- Detaljreguleringsplan for Myklebuståsen II *
- Detaljreguleringsplan for Hjelmeset 4 *
- Detaljreguleringsplan Frøystad 2*
- Detaljreguleringsplan for gnr 37 bnr 380 m.fl *

- Detaljreguleringsplan for gnr 24 bnr 83 **
- Detaljreguleringsplan FV20 Igesundkrysset **
- Detaljreguleringsplan for Torvikterminalen**
- Detaljreguleringsplan Flusund-Reite **

*Klagesaker som ligg med Fylkesmannen pr.dato.
** Avslutta(uten godkjenningsvedtak) /trekt /inngår i annan plan

**Hovudutfordringar/prioriteringar 2013**

- Kvalitetssikre og effektivisere saksbehandlinga gjennom vidareutvikling av rutiner og samordning innan avdelinga og på tvers av avdelingar. Etablere fast samordningsmøte mellom Eigedomsavdelinga, Anlegg og driftsavdelinga og Servicetorget.
- Ha eit særleg fokus på tidsfristar, førebels svar og dokumentasjon i byggesaker.
- Rullering av Kommuneplanen sin samfunn og arealdel.
- Sluttføre arbeidet med Kommunedelplan avløp.
- Vidareføre arbeidet med kommunedelplan for Helse og omsorg.
- Vidareføre arbedet med trafikktryggingsplanen og implementere ei satsing på regulering av gang og sykkelvegar og trafikksikringstiltak i kommunen.
- Fullføre reguleringsplanarbeidet for ny innfartsveg til Fosnavåg.
- Sikre god framdrift i reguleringsplanarbeid som tilrettelegg sentrumsnær bustadutvikling (m.a Indre Bergsøy, Indre Leine).
- Syte for fornuftig prioritering og effektiv framdrift for pågåande plansaker.
- Vidareføre adresseprosjektet (vegnamn, gate-/vegnummer m.v.).

# Anleggs- og driftsavdelinga

**Tenester og oppgåver i avdelinga**
Avdelinga skal dekkje innbyggjarane/brukarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innanfor følgjande tenester, samt sikre avgifts- og gebyrpålagde tenester til rett pris:

- Idrett
- Sentrum og grøntanlegg
- Veg- og gatelys
- Vegvedlikehald
- Hamner
- Avløp
- Førebygging av brann og ulukker
- Brann og ulukkesberedskap
- Feiing

Avdelinga skal i tillegg gjennomføre anleggs- og byggeprosjekt på ein kostnadseffektiv måte som gir innbyggarane/brukarane gode og funksjonelle anlegg og bygg med eit minimum av framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vidare skal avdelinga sikre innbyggarane ein så god brann- og ulukkesberedskap som mogleg ut frå føresetnadene om å unngå skade på helse, liv, eigedom og miljø. Avdelinga skal elles drive førebyggande arbeid innan brann og ulukke for å førebygge mot skade på helse, liv, eigedom og miljø.

| **Mål** | **Måloppnåing** |
|---|---|
| Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad | Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad. Dette er eit kontinuerleg arbeid som ein stegvis innarbeider i den daglege drifta då omfanget av dei ulike tenestene er i endring. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket | Rutinene innan dei ulike tenestene har vorte gjennomgått og ein har fått ned ventetidene innan fleire av tenestene. Arbeidet med å betre rutinene vil måtte halde fram etter kvart som ein ser behovet for endringar. |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene | Ein har ikkje registrert skriftlege klager etter forvaltningslova. |

| **Planlagde driftstiltak og investeringar** | **Gjennomføring** |
|---|---|
| Avdelinga skal ha fokus på framdrifta og avslutning av investeringsprosjekta. | Avdelinga har hatt fokus på framdrifta og avslutning av ivesteringsprosjekta ved gjennomføring av faste prioriterings- og framdriftsmøte. |
| Evt. avvik / meirforbruk på einskilde ansvars- | Månadleg budsjettkontroll har vorte gjort og |

| | |
|---|---|
| /tenesteområde skal dekkjast inn gjennom tilsvarande mindreforbruk på andre ansvars- /tenesteområde i avdelinga. | mogleg justering av pengebruken har vorte gjennomført. |
| Trygge prosedyrar for anbods- og kontraktsoppfølging. | Kvalitetssikringsrutinene for innkjøp har vorte følgde. |
| PLUS-samtalar | Samtalar har vorte gjennomførte med vekt på tilrettelegging av arbeidsoppgåver, framdrift og personlege tilpassingar. |
| Faste avdelingsmøte/samlingar med fokus på økonmi, framdrift, effektivisering og fråvær m.m. | Avdelingsmøter og 1 avdelingssamling over 2 dagar er gjennomført i løpe av året. |
| Nærværsmålet for Anleggs- og driftsavdeliga og BRANN vert sett til 97%. | Nærværet har vore noko lågare enn målsett, men ligg innafor akseptabelt nivå. |
| Revidere brannordninga | Arbeidet oppstarta. Sluttføring våren 2013. |
| Tilsyn etter §13 i Lov om vern mot brann, eksplosjon m.v. | Ein del tilsyn har ikkje vorte gjennomførte som målsett i 2012. |
| Vidareføre Kvalitetslosen med sikte auka kvalitet i alle ledd i avdelinga | Arbeidet har vorte vidareført. |
| Leidningskartverk og gravemeldingsteneste. | Det meste av leidningskartlegginga er gjennomført og gravemeldingsteneste vart innført frå 01.01.2013. |
| Gjennomføre trafikktryggingstiltak | Det er berre gjort mindre trafikktryggingstiltak. Større tiltak vil vere avhengig av regulering. |
| Revidere lokal plan mot akutt forureining | Lokal plan mot akutt forureining er revidert. |

| | |
|---|---|
| Følgje opp utbyggingsavtalar | Utbyggingsavtalar med private har vorte oppfølgde i den grad det har vore naudsynt. |
| Avslutning av 16 bygge- og anleggsprosjekt økonomisk | 10 bygge- og anleggsprosjekt vart øk. avslutta i 2012. |
| Bygge ny bru til Herøy gard | Ikkje gjennomført grunna uavklara deltaking frå Statens Vegvesen. |
| Gjennomføre planlegging av 4 omsorgsbustadar for unge funksjonshemma | Planlegging ikkje fullført grunna kapasitetsmangel prosjektleiing. |
| Planlegge og opparbeide P-plass ved Rådhuset | Delopparbeiding av P-plass bak rådhuset starta nov. 2012 og vert avslutta våren 2013. Planlegging og vidare opparbeiding flytta til 2013. |

| | |
|---|---|
| Bergsøy stadion – ombygging til kunstgrasbane | Gjennomført. Mindre restarbeid gjenstår til våren 2013. |
| Gurskøy IL – Planlegging og opparbeiding av kunstgras på del av grusbana ved Leikanger skule | Opparbeiding oppstarta hausten 2012. Restarbeid våren 2013 pga. verforhold/vinter. |
| Prosjektering av parkering/snuplass ved Leikanger skule | Prosjektering utsett til 2013. |
| Prosjektere og bygge leidningsanlegg Moltu - avlaup | Prosjektering gjennomført. Vanskar med grunnavtalar har ført til forsinking. |
| Fullføre leidnings-/vegomlegging ved gamle Leine skule | Fullført. |
| Prosjektere og bygge kloakkreinseanlegg/silanlegg Grønhaug | Prosjektering gjennomført. Meir omfattande prosjektering enn føresett har ført til forseinking av byggestart som ikkje vert før våren 2013. |
| Utbygging av kommunale bustadområde | Løyving på 4,25 mill. løyvd i budsjett 2012 prioritert til utbygging Leine bustadfelt - Skuletomta. Prosjektering gjennomført. Utbygging 2013. |
| Avlaupsanlegg Fosnavåg Aust/Nørvåg | Ikkje oppstarta grunna manglande kapasitet. |
| Restplanering **del** av Mjølstadneset ind.område. | Gjennomført. |
| Tilbygg/ombygging Herøy Helsesenter | Ombygging sluttført. Tilbygg lyst ut på anbod. Oppstart jan. 2013. |
| Basefunksjon for funksjonshemma - skule | Planlegging pågår. |
| Herøy Produksjon – planlegging tilbygg/påbygg | Planlegging pågår. |

Gjennomføring av ein del planlagde driftstiltak og investeringar har vorte forseinka i forhold til oppsette målsetjingar. Årsakene til dette er samansette og skuldast m.a. manglande kapasitet i avdelinga, manglande finansiering, uføresette krav om regulering, forsinka levering av planar frå innleigde konsulentar og utfordringar knytt til grunnerverv m.m.

**Organisasjon:**

Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 12,7 | 12,7 | 10,3 | 12,0 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | - | - | 2,5 | 3,0 |
| Fagressurs teneste | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,3 |

**Frå 2011 er antal årsverk endra pga. at Brannvernet vart lagt til Anlegg og drift. I Brannvernet sine tal er det også teke med samla stillingsheimel for 30 deltidsmannskap dvs. total omlag 0,6 stillingsheimel.**

Økonomi:

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 |
| Brutto utgifter | 34 040 | 33 716 | 34 876 | 27 588 | |
| Brutto inntekter | (19 797) | (20 531) | (20 429) | (20 880) | |
| Netto driftsutgifter | 14 243 | 13 185 | 14 447 | 6 708 | |
| Meir / mindreforbruk (-) | 1 058 | | 2 207 | 624 | |

Lokalsamfunn

- Avdelinga har også i 2012 fokusert på internkontroll og kvalitetsforbetring av tenestene. Den positive utviklinga med nedgang i talet på klager har halde fram i 2012. Dette er svært gledeleg og ein ser det som eit klart teikn på at ein har fått betre kvalitet på tenestene. Ein del av årsaka til denne positive utviklinga har nok også samanheng med betre informasjon til brukarane.
- I 2012 har ein også fokusert på samfunnstryggleik og beredskap i det daglege. Tilsyn i særskilde brannobjekt(§13 bygg) har vore prioritert.

**Viktige hendingar i 2012**

- Bergsøy stadion, grasbanen, vart ombygd til kunstgrasbane og teken i bruk sommaren 2012
- Lokal plan mot akutt forureining vart politisk godkjent
- Gravemeldingsteneste vart utgreidd i 2012 slik at tenesta kunne iverksetjast frå 01.01.2013

Hovudutfordringar/prioriteringar 2013

- Gjennomføring av alle investeringsprosjekt det er avsett midlar til
- Rekruttering til ledige stillingar
- Oppfølging av utbyggingsavtalar
- Praktisk og økonomisk avslutning av pågåande investeringsprosjekt
- Halde oppe og forbetre drift og vedlikehald av kommunaltekniske anlegg/infrastruktur innafor tilgjengelege ressursar
- Kome à jour med sakshandsaminga

# Eigedomsavdelinga

### Tenester og oppgåver i avdelinga

Eigedomsavdelinga forvaltar, driftar og vedlikeheld den kommunale bygningsmassen på vegne av Kommunestyret som eigar:

Forvaltaransvaret

Forvaltaramsvaret omfattar administrative oppgåver som kjøp og sal av eigedom, oreigning, innløysing og erstatning, inn- og utleige av bygningar, utarbeiding av forsikringsavtalar, oppfølging av forsikringssaker, økonomisk planlegging og styring samt personalansvar.

Driftsansvaret
Driftsansvaret omfattar alle oppgåver og rutiner som er naudsynte for at bygningar og tekniske installasjonar skal fungere som planlagt. Dette omfattar mellom anna styring av tekniske installasjonar, forsyning av vatn, energi, renovasjon og reinhald.

Vedlikehaldsansvaret
Vedlikehaldsansvaret omfattar planlegging og gjennomføring av bygningsmessige tiltak for å oppretthalde bygningar og tekniske installasjonar på eit fastsatt kvalitetsnivå..

| Mål | Måloppnåing |
|---|---|
| Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad | Ikkje rapportert. |
| Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket | Ikkje rapportert. |
| Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene | Ikkje rapportert. |

| Tiltak og investeringar | Måloppnåing |
|---|---|
| **Ansvar 6011 - Leiing og forvaltning** | |
| FamacWeb vert innfasa som nytt FDV-system for avdelinga og erstatter dagens V-Pro. Systemet vil bli brukt for alle sentrale aktivitetar i avdelinga, mellom anna utleigeforvaltning, tilstandskontroll, driftsplanlegging, reinhaldsplanlegging, internkontroll og vedlikehaldsplanlegging. | Gjennomført<br>Bruken av systemet vert fortløpande utvida. Samtlege formålsbygg melder no bygningsmessige avvik via dette systemet. |
| Bustad- og næringstomter<br>Søknader om bustadtomter og næringstomter skal delegerast til Servicetorget. Dette for å redusere sakshandsamingstida og auke servicegraden overfor potensielle kjøparar. I denne samanheng vil det bli fremma F-sak om revisjon av rutiner for sal og prising av bustad- og næringstomter. | Gjennomført<br>Det gjenstår fortatt å avslutte ein del saker som var innregistrert før overføringstidspunktet. |
| HMS-plan<br>Det skal utarbeidast HMS-plan for avdelinga basert på overordna risikoanalyse. | Pågår.<br>HMS-plan forventast ferdigstilt innan fyrste halvår 2013. |
| Internhusleige<br>Det skal utarbeidast utkast til kostnadsdekkande husleige for formålsbygg og utleigebustadar for å sikre fokus på arealeffektivitet og forsvarleg økonomisk avsetning til vedlikehald. Viss mogleg, vil kostnadsdekkande husleige presenterast som tiltak i samband med budsjett 2013. | Pågår<br>Det er utarbeida førebels modell for berekning av kostnadsdekkande husleige. Internhusleige skal drøftast internt i administrasjonen fyrste halvår 2013. |

| | |
|---|---|
| <u>Ansvarsfordeling mot tenesteytande avdeling</u><br>Det skal utarbeidast leigeavtale for det einskilde bygg som klargjer ansvarsfordelinga overfor tenesteytande avdeling. Dette som deltiltak i implementeringa av internhusleige for formålsbygg, jf. K-sak 77/09. | <u>Pågår</u><br>Utkast til ansvarsfordeling er til vurdering internt i avdelinga og planleggast handsama i leiargruppa fyrste halvår 2013. |
| <u>Kompetanseplan</u><br>Det skal utarbeidast kompetanseplan for avdelinga som synleggjer kompetansebehov og årleg prioritering av kompetansetiltak. | <u>Ikkje påbegynt</u> |
| **Ansvar 6012 - Kantine** | |
| <u>Prisar ved kantinesal</u><br>Prisane for kantinesal vert revidert for å minske differansen mellom inntekt og utgift. | <u>Pågår</u><br>Prisane blir oppjustert frå 2. kvartal 2013. |
| **Ansvar 6021 - Byggteknisk drift** | |
| <u>Fysisk arbeidsmiljø</u><br>Eigedomsavdelinga vil saman med Anlegg- og driftsavdelinga arbeide for å betre det fysiske arbeidsmiljøet for uteseksjonane i avdelingane. Det vert fremma eiga sak til Kommunestyret om utbetring av arbeidslokalitetar. | <u>Gjennomført</u><br>Kommunestyret løyvde i 2012 kr. 250 000 til planlegging av ny brannstasjon og driftsbase. Arealprogram er utarbeida og Eigedomsadelinga er i dialog med grunneigarar av potensiell eigedom for eit nybyggprosjekt. |
| <u>Driftsplan - internkontroll</u><br>Avdelinga vil i 2012 søke å drifte bygningsmassen etter årleg tilsynsplan. Dette for å betre forutsigbarheita for brukarane av bygningane, dels for å vri verksemda frå akutt vedlikehald til førebyggande vedlikehald, dels for å sikre forsvarleg internkontroll. | <u>Pågår</u><br>Driftsplan er utarbeida og planleggast iverksattt i løpet av fyrste kvartal 2013. |
| <u>Fagleiar drift</u><br>Dagens stilling som fagleiar drift- og vedlikehald vert delt i to. Ny fagleiar drift skal ha hovedfokus på dagleg styring og koordinering av driftstiltak, oppbygging av internkontrollsystem samt aktiv energistyring gjennom etablering av sentral driftsstyring for tekniske anlegg | <u>Gjennomført</u><br>Ny fagleiar drift er tilsett frå desember 2012. |
| **Ansvar 6031 - Vedlikehald og investering** | |
| <u>Fagleiar vedlikehald</u><br>Stillinga som fagleiar drift- og vedlikehald vert delt i to. Fagleiar vedlikehald skal ha hovedfokus på kartlegging, prioritering, planlegging, budsjettering og gjennomføring og evaluering av vedlikehald- og investeringstiltak, herunder enøk-investeringar. | <u>Gjennomført</u><br>Tidlegare fagleiar drift og vedlikehald har fått reindyrka sitt ansvar til å gjelde vedlikehald og investering frå og med 2013. |
| <u>Tilstandskartlegging</u><br>Avdelinga vil i 2012 starte intern og overordna | <u>Pågår</u><br>Eigedomsavdelinga vil nytte eit web-basert |

| | |
|---|---|
| tilstandskartlegging av bygningsmassen som grunnlag for prioritering av vedlikehaldstiltak på kort og lang sikt. Tilstandskartlegging kan ikkje ventast nytta fullt ut før ved budsjett 2014. | tilstandskartleggingsverktøy som heiter IK-bygg i dette arbeidet. Ein venter på integrasjon mot avdelinga sitt fagsystem før arbeidet blir iverksett. |
| Vedlikehaldsplan<br>Dei årlege vedlikehaldstiltaka vert handsama i eiga sak til Formannskapet. Frå hausten 2012 ynskjer Eigedomsavdelinga å fremje sak om neste års vedlikehald i samband med budsjettbehandlinga. Dette for å samkøyre prioriteringa av tiltak med Kommunestyrets fastsetjing av budsjettrammer for avdelinga.<br><br>Vedlikehaldsplan skal utarbeidast for kvart einskilde bygg og for ei periode på minimum 3 år. | Pågår<br>Kommunestyret har vedteke overordna strategi for investering drift og vedlikehald av kommunale bygg. Denne legg fundamentet for avdelinga sitt vidare arbeid med vedlikehald gjennom fastsetjing av overordna målsetjingar investering, drift og vedlikehald. |
| Godkjenning av skulebygg<br>Avdelinga vil i 2012 særleg prøve å få gjennomført vedtaka om nye ventilasjonsanlegg på Moltu barneskule og Ytre Herøy ungdomsskule. Gjennomføringa av tiltaka er avhengig av at vi får på plass konsulentbistand til detaljprosjektering. | Pågår<br>Kravspesifikasjon basert på totalentrepriseprinsippet er under utarbeiding. Målsettinga er å få gjennomført prosjekta innan hausten 2013. |
| ENØK-tiltak<br>Det er løyvd kr. 1 mill. i investeringsbudsjettet til enøk-tiltak. Avdelinga arbeidar med ein langtidsplan for enøk-investeringar. | Pågår<br>Avdelinga har på basis av kravspesifikasjon, utarbeida i samarbeid med Enøk-senteret, innhenta prisestimat på oppgradering av sentral driftskontroll i kommunale bygg. Prosjektet vil måtte lysast ut på anbod i løpet av 2013 og vil krevje mesteparten av dei løvde investeringsmidlane. |
| **Ansvar 6051 - Reinhald** | |
| Team-arbeid<br>I arbeidet med å redusere sjukefråværet, vil avdelinga ha fokus på team-organisering av reinhaldet. Dette for å betre det psykososiale arbeidsmiljøet for reinhaldarane, sikre arbeidsfleksibilitet samt sikre mest mogleg arbeid innan normalarbeidstid. | Pågår<br>Reinhaldet blir kontinuerleg vurdert opp mot potensiell team-organisering samt opp mot eit overordna ønske om å plassere mest mogleg av reinhaldet innanfor normalarbeidstid. |
| FamacWeb<br>Avdelinga vil i 2012 ta i bruk FamacWeb i reinhaldsplanlegginga. Målsettinga er å kunne revidere reinhaldsplanane årleg samt ved rehabilitering og tilbyggsprosjekt. | Pågår<br>Avdelinga reviderer reinhaldsplanane fortløpande, parallelt med at avdelinga får oppdatert teikningsarkivet for kommunale bygg. Avdelinga leverer også driftsanalyser for nye tiltak (t.d. nybygg-prosjekt) basert på kostnadsanalyser via Famac. |
| Kompetanseplan<br>Reinhaldarar skal i større grad enn før få tilbod om fagbrevutdanning. | Pågår<br>Avdelinga søker å stimulere dei tilsette til vidareutdanning fortløpande. |

**Organisasjon**

Årsverk

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|
| Talet på årsverk | 28,85 | 29,85 | 29,85 | 29,85 |
| Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200 | 1,75 | 1,75 | 1,75 | 2 |
| Fagressurs teneste | | | | |

Av administrative årsverk er 1 årsverk knytta til Ansvar 6051 – reinhaldsleiar, medan 1,0 årsverk er knytta til Ansvar 6011 – eigedomsleiar. Reinhaldsleiarstillinga vart oppjustert til 100 % stilling i 2012.

**Økonomi**

| Tall i hele tusen | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2012 | Budsjett 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 | Rekneskap 2009 |
| Brutto utgifter | 36 157 | 25 645 | 34 448 | 30 770 | |
| Brutto inntekter | (20 304) | (10 345) | (18 535) | (16 404) | |
| Netto driftsutgifter | 15 853 | 15 300 | 15 913 | 14 366 | |
| Meir / mindreforbruk (-) | 553 | | 1 373 | (875) | |

**Lokalsamfunn**

Ansvaret for sal av bustad- og næringstomter som er ferdig opparbeidde og klare for salg, vart overført til Servicetorget frå 01.06.2012. Eigedomsavdelinga har fortsatt oppgåver knytt til innregistrerte saker før dette tidspunkt. I tillegg har avdelinga ansvaret for kjøp og sal av andre eigedomar og bygg samt ansvaret for oreiningssaker, innløysingssaker og erstatningssaker.

**Viktige hendingar i 2012**

- Eigedomsavdelinga og Anlegg- og driftsavdelinga starta planlegging av ny brannstasjon og driftsbase.
- Kommunestyret vedtok strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg.
- Eigedomsavdelinga innførte Famac som nytt FDV-system frå juli 2012.
- Herøy kommune overtok Fristadbygget i Dragsund i juli 2012.
- Avdelinga tilsette Tor Sindre Steinsvik som ny fagleiar drift i desember 2012.

**Hovudutfordringar/prioriteringar i 2013**

- Redusere saksrestanse
- Gjennomføre driftsplan for byggteknisk tilsyn og internkontroll
- Digitalisere bygningsteikningar
- Reviderer reinhaldsplaner
- Tilstandskartlegge bygningsmassen - utarbeide langtidsplan for vedlikehald.

# ØKONOMI

Mål:

1. Det skal ikkje vere avvik mellom budsjett og rekneskap for dei einskilde ansvarsområda i budsjettet. Dersom det oppstår situasjonar der avvik ikkje kan unngåast skal dette rapporterast etter gjeldande prosedyrar.
2. Netto driftsresultat skal vere positivt i 2012. Målet er at netto driftsresultat på sikt (4-5 år) skal vere på 3% av driftsinntektene i budsjettet.

**Rekneskapsprinsipp**
Herøy kommune fører rekneskapen sin etter dei kommunale rekneskapsprinsippa nedfelt i Kommunelova § 48 og rekneskapsføreskriftene § 7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og tilseier at tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd, skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og resultat for året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån med meir, samt korleis desse er finansiert.

Kommunen sin driftsrekneskap syner årlege avskrivingar som er årlege kostnader som følgje av forbruk av driftsmidlar. Avskrivingane har betydning for kommunen sitt brutto driftsresultat, men blir utnulla slik at netto driftsresultat ikkje er påverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med årets avdrag som er den utgifta som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Grunnen til at avskrivingane blir vist i rekneskapen er blant anna at dei som tek avgjerder (adm. leiarar og politikarar) og dei som brukar rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den i høve til kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det tyder at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette tyder at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett sum.

**Rammevilkår/resultat**
Netto driftsresultat er positivt med om lag 15,4 mill kroner. Dette er ein reduksjon i høve til 2011 på om lag 13,4 mill kroner. Kommunen sitt mål på sikt er netto driftsresultat skal utgjere 3% av driftsinntektene. For 2012 utgjorde netto driftsresultatet om lag 2,64% av driftsinntektene (5,0% i 2011). Resultatet er med det 0,36% eller omlag 2,1 mill lavare enn målsetjinga. Grunnen til at netto driftsresultat er positivt skuldast at kommunen i 2012 mottok betydelege statlege RDA midlar som vert inntektsført i kommunen sitt rekneskap men som ikkje kan brukast til kommunale føremål.

I rekneskapen per 31.12.2012 utgjer kommunen sine disposisjonsfond om lag 15,85 mill kroner. Sett i høve til 31.12.2011 er dette ein auke på om lag kr 570.000,-.

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Brutto driftsresultat** | (11.031) | 15 425 | (7.131) | (7.883) | 6 181 | 41 975 | 30 127 | 11.644 |
| **Netto driftsresultat** | 1.018 | 25 011 | (6.998) | (26.697) | 20 005 | 47 031 | 27 288 | 15.410 |

Herøy kommune har dei siste åra hatt godt samsvar mellom budsjett og rekneskap for det som gjeld drifta. Det syner at kommunen har gode budsjettprosessar med involvering frå avdelingar, administrasjon og politikarar.

Når det gjeld kommunen sitt rekneskapsmessige resultat varierer det mykje frå år til år. Faktorar som har spelt ei avgjerande rolle her dei siste åra (både positive og negative) er momskompensasjon investeringar, finansavkastninga, svingande skatteinntekter og frå 2010

også RDA midlar (sjå ovanfor). Drifta av kommunen er på eit nøkternt nivå, men investeringane har vore store og det gjer at gjeldsbyrda stadig aukar og auka finanskostnadar vil på sikt kunne føre til at drifta må reduserast på einskilde områder. I åra 2009 til 2011 auka avdragskostnadane etter minsteavdragsprinsippet med om lag 3,0 mill kr årleg. Dette skuldast ikkje berre låneopptak men også kva aktiveringar og avskrivingar vi har hatt i balansen (aktiva). Frå 2011 til 2012 vart avdragskostnadane etter minsteavdragsprinsippet redusert med om lag 1,5 mill kroner. Ein av grunnane til dette er at ein i 2012 har tatt omsyn til verdien av dei kommunale bustadfelta og industriområda i berekningane. Det har ein ikkje gjort i dei føregåande åra

**Momskompensasjon**
Frå 1. januar 2004 vart den tidlegare avgrensa momskompensasjonsordninga, som hadde vore i drift sidan 1995, erstatta med ein generell momskompensasjonsordning.

Tabellen nedanfor syner fordelinga mellom drift og investering, trekk i ramma og inntektsført momskompensasjon. Herøy kommune har investert mykje dei siste åra – spesielt i perioden 2006-2009. År 2009 vart bl.a. Einedalen skule og Solheim omsorgsbustadar bygt. Dette representerer samla investeringar på godt over 100,0 mill kroner. Dette fører til store meirinntekter i kompensert meirverdiavgift sett i høve til trekket i rammetilskotet. Desse inntektene vert ført i drifta og påverkar resultatet positivt. Frå 2010 skjedde ei omlegging av ordninga. Dette året vart 20% av momskompensasjonsinntektene frå investeringar ført i investeringsrekneskapen. Dette vert deretter auka med 20% per år slik at ein i 2014 skal føre all momskompensasjon i investeringsrekneskapen. Det vil føre til

- Lavare inntekter i driftsrekneskapen
- Høgare inntekter i investeringsrekneskapen
- Lavare låneopptak
- På sikt lavare rente- og avdragsutgifter

| Trekk i ramme 2004 | Rekne-skap 2006 | Rekne-skap 2007 | Rekne-skap 2008 | Rekne-skap 2009 | Rekne-skap 2010 | Rekne-skap 2011 | Rekne-skap 2012 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 9.184 | 9.653 | 11.190 | 10.344 | 11.322 | 11.800 | 10.197 |
| | 8.356 | 9.029 | 9.595 | 18.428 | 6.427 | 5.205 | 3.409 |
| 10.805 | 17.540 | 18.682 | 20.785 | 28.772 | 17.749 | 17.005 | 13.606 |

(Som vi ser av tabellen har vi aldri tidlegare hat så lav samla momskompensasjon drift og investeringar som vi hadde i 2012)

I 2012 vart om lag 2,05 mill kr av momskomp investeringar ført i investeringsrekneskapen og om lag 1,36 mill vart ført i driftsrekneskapen (medan ein her budsjetterte med ei inntekt på 3,54 mill kr – i opprinneleg budsjett for 2012 hadde vil budsjettert med 6,64 mill kr).

Frå 2009 og til 2012 vart inntektene frå momskompensasjonen knytt til investeringar redusert med om lag 17,0 mill kr (når ein tek omsyn til overføringane frå momskompensasjon investeringar frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen). Dette har ein måtte tatt inn gjennom effektivisering og kutt i drifta.

**Hovudtalsanalyse**

Den kommunale rekneskapen er delt i tre:
1. Driftsrekneskapen
2. Investeringsrekneskapen/Finansrekneskapen

3. Balansen

Driftsinntekter
Herøy kommune sine driftsinntekter (eksklusive interne overføringar) består av :

- Skatteinntekter (formues- og inntektsskatt)
- Rammetilskott frå staten
- Andre statstilskott (også øyremerka)
- Andre driftsinntekter som bl.a. vert inntektsført direkte på avdelingane som t.d. refusjonar, brukarbetalingar osb

Fordelinga (i %) inkludert finansinntektene kan ein setje opp slik:




Skatt er den største inntektsposten. I 2012 utgjorde denne inntekta nær 40,5% av dei samla kommunale driftsinntektene inkludert finans. I 2011, 2010 og i 2009 utgjorde skatt i hhv 37,8%, 37,7% og 41,0% av samla inntekter og det syner at statens si målsetjing om at stadig mindre av kommunal verksemd skal finansierast ved skatteinntekter kjem til å bli innfridd. 2012 var eit uvanleg år skattemessig for Herøy kommune og det er grunn til å tru at ein ikkje opplever nokon vekst i kommunens nominelle skatteinntekter i 2013.

Samla driftsinntekter i 2012 (eksklusiv interne overføringar /inntekter, finans, avskrivingar og bruk av fonds) var om lag 581,9 mill kroner. Dette er ein auke på 33,7 mill kr sett i høve til 2011. Om lag 11,6 mill kr av denne auken skuldast overføringar i samband med samhandlingsreforma.

Skatteinntekter
Skatteoppkrevjaren i Herøy fekk i 2011 innbetalt skattar og avgifter på i alt 1.520,2 mill kroner. Dette er ein auke i høve til år 2011 med om lag 219,0 mill kroner. Skatt frå personlege skattytarar auka med nær 104,2 mill kr, arbeidsgjevaravgifta auka med om lag

42,9 mill kr og selskapsskatten (upersonlege skatteytarar) auka med 78,0 mill kr.

Av denne summen utgjorde Herøy kommune sin del om lag 242,2 mill kroner frå forskottspliktige (personar). Tilsvarande tal for år 2010 var i overkant av 214,1 mill kroner. Samla innbetalt skatt frå etterskotspliktige (selskapsskatt) utgjorde i 2012 heile 379,8 mill kr. Av dette får Herøy kommune kr 0,00.

Skatteinntektene i Herøy kommune var (i mill kroner) slik:

| | Rekneskap 2012 | Justert Budsjett 2012 |
|---|---|---|
| Inntekt | 242,1 | 240,0 |
| % av landsgjennomsnittet per innbyggar | 115,7 | 114,7 |
| Inntekteutjamning (netto) i mill kr | - 22,6 | |

Herøy kommune sine skatteinntekter (forskotspliktige) synte i 2012 ein vekst på formidable 13,1% sett i høve til 2011.

Driftsutgifter
Herøy kommune sine driftsutgifter (eksklusive interne overføringar) består av:

- Lønn- og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjonen
- Andre utgifter som t.d. tilskott, overføringar, bidrag
- Finans (renter, avdrag, kurstap etc)

Fordelinga (i %) eks avskrivingar og inkl finanskostnadane kan ein setje opp slik:




Driftsutgiftene (eks finans og avsetjing til fonds) auka med om lag 52,1 mill kroner (9,5%) frå 2011 til 2012. Finanskostnadane vart redusert med nær 0,9 mill kr. Veksten i lønn og sosiale utgifter auka med om lag 18,5 mill kr (5,5%) og andre kostnadar auka med om lag 32,7 mill kr.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde om lag 61,7% av totale driftsutgifter (eks finans) for 2012, medan tilsvarande tal for 2011, 2010 og 2009 var hhv 64,3% 66,2% og 66,4%. Tendensen er såleis at samla lønskostnadar sin del av dei samla utgiftene vert redusert litt kvart år. Reduksjonen vart merkbar stor frå 2011 til 2012. Dette skuldast nok utgiftene til samhandlingsreforma på nær 11,5 mill kr der mest heile summen vart overført til Helse Møre

og Romsdal.

Investerings-/Finansrekneskapen
I investeringsrekneskapen fører ein kjøp med ein verdi som er høgare enn kr 100.000,- og som har ei levetid på minimum 3 år. Vidare skal ein her føre inntekter ein berre får ein gong og utgifter av spesiell karakter.

Balansen
Balansen syner eigedelar som likvidar, fordringar, anleggsmidlar og korleis desse er finansiert. Finansieringa i balansen vert delt i 3 – kortsiktig gjeld, langsiktig gjeld og eigenkapital.

| **Nøkkeltal** | **2012** | **2011** | **2010** |
|---|---|---|---|
| Sum driftsinntekter | (581.862) | (548.201) | (535.078) |
| Sum driftsutgifter | 570.218 | 518.074 | 493.102 |
| Brutto driftsresultat | (11.644) | (30.126) | (41.975) |
| | | | |
| Finansinntekter | (16.175) | (18.692) | (17.390) |
| Finansutgifter | 37.780 | 47.553 | 34.788 |
| Motpost avskrivingar | (25.371) | (26.023) | (22.453) |
| Netto driftsresultat | (15.410) | (27.288) | (47.031) |
| | | | |
| Bruk av avsetnader | (31.509) | (8.925) | (20.602) |
| Avsetnader | 46.919 | 38.229 | 62.803 |
| Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk | (0) | 2.016 | (4.830) |
| | | | |
| Brutto driftsresultat i % av driftsinntekter | 2,00 | 5,50 | 7,84 |
| Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter | 2,64 | 4,98 | 8,79 |

Netto driftsresultatet i 2012 vart på omlag 15,4 mill kr. Dette er om lag 4,0 mill kr betre enn justert budsjett. Vi brukte om lag 6,1 mill kr av disp fonda og om lag 25,4 mill kr av dei bundne fonda. Vi avsette totat 46,9 mill kroner i rekneskapen for 2012. Desse vart nytta til overføringar til inv rekneskapen (2,0 mill kr), til dekning av tidlegare års meirforbruk (2,0 mill kr), til avsetjing disp fond (6,7 mill kr) og til avsetjing til bundne fond (36,2 mill kr) slik at det rekneskapsmessige meir-/mindreforbruket vart kr 0,-.

Brutto driftsresultat var i 2012 var positivt med om lag 11,6 mill kroner (inkludert avskrivingar). I 2011 var brutto driftsresultat positivt med om lag 30,1 mill kr. Sidan 2003 er det berre 2006 og 2009, 2010 og 2011 og 2012 som har gitt eit positivt brutto driftsresultat.

Grunnen til den positive veksten i driftsinntekter dei siste 3 åra skuldast RDA-midlar (Regional distriksutviklingsmidlar) som kommunen har fått via Møre og Romsdal Fylke. I 2012 utgjorde dette om lag 32,76 mill kr. Detter er om lag på same nivå som i 2011. Av dette vart om lag 12,1 mill overført til bundne fond og den resterande delen (om lag 20,5 mill kr) vart overført til ulike prosjekt etter vedtak.

Kommunen må gjennomføre pliktige avsetnader og bruk av eksterne midlar som til dømes næringsfond, øyremerka statstilskott (bundne fond) og liknande.

Resultatet etter desse transaksjonane vert kalla rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk. I 2011 fekk vi eit rekneskapsmessig meirforbruk på om lag 2,0 mill kroner. Meirforbruket i 2011 vart finansiert ved bruk av sisposisjonsfondet. Det fører til slik oversikt:

| | **2012** | **2011** |
|---|---|---|
| Netto driftsresultat (i 1.000 kr) | 15.410 | 27.288 |
| | | |
| Pluss | | |
| Bruk av disposisjonsfond | 6.091 | 1.621 |

| | | |
|---|---|---|
| Bruk av tidlegare års mindreforbruk | | 4.830 |
| Bruk av bundne fond | 25.419 | 2.475 |
| **Sum bruk av avsetnader** | **31.509** | **8.925** |
| | | |
| Minus | | |
| Overført til investeringsrekneskapen | 2.045 | 2.082 |
| Avsett til tidlegare års meirforbruk | 2.015 | 0 |
| Avsetnader til disposisjonsfond | 6.662 | 0 |
| Avsetnader til bundne fond | 36.197 | 36.147 |
| **Sum avsetnader** | **46.919** | **38.229** |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk | 0 | |
| Rekneskapsmessig meirforbruk | 0 | 2.016 |

Det rekneskapsmessige resultatet har ein tendens til å svinge mykje frå år til år i Herøy. I eit år der utbyttet frå Tussa vart mykje lavare enn budsjettert og der inntektene frå momskompensasjon investeringar vart mykje lavare enn budsjettert passa det fint at skatteinntektene auka meir i Herøy enn landsgjennomsnittet slik at det finansierte desse mindreinntektene.

Arbeidskapital
Dette er differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld. Ved utgangen av 2012 hadde kommunen ein arbeidskapital på nær 186,3 mill kr. Dette er ein auke i høve til 2011 på om lag 59,0 mill kr. Auken skuldast i hovudsak auka bankinnskot (38,3 mill kr), auka aksje-/obligasjonsbehaldning (4,6 mill kr) og premieavvik pensjon (12,2 mill kr)..

Likviditet
Kommunen sin likviditet har vore litt betre i 2012 enn i 2011. Per 31.12.2012 hadde kommunen om lag 127,2 mill kr (eks RDA midlar) plassert i bankinnskott, aksjar notert på Oslo Børs, sertifikatinnskott og obligasjonar. Dette er ein auke i høve til 2011 på om lag 29,7 mill kroner. Samstundes har kommunen sin kortsiktige gjeld blitt redusert med om lag 2,0 mill kr.

- Likviditetsgrad 1 måler tilhøvet mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld. Det vil seie at den måler kommunen si evne til å dekke sine betalingsplikter etter kvart som dei forfell. Likviditetsgrad 1 bør vere over 2 og i Herøy kommune var den på 2,94 per 31.12.2012, medan tala for 2011, 2010, 2009, 2008, 2007, 2006 og 2005 var på hhv 2,31 - 1,25 - 1,09 - 1,93 - 2,88 - 3,06 og 3,07. Det viser ei betring sett i høve til 2011 – ei betring som også er eit resultat av RDA midlar.
- Likviditetsgrad 2 (bør vere på minst 1,0) er Omlaupsmidlar – varelager dividert på kortsiktig gjeld. Sidan kommunane normalt sett ikkje har varelager vert likviditetsgrad 1 og 2 like. Dersom vi i staden for varelager trekk frå bundne fond RDA midlar (som ikkje kan brukast av kommunen og som utgjer vel 92,4 mill kr per 31.12.2012 får vi eit forholdstal på 1,97 noko som vil seie at kommunen ved årsskiftet hadde ein god likviditet.
- Likviditetsgrad 3 seier noko om tilhøvet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide midlane i dette tilfellet er reine bankinnskott. Likviditetsgrad 3 bør vere på minst 0,33 forr å vere tilfredsstillande, og i Herøy kommune synte nøkkeltalet 1,47. I 2011 var den 1,06. I 2010 var den på 0,69. I 2009 var den på 0,20, i 2008 var verdien 0,18, i 2007 varden 0,53 og i 2006 og 2005 var det på hhv 0,71 og 0,60. Også her er det ein liten betring i nøkkeltalet sett i høve til dei to foregåande åra. Trekk vi ut RDA midlane syner dette nøkkeltalet om lag 0,5.

Både likviditetsgrad 1 og 3 syner ei betring i 2012 sett i høve til 2011.

Finanspostar i driftsrekneskapen

I følgje rekneskapen var netto finanskostnadane i 2012 på nær 21,6 mill kr. I 2011 var dei på nær 28,9 mill kr, i 2010 var dei på 17,4 mill kr og i 2009 var dei på om lag 5,1 mill kr. I løpet av 4 rekneskapår har såleis netto kostnadar auka med 16,5 mill kr.

Rentenivået synte ein stabil, men litt avtakande tendens i 2012. Utviklinga på Oslo børs var positiv. Finansinntektene vart om lag 4,7 mill kroner høgare enn justert budsjettert. Då har vi ikkje tatt omsyn til at aksjeutbyttet frå Tussa AS vart om lag 5,2 mill lavare enn budsjettert.

**Tal i mill. kroner**

| | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
|---|---|---|---|
| Renteinntekter/utbytte | 16,2 | 18,7 | 17,3 |
| Av dette: | | | |
| Aksjeutbytte Tussa AS | 4,4 | 9,1 | 7,2 |
| Kursvinst/utbytte andre aksjar | 6,0 | 5,5 | 6,3 |
| Andre renteinntekter | 5,8 | 4,1 | 3,8 |

Herøy kommune si lånegjeld aukar stadig. Dei totale rentekostnadane har imidlertid vore nokså stabile dei siste 3 åra. I 2011 utgjorde dei 17,3 mill kr og i 2010 og 2009 hhv 16,2 mill kr og 17,2 mill kr.

**Tal i mill. kroner.**

| | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 | Rekneskap 2010 |
|---|---|---|---|
| Renteutgifter/verdireduksjon på aksjar | 19,2 | 26,9 | 17,8 |
| Avdragsutgifter | 18,4 | 19,8 | 16,7 |

Langsiktig gjeld. Pensjon
Kommunane er pålagde å føre pensjonane etter liknande reglar som det bedrifter som følgjer rekneskapslova gjer. Dette fører til at kommunane må skaffe til veie ei aktuarberekning ved årsskiftet der det etter nærare fastsette reglar vert berekna kva som er kommunen si utgift dersom drifta skulle opphøyre per 31.12. Dette stiller ein opp mot midlane ein finn i fonda (hjå oss KLP og SPK). Tala syner ei teoretisk over- eller underdekning i ordningane.

Ingen av ordningane syner dekning i og med at AFP krava (forpliktingane) ikkje kan **forsikrast, men i det teoretiske tilfellet vil dei vere eit krav. Litt grovt kan ein seie at** forskjellen mellom berekna krav (forplikting) og pensjonsmidlar syner noverdien av AFP krava (forpliktningane).

**Fordeling av brutto driftsutgifter per sektor**
Kommunestyret i Herøy gav gjennom budsjettvedtaket for 2012 ei brutto utgifts- og inntektsrame til i alt 20 ulike sektorar/avdelingar.

Dersom vi ser på brutto utgifter per sektor er Skuleavdelinga størst med 19,6% (ned 3,2% i høve til 2011). Deretter kjem Pleie- og omsorgsavdelinga med 18,8% og Barnehageavdelinga og «Overføringsansvaret» med i overkant av 10,0%. Dei andre avdelingane er mindre og ligg på mellom 0,4% og 7,3% av samla brutto driftsutgifter.

Tala i 2012 er litt spesielle i og med at RDA overføringane utgjer ein forholdsvis stor del av bruttoutgiftene i 2012.

Vi kan sette det opp i ein slik tabell: *(alle tal i 1.000 kr)*

| Avdeling | Sum | I prosent |
|---|---|---|
| Folkevalde | 4.469 | 0,73 |
| Adm leiing | 3.709 | 0,61 |
| Servicetorget | 5.437 | 0,89 |
| Fellessekretariatet | 2.465 | 0,40 |
| Økonomiavdelinga | 6.301 | 1,03 |

| | | |
|---|---|---|
| Personal- og org.avdelinga | 8.651 | 1,42 |
| IKT | 5.368 | 0,88 |
| Overføringar til andre | 66.088 | 10,81 |
| Barnehageavdelinga | 63.069 | 10,32 |
| Grunnskuleavdelinga | 119.613 | 19,57 |
| Avd. for barn, familie og helse | 45.232 | 7,40 |
| Pleie- og omsorgsavdelinga | 114.826 | 18,79 |
| Bu- og haviliteringsavdelinga | 44.442 | 7,27 |
| NAV - Sosial og flyktning | 18.245 | 2,99 |
| Kulturavdelinga | 11.602 | 1,90 |
| Utviklingsavdelinga | 8.865 | 1,45 |
| Anleggs- og driftsavdelinga | 34.040 | 5,57 |
| Eigedomsavdelinga | 36.157 | 5,92 |
| Samhandlingsreforma | 12.564 | 2,06 |
| **Sum brutto utgifter** | **611.143,00** | **100,00** |

Frå 2011 til 2012 har brutto utgifter hatt ein vekst på 102,8 mill kr. Om lag 56,0 mill av veksten skuldast ansvaret Overføringar. Dette har med utgiftsføringa av RDA midlane å gjere. I tillegg er ansvaret for Samhandlingsreforma ny i 2012. Fleire av dei store avdelingane har hatt ein vekst i sine bruttokostnadar på meir enn 5,0 mill kr.

*Her er oversikta over brutto driftskostnadar oppsett i grafisk form.*



# Balanseregnskapet

| Tall i 1000 kroner | Note | Regnskap 2012 | Regnskap 2011 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| Faste eiendommer og anlegg | | 646 897 | 636 950 |
| Utstyr, maskiner og transportmidler | | 24 596 | 23 318 |
| Utlån | | 38 194 | 36 284 |
| Aksjer og andeler | | 70 727 | 69 646 |
| Pensjonsmidler | | 513 749 | 470 716 |
| **Sum anleggsmidler** | | **1 294 163** | **1 236 915** |
| | | | |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| Kortsiktige fordringer | | 33 046 | 30 197 |
| Premieavvik | | 28 369 | 16 195 |
| Aksjer og andeler | | 79 541 | 74 901 |
| Sertifikater | | 0 | 0 |
| Obligasjoner | | 0 | 0 |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | | 141 171 | 102 893 |
| **Sum omløpsmidler** | | **282 126** | **224 186** |
| | | | |
| **Sum eiendeler** | | **1 576 289** | **1 461 101** |
| | | | |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| Disposisjonsfond | | -15 847 | -15 276 |
| Bundne driftsfond | | -105 957 | -95 379 |
| Ubundne investeringsfond | | -15 068 | -10 633 |
| Bundne investeringsfond | | -1 631 | -4 957 |
| Endring i regnskapsprinsipp investering | | 0 | 0 |
| Endring i regnskapsprinsipp drift | | -3 071 | -3 071 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | | 0 | 0 |
| Regnskapsmessig merforbruk | | 0 | 2 015 |
| Udisponert i investeringsregnskapet | | 0 | 0 |
| Udekket i investeringsregnskapet | | 0 | 0 |
| Likviditetsreserve | | 0 | 0 |
| Kapitalkonto | | -95 284 | -115 406 |
| **Sum egenkapital** | | **-236 858** | **-242 707** |
| | | | |
| **GJELD** | | | |
| **LANGSIKTIG GJELD** | | | |
| Pensjonsforpliktelser | | -681 350 | -619 458 |
| Ihendehaverobligasjonslån | | 0 | 0 |
| Sertifikatlån | | 0 | 0 |
| Andre lån | | -562 254 | -501 792 |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **-1 243 604** | **-1 121 250** |
| | | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Kassekredittlån | | 0 | -11 503 |
| Annen kortsiktig gjeld | | -90 538 | -81 833 |
| Premieavvik | | -5 289 | -3 808 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **-95 827** | **-97 144** |
| **Sum egenkapital og gjeld** | | **-1 576 289** | **-1 461 101** |

| | | |
|---|---|---|
| Ubrukte lånemidler | 39 328 | -5 657 |
| Andre memoriakonti | 68 | 68 |
| Motkonto for memoriakontiene | -39 396 | 5 589 |
| **Sum memoriakonti** | **0** | **0** |

## Økonomisk oversikt - Drift

| Tall i 1000 kroner | Regnskap 2012 | Regulert budsjett 2012 | Opprinnelig budsjett 2012 | Regnskap 2011 |
|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | |
| Brukerbetalinger | -26 893 | -24 308 | -24 308 | -25 178 |
| Andre salgs- og leieinntekter | -32 507 | -32 020 | -31 220 | -30 658 |
| Overføringer med krav til motytelse | -41 751 | -32 065 | -22 840 | -44 448 |
| Rammetilskudd | -179 116 | -178 600 | -188 500 | -170 147 |
| Andre statlige overføringer | -58 602 | -51 876 | -18 661 | -63 155 |
| Andre overføringer | -850 | -91 | -91 | -526 |
| Inntekts- og formuesskatt | -242 141 | -240 000 | -217 500 | -214 089 |
| Eiendomsskatt verk og bruk | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Eiendomsskatt annen fast eiendom | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre direkte og indirekte skatter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum driftsinntekter** | **-581 862** | **-558 959** | **-503 120** | **-548 201** |
| **DRIFTSUTGIFTER** | | | | |
| Lønnsutgifter | 279 904 | 275 444 | 263 933 | 265 308 |
| Sosiale utgifter | 72 038 | 72 721 | 70 154 | 68 067 |
| Kjøp av v og tjen.som inngår i k. tj. | 73 375 | 58 970 | 58 317 | 72 679 |
| Kjøp av tjenester som erstatter k. tj. | 71 710 | 60 061 | 59 297 | 64 355 |
| Overføringer | 62 143 | 58 132 | 33 960 | 34 802 |
| Avskrivninger | 25 371 | 19 850 | 19 850 | 26 023 |
| Fordelte utgifter | -14 324 | -6 728 | -6 837 | -13 160 |
| **Sum driftsutgifter** | **570 218** | **538 450** | **498 674** | **518 074** |
| **Brutto driftsresultat** | **-11 644** | **-20 509** | **-4 446** | **-30 127** |
| **EKSTERNE FINANSINNT.** | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -10 093 | -11 390 | -13 690 | -12 496 |
| Gevinst finansielle instrument | -5 951 | -3 250 | | -5 493 |
| Mottatte avdrag på lån | -131 | -110 | -110 | -703 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **-16 174** | **-14 750** | **-13 800** | **-18 692** |
| **EKSTERNE FINANSUTG.** | | | | |
| Renteutgifter og låneomkostninger | 18 388 | 22 279 | 22 279 | 17 337 |
| Tap finansielle instruent | 748 | | | 9 609 |
| Avdrag på lån | 18 373 | 18 900 | 18 900 | 19 834 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Utlån | 272 | 110 | 110 | 774 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **37 780** | **41 289** | **41 289** | **47 553** |
| | | | | |
| **Resultat eksterne finanstrans.** | **21 605** | **26 539** | **27 489** | **28 861** |
| | | | | |
| Motpost avskrivninger | -25 371 | -20 740 | -20 740 | -26 023 |
| **Netto driftsresultat** | **-15 410** | **-14 710** | **2 303** | **-27 289** |
| | | | | |
| **BRUK AV AVSETNINGER** | | | | |
| Bruk av tidl. års r.m. mindreforb. | 0 | 0 | 0 | -4 830 |
| Bruk av disposisjonsfond | -6 091 | -6 959 | -3 000 | -1 621 |
| Bruk av bundne fond | -25 419 | -22 208 | -415 | -2 475 |
| Bruk av likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **-31 509** | **-29 167** | **-3 415** | **-8 925** |
| | | | | |
| **AVSETNINGER** | | | | |
| Overført til investeringsregnskapet | 2 045 | 0 | 0 | 2 082 |
| Avsatt til dekn av t. å. r.m. merforb. | 2 015 | 2 015 | 0 | 0 |
| Avsatt til disposisjonsfond | 6 662 | 9 250 | 0 | 0 |
| Avsatt til bundne fond | 36 197 | 32 612 | 1 112 | 36 147 |
| Avsatt til likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum avsetninger** | **46 919** | **43 877** | **1 112** | **38 229** |
| | | | | |
| **Regnskapsm. mer-/mindref** | **0** | **0** | **0** | **2 015** |

## Økonomisk oversikt - Investering

| Tall i 1000 kroner | Regnskap 2012 | Regulert budsjett 2012 | Opprinnelig budsjett 2012 | Regnskap 2011 |
|---|---|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | | | |
| Salg driftsmidler og fast eiendom | -5 172 | -1 250 | -1 250 | -466 |
| Andre salgsinntekter | -128 | -89 | 0 | -3 829 |
| Overføringer med krav til motytelse | -593 | -340 | -340 | -827 |
| Statlige overføringer | -9 | -1 500 | -1 500 | -5 765 |
| Andre overføringer | -6 639 | -700 | 0 | -1 250 |
| Renteinntekter, utbytte og eieruttak | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum inntekter** | **-12 540** | **-3 879** | **-3 090** | **-12 137** |
| | | | | |
| **UTGIFTER** | | | | |
| Lønnsutgifter | 0 | 0 | 0 | 2 |
| Sosiale utgifter | 0 | 0 | 0 | 1 |
| Kjøp av v. og tj som inngår i k. tj. | 40 620 | 128 219 | 112 260 | 35 731 |
| Kjøp av tj som erstatter k. tj. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Overføringer | 4 153 | 200 | 0 | 5 205 |
| Renteutgifter og omkostninger | 5 | 0 | 0 | 0 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Fordelte utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum utgifter** | **44 778** | **128 419** | **112 260** | **40 939** |
| | | | | |
| **FINANSIERINGSTRANSAK.** | | | | |
| Avdrag på lån | 6 896 | 0 | 0 | 3 062 |
| Utlån | 5 328 | 0 | 0 | 5 676 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 1 081 | 8 000 | 8 000 | 951 |
| Dekning av tidl års udekk. merf | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 4 434 | 0 | 0 | 428 |
| Avsatt til bundne fond | 10 | 0 | 0 | 22 |
| Avsatt til likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum finansieringstransaksj** | **17 749** | **8 000** | **8 000** | **10 140** |
| | | | | |
| **Finansieringsbehov** | **49 987** | **132 540** | **117 170** | **38 941** |
| | | | | |
| **FINANSIERING** | | | | |
| Bruk av lån | -40 846 | -131 940 | -116 770 | -32 754 |
| Salg av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidligere års udisp mindref | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån | -3 559 | 0 | 0 | -1 405 |
| Overført fra driftsregnskapet | -2 045 | -100 | -100 | -2 082 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 0 | -300 | -300 | -160 |
| Bruk av bundne fond | -3 537 | -200 | 0 | -2 540 |
| Bruk av likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum finansiering** | **-49 987** | **-132 540** | **-117 170** | **-38 941** |

Referatsaker

Referatsaker

HERØY KOMMUNE
Fellessekretariatet

Skuleavd. her

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2009/801 | B12 | | FEL / HS | 01.09.2010 |

## F-SAK 248/10. KRINSGRENSER OG SKULEVAL.

Vedlagt følgjer F-sak 248/10.

Formannskapet handsama saka i møte 31.08.10 og gjorde slikt vedtak:

1. *Vedteken forskrift om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar, til skal fortsatt vere gjeldande.*
2. *Elevar kan etter søknad takast inn ved annan skule i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og kommunale retningslinjer.*

Hilde Skinnes
e.f.

ei båtlengd føre

Postadr.: P.b. 274 6099 FOSNAVÅG Gateadr.: Rådhusgata 5 6090 Fosnavåg Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 Org.nr.: 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

# HERØY KOMMUNE
**Skuleavdelinga**

# SAKSPROTOKOLL

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | SLR | Arkivsaknr: | 2009/801 |
| | | Arkiv: | B12 |

**Utvalsaksnr** **Utval** **Møtedato**

**KRINSGRENSER OG SKULEVAL**

**Tilråding:**

1. **Vedteken forskrift om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar, til skal fortsatt vere gjeldande.**
2. **Elevar kan etter søknad takast inn ved annan skule i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og kommunale retningslinjer.**

**Møtebehandling:**

Skuleleiar Sølvi L. Remøy møtte.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Formannskapet - 31.08.2010**

1. Vedteken forskrift om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar, til skal fortsatt vere gjeldande.
2. Elevar kan etter søknad takast inn ved annan skule i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og kommunale retningslinjer.

**Saksopplysningar:**
Viser til notat om saka datert 04.05.10, framlagt for formannsskapet 18.05.10. Viser elles til møteprokoll der formannsskapet ber om at administrasjonen legg fram sak angåande retningslinjer for skuleval i Herøy kommune.

Kommunestyret har fastsett krinsgrenser for dei ulike skulane i Herøy kommune, seinast då ny skulestruktur vart vedteken i 2009, ved nedlegging av fleire skular.
I tillegg til å fastsetje krinsgrensene, vart det vedteke eit eige punkt om Bergsøy skulekrins. Sitat: "Endring av krinsgrenser i høve elevar på indre Bergsøy, vert å vurdere seinare i samband med utvikling av utbyggingsområda og kapasitet ved Bergsøy skule".

Administrasjonen har halde seg til vedtekne krinsgrenser ved plassering av elevar ved dei ulike skulane. I enkelte høve har ein etter søknad etterkome ønskje om at elevar får byte skule. Ein har då halde seg til opplæringslova, forvaltningslova og administrative retningslinjer innanfor dette. I tenesteskildringa for grunnskulen på www.heroy.kommune.no/grunnskule/val av skule, står det m.a.:
" Etter søknad kan eleven takast inn ved annan skule enn han/ho høyrer til. Det er opp til kommunen å avgjere om elevar skal få innvilga søknad om skulebyte".

Det har vore svært få søknader om å få byte skule. I dei fleste høve ønskjer foreldra at borna skal vere elevar ved nærskulen, i den krinsen der dei høyrer til. Søknadene om å byte skule har vore relatert til
- sosialpedagogiske forhold, der gjerne sakkunnige har vore inne og gitt tilråding
- familiemessige forhold, der eleven for ein periode skal bu saman med den eine av foreldra eller besteforeldre
- flytting til/frå skulekrins innanfor eit tidsrom på eitt skuleår

Kommunen har hatt ei open haldning til å få byte skule, om det ikkje har medført økonomiske konsekvensar.

Flytting av elevar til annan skule enn nærskulen, får konsekvensar for skuleskyss. Elevar vert innmelde til den skulekrinsen dei høyrer til, og skuleskyss er regulert i forhold til registrert bustadadresse og avstand til skulen. Kommunen leverer skyssliste til busselskapet. I dei høve der eleven har rett på skyss utifrå avstand mellom heim og nærskulen, betaler kommunen kun ordinær billettakst og fylket tar resten av kostnaden.
Om eleven skal gå ved ein annan skule enn nærskulen, må dette handsamast spesielt og etter søknad. Fylkeskommunen dekkjer kostnaden (ut over ordinær billettakst) kun i heilt spesielle høve, t.d. der ein har dokumentert delt foreldrerett i høve skilsmisse.
Elles har kommunen to val:
- Ein kan fråskrive seg ansvar for skuleskyssen til annan skule enn nærskulen, dvs. foreldra må syte for skyss eller betale for busstransport sjølve. Dette gjeld kun dersom kommunen har vedteken forskrift om krinsgrenser.
- Kommunen må ta alle kostnader med skuleskyss.

Flytting av elevar kan også få konsekvensar for økonomisk og personalmessig planlegging:

Når administrasjonen kvar vår tildeler skulane midlar/timar til neste års skuledrift, vert følgjande hovudfaktorar lagt til grunn:
- elevtalet
- enkeltvedtak om spesialpedagogisk opplæring
- minoritetsspråklege elevar med rett til norskopplæring

Å ha oversikt over talet på elevar og kva elevar som skal gå på den enkelte skule, er derfor heilt nødvendig for å kunne ha ei god økonomistyring.
Utifrå dette vert også lærarar og assistentar tilsette.

For skuleavdelinga vil det kunne få store økonomiske konsekvensar om krinsgrensene vert oppheva, og det vert innført såkalla fritt skuleval.
Konsekvensane vil kunne merkast både på auke i skysskostnader og i lønnskostnader.

I enkelte høve er det behov for at elevar får gå på annan skule enn nærskulen for kortare eller lengre tid.
Dei kriteria som i dag er retningsgivande i handsaming av slike søknader, er som følgjer:

1. *Kommunen sine vedtekne krinsgrenser er eit overordna prinsipp*
2. *I visse høve kan ein opne for dispensasjon og innfri byte av skule, t.d. ved at foreldra skal flytte til/frå ny skulekrins innanfor eit skuleår.*
3. *Dersom det ligg føre tungtvegande grunnar med sakkunnig vurdering og tilråding, kan ein elev flyttast til annan skule.*
4. *Byte av skule til ein skule lenger unna enn nærskulen, gir ikkje automatisk rett til gratis skuleskyss. Kommunen sitt skyssreglement er fundamentert på kommunen si forskrift om krinsgrenser.*
5. *Handsaming av søknad om byte av skule vert gjort som enkeltvedtak, med klagerett etter forvaltningslova.*

Viser elles til Opplæringslova §8-1 som seier følgjande:
" Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.
Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.
Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak……" Sitat slutt.

**Vurdering og konklusjon:**

Eit aktuelt døme som kan illustrere situasjonen om ein opphevar vedtekne krinsgrenser og innfører fritt skuleval:
Ein lærar vert tilsett på Moltu skule. Stillinga vert ein kombinasjon av kontaktlærar, samt spesialundervisning 8 timar pr.veke for ein elev med enkeltvedtak. Etter tilsetjinga melder foreldra at denne eleven skal flyttast til Einedalen skule.
Konsekvens:
- Moltu skule har ei 30% stilling for mykje
- Tilsvarande må tilsetjast på Einedalen for å handtere den nye situasjonen

- Kommunen må dekkje skuleskyss

Vi ser denne situasjonen allereie no i forhold til Møre barne- og ungdomsskule, der foreldre fritt kan velje å flytte borna sine til/frå skulen.  Om same rammer skal gjelde for alle skular, vil konsekvensane bli endå større.
Administrasjonen vil frårå at ein opphevar krinsgrensene og innfører fritt skuleval.
For å kunne ha ei god og forutsigbar styring med økonomi og personell, er det ein føresetnad å vite kva elevar som til eikvar tid skal gå på den enkelte skule.
Samtidig ser vi at det i enkelte høve vil vere behov for at elevar får gå på ein annan skule enn nærskulen. Vi meiner at dei kriterie som allereie no er retningsgivande for slik vurdering, er tilstrekkelege.

Administrasjonen vil tilrå å oppretthalde vedteken forskrift om krinsgrenser i Herøy kommunen.
Etter søknad kan elevar takast inn ved andre skular enn nærskulen, utifrå dei kjende kriteria som ligg i retningslinjene.

Fosnavåg, 28.07.2010

Rune Sjurgard
rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
skuleleiar